

Ragnhild Eik

Setningar med possessivt objekt i norsk

Ein nykonstruksjonistisk analyse av setningar
som «ho trakka han på foten»

Masteroppgåve i nordisk språkvitskap
Trondheim, november 2014

NTNU
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for språk og litteratur

*Hjarteleg takk til
Tina Lousie Ringstad Larsen
for gode råd og for korrektur-
lesing på store delar av oppgåva.
Takk til dei som har motivert,
diskutert, halde med selskap og
bode på middag. Og tusen takk aller
mest til Tor Anders Åfarli for klok,
framifrå rettleiing!*

INNHALD

1	INNLEIING	1
1.1	Tema og problemstilling.....	1
1.2	Nykonstruksjonistisk grammatikkteori.....	6
1.2.1	Grammatikalitet og akseptabilitet i nykonstruksjonistisk teori.....	10
2	KROPPSDELAR OG ANDRE UAVHENDELEGE EIGEDOMMAR.....	13
2.1	Uavhendeleg eigedom	13
2.2	Konstruksjonar med uavhendelege kroppsdelnomen	20
2.3	Oppsummering	30
3	TIDLEGARE ANALYSAR AV UAVHENDELEG EIGEDOM	31
3.1	Heine (1997b).....	32
3.2	Guéron (1983, 1985).....	37
3.3	Julien (2005).....	44
3.4	Lødrup (2009a, 2009b).....	48
3.5	Oppsummering	53
4	ANALYSE.....	55
4.1	Analyseverktøy: Áfarli (2007).....	56
4.1.1	Om rammesemantikk og harmoni.....	59
4.2	Analyse av possessivt objekt-setningar	64
4.2.1	Hypotese A.....	64
4.2.2	Hypotese B.....	67
4.2.3	Hypotese C.....	68
4.3	Om semantikk i nykonstruksjonistisk teori	91
4.4	Oppsummering	101
5	KONKLUSJON	103
	LITTERATURLISTE.....	105
	SAMANDRAG	109

1 INNLEIING

1.1 Tema og problemstilling

Eit overordna tema i denne oppgåva er måten språket behandlar ord som viser til kroppsdelar og andre *uavhendelege eigedommar* («inalienable possessions») på. Dette var utgangspunktet for arbeidet, som etter kvart har snevra seg inn til å legge hovudvekt på analysen av éin bestemt setningskonstruksjon. Nokre døme på denne konstruksjonen er:

- (1) a. Eg kitla ho på armen
- b. Eg trakka han på foten
- c. Eg slo Ola i hovudet

Slike setningar kallar eg «possessivt objekt-setningar», i tråd med terminologien i *Norsk referansegrammatikk* (Faarlund et al. 1997:719-20), fordi dei har eit objekt som blir tolka som eigar av kroppsdelnomenet i setninga. I setningane over er det *ho*, *han* og *Ola* som blir tolka som eigarar av *armen*, *foten* og *hovudet*. Det kan såleis seiast å vere ein semantisk possessivrelasjon mellom objektet og kroppsdelnomenet i slike setningar.

I grammatikkstudiet blir kroppsdelord gjerne behandla under omgrepet «inalienable possession». På norsk brukar eg termen *uavhendeleg eigedom*, som eg har plukka opp frå Marit Julien¹. I lag med ord for slektningar og ord som står i del-heile-relasjonar til kvarandre, utgjer kroppsdelord kjernen av såkalla uavhendelege eigedommar. Slike ord denoterer ting som blir sagt å ha ein ibuande relasjon til noko anna², og som det går fram av termene «inalienable possession» og *uavhendeleg eigedom*, er dette også ting som det er vanskeleg å kvitte seg med. Ein kroppsdel vil gjerne ha ein nær relasjon til ein kropp. Ein bror vil ha ein nær relasjon til den han er bror til, og kan ikkje enkelt slutte å vere bror hans.

Uavhendelege eigedommar får også ofte særbehandling i grammatikken. Nokre døme på dette frå norsk kan vi sjå i (2) og (3).

¹ *Språkteigen* i nrk p2, 17.02.13.

² Ei kort problematisering av dette kjem eg til i kapittel 2.1 under det som handlar om *relasjonelle nomen*.

- (2) a. mor mi
b. bror min
c. *kopp min
d. *hus mitt

- (3) a. eg trakka han på foten
b. *eg trakka han på lampa

Vi kan seie *mor mi* og *bror min*, utan å nytte definitt etterhengt artikkel, men med nomen som ikkje viser til slektningar, som i *koppen min* og *huset mitt*, må vi ha med den definitive etterhengte artikkelen. Vidare kan vi seie *eg trakka han på foten*, med eit kroppsdelnomen i preposisjonsfrasen, men ikkje **eg trakka han på lampa* med ein annan type nomen i preposisjonsfrasen (sjølv om både *eg trakka på foten hans* og *eg trakka på lampa hans* er akseptable). Vi kan heller ikkje tolke *foten* i (3)a som ein kroppsdel som ikkje heng fast i objektet *han*; denne kroppsdelen kan ikkje tolkast *avhendeleg* for objektet. Til samanlikning kan *føtene* i *Ola står på føtene* tolkast enten som *avhendelege* eller *uavhendelege* for *Ola*.

Når det gjeld kroppsdelar, kan vi altså skilje mellom *avhendelege* kroppsdelar, som er dei som har ein sjølvstendig eksistens utan at dei er relaterte til ein bestemt kropp, og *uavhendelege* kroppsdelar, som er dei som er relaterte til ein bestemt kropp³. På setningsnivå vil skiljet mellom *avhendeleg* og *uavhendeleg* tolking av kroppsdelnomenet handle om om kroppsdelnomenet semantisk blir tolka som ein del av («eigd» av) eit anna argument i setninga, eller ikkje. I ei setning som *Kari syg på tommelen* er både ei *avhendeleg* og ei *uavhendeleg* lesing av kroppsdelnomenet *tommelen* tilgjengeleg. Tolkingane er markerte med indeksar i setningsparet i (4).

- (4) a. Kari_i syg på tommelen_i (uavhendeleg tolking)

³Bruken av termen *avhendeleg* er meir uklar enn mottermen *uavhendeleg*. Uklarheita handlar om at *avhendeleg* og *uavhendeleg* («alienable» og «inalienable») ofte blir nytta i samanheng med grammatisk eigedom. Då vil *avhendelege* eigedommar vere nomen som er sette i ein grammatisk eigedomsrelasjon til noko eller nokon, og der denne eigedomsrelasjonen enkelt kan avsluttast. Eit døme er *boka mi*. *Uavhendelege* eigedommar vil vere nomen som står i ein grammatisk eigedomsrelasjon til noko eller nokon, og der denne eigedomsrelasjonen *ikkje* enkelt kan avsluttast. Eit døme er *mor mi*. På bakgrunn av dette skiljet kunne ein velje å bruke *avhendeleg* berre når ein grammatisk eigedomsrelasjon er etablert, slik som i *boka mi*, og ikkje generelt om alt som ikkje står i ein *uavhendeleg* relasjon, slik det er for *bok* i *eg las ei bok*.

Over har eg derimot brukt *avhendeleg* om alt som ikkje er *uavhendeleg*, enten ein grammatisk eigedomsrelasjon er etablert eller ikkje. Denne måten å bruke *avhendeleg* på er samanfalle med måten Heine (1997b:10) brukar omgrepet på i følgjande sitat: «Items that cannot normally be separated from their owners are inalienable, while all others are alienable» (Heine 1997b:10). Den terminologiske uklarheita handlar også om at *avhendeleg* og *uavhendeleg* har blitt brukt både om nomen og om relasjonar mellom nomen (Heine 1997b:17). I denne oppgåva vil termane bli nytta på begge desse måtane, men det vil gå fram av samanhengen korleis dei skal oppfattast. Oppfatninga av *avhendelegheit* og *uavhendelegheit* som karakteristikkar av bestemte nomen eller av relasjonen mellom nomen, har ingen konsekvens for dei grammatiske analysane eg foreslår i oppgåva.

b. Kari_j syg på tommelen_k (avhendeleg tolking)

I (4)a er *tommelen* ein del av *Kari*. I (4)b kan *tommelen* vere heilt sjølvstendig og kanskje laga av plast eller sjokolade, eller han kan vere ein del av nokon som ikkje er *Kari*. For denne siste setninga er det relevante poenget, kan ein hevde, ikkje om kroppsdelene er uavhendeleg for nokon andre, men at han er ikkje er uavhendeleg for *Kari*. Når eg brukar *uavhendeleg* om eit kroppsdelnomen i denne oppgåva, vil det innebere at kroppsdelnomenet semantisk blir tolka som del av («eigd» av) eit bestemt argument i ei setning eller i ein nominalfrase. Når eg brukar *avhendeleg*, vil det innebere at kroppsdelnomenet ikkje blir tolka som del av («eigd» av) eit bestemt argument i ei setning eller i ein nominalfrase.

Possessivt objekt-konstruksjonen (heretter også PO-konstruksjonen) som er eksemplifisert i (1) ser ut til å vere ein konstruksjon der kroppsdelnomenet nødvendigvis må bli tolka som uavhendeleg for objektet i setninga. I ein del tidlegare analysar av denne og tilgrensande konstruksjonar har ein foreslått syntaktiske mekanismar som skal spegle det semantiske skiljet mellom avhendeleg og uavhendeleg tolking (Deal, blir publisert). På den måten blir også skiljet mellom avhendeleg og uavhendeleg eigedom for somme teoretikarar forstått som eit fundamentalt grammatisk skilje. Etter eit nærmare blick på sjølve fenomenet *uavhendeleg eigedom* (kapittel 2), og på tidlegare analysar som tar for seg ulike sider ved dette grammatiske fenomenet (kapittel 3), konkluderer eg med at den grammatiske statusen til skiljet mellom avhendeleg og uavhendeleg eigedom er uklar. I analysen av PO-konstruksjonen som eg legg fram i kapittel 4, er formelle mekanismar som skil mellom avhendeleg og uavhendeleg tolking av kroppsdelnomenet, derfor mindre sentrale enn det som har vore tilfellet i ein del tidlegare analysar.

Eit moment som gjer det interessant å undersøke nettopp PO-konstruksjonen i norsk, er følgjande sitat frå Faarlund et al. (1997:719):

Denne uttrykksmåten er relativt avgrensa i bruk. Han kan brukast helst når verbet likevel er transitivt, og possessivleddet samstundes kan oppfattast som eit vanleg objekt. [...] I moderne norsk er det vanlegare å bruke preposisjonsfrase med *på* i staden for possessivt objekt.

Det som blir hevda her, er at innhaldet i PO-setningar som dei i (1) helst blir uttrykt som *eg kitla på armen på ho*, *eg trakka på foten på han* og *eg slo i hovudet på Ola* i moderne norsk. Sjølv om det at ein heller brukar preposisjonsfrase med *på* enn possessivt objekt, vil stemme i ein del samanhengar, stemmer det ikkje alltid, og dei eg har spurt, er samde om at det ikkje stemmer for

setningane eg har vist til her. Det vitnar om at konstruksjonen har ein meir sentral plass i den norske grammatikken enn det Faarlund et al. (1997) går ut ifrå.

PO-setningar har parallellar i mange av verdas språk, og dei har fått fleire ulike analysar. Den norske varianten skil seg likevel frå t.d. den engelske og den franske varianten, så analysane som finst, kan ikkje smertefritt overførast frå eit språk til eit anna. I tillegg bygger analysane som er blitt gjorde, på ulike teoretisk rammeverk. Eg vil tidleg i oppgåva (delkapittel 1.2) argumentere for ei nykonstruksjonistisk tilnærming til grammatikk.

Problemformuleringa eg arbeider ut ifrå, er så følgjande:

Problemformulering

- (5) Kva er den mest adekvate syntaktiske og semantiske analysen av norske setningar som dei i (i) og (ii)?
- i. Eg slo ho i magen
 - ii. Eg trakka ho på foten

Dette er ei svært stor problemformulering, som vil måtte brytast ned i mindre problem. Gjennom oppgåva formulerer eg ei rekke slike underproblem etter kvart som dei blir relevante. Nokre døme på underproblem er kva type objekt *ho* i setningane over er, kvifor kroppsdelnomenet blir tolka som ein del av (altså uavhendeleg for) objektet og ikkje subjektet i slike setningar, og kva det er som gjer at berre ganske få verb kan danne denne typen setningar.

Masteroppgåva mi vil vere ei reint teoretisk oppgåve der hovudmålet er å foreslå ein god analyse for denne setningstypen på bakgrunn av grammatiske særtrekk som eg presenterer. Setningane eg brukar, har eg henta frå den lingvistiske litteraturen, plukka opp i samtalar eller eg har laga dei sjølv. Noka større empirisk kartlegging av kroppsdelsetningar med akseptabilitetsvurderingar eller andre typar testar er derfor ikkje gjort. For kvar eksempelsetning eg nyttar i oppgåva, har eg likevel konsultert minst tre-fire morsmålsbrukarar av norsk, for å sikre at det er ein viss konsensus om akseptabilitetsvurderingane eg set⁴.

Den einaste tidlegare analysen eg kjenner til av PO-setningar i norsk, er Lødrup (2009b). Denne analysen vil bli gjennomgått i delkapittel 3.4 og også kritisert på nokre punkt. Som eit alternativ til denne analysen tar eg utgangspunkt i Åfarli (2007) og analysen han gir av setningar som den i (6).

⁴ Merk også at både PO-setningar og andre setningar med kroppsdelnomen ofte kan vere vanskelege å gi klare vurderingar av. Vil ein t.d. kunne seie *eg såg ho på foten* og *en finger på henne måtte de operere* (denne siste er ei setning frå Lødrup (2009a) som er markert med to spørsmålsteikn)?

(6) De pisser oss god samvittighet oppetter ryggen (Åfarli 2007:13)⁵

PO-setningar som dei i (1) og ditransitive resultatative setningar som den i (6) har mykje til felles. Mellom anna har dei begge eit kroppsdelnomen i ein PP sist i setninga som blir tolka som uavhendeleg for objektet i setninga. Åfarli peikar såleis på at «the ditransitive-resultative frame typically accommodates a very restricted type of interpretation, i.e. an interpretation where the indirect object is the owner of the (inalienable [sic.]) body-part referred to in the resultative PP» (Åfarli 2007:13). Dette er eit interessant utgangspunkt for analysen av PO-setningar, og løysinga eg til slutt vil lande på, er at PO-setningane i (1) har den same syntaktiske strukturen som dei ditransitive resultatative setningane hos Åfarli (2007). Skilnaden mellom PO-setningane og dei ditransitive resultatative setningane vil vere at PO-setningane har eit implisitt småsetningssubjekt, medan dei ditransitive resultatative setningane har eit eksplisitt småsetningssubjekt.

Åfarli (2007) har ei nykonstruksjonistisk tilnærming til grammatikk. Dette er også tilnærminga eg vil ha i denne oppgåva, og i 1.2 presenterer eg hovudtrekka i den nykonstruksjonistiske retninga.

Eg vil ha ei open tilnærming til problemstillinga (5). Derfor startar eg i kapittel 2 og 3 med å plassere den norske PO-konstruksjonen i ein større samanheng. I kapittel 2 ser eg først på det litteraturen seier om fenomenet *uavhendeleg eigedom*. Vidare i det same kapittelet gir eg eit lite oversyn over norske konstruksjonar der vi har eit kroppsdelnomen som blir tolka som uavhendeleg for eit anna argument i setninga. Her jamfører eg også kort med parallelle konstruksjonar i andre europeiske språk. Alle konstruksjonane eg presenterer her, er blant dei eg presenterer tidlegare analysar av i kapittel 3, enten frå norsk, fransk eller engelsk. Kapittel 2 vil på den måten også tene som ein introduksjon til analysane i kapittel 3.

I kapittel 3 går eg gjennom fire utvalde arbeid som tar for seg konstruksjonar med uavhendelege eigedommar. Analysane viser ulike måtar uavhendeleg eigedom har blitt behandla på, der PO-konstruksjonen er blant konstruksjonane som blir behandla. Dette er ei heterogent samansett samling av analysar, både når det gjeld det teoretiske utgangspunktet dei har, og aspekta ved uavhendeleg eigedom som dei fokuserer på. Her går eg også gjennom analysar eg

⁵ Setninga er basert på den autentiske setninga «Slik har det seg at Disney og andre økonomiske ulver stadig glefser etter våre lommebøker og pisser oss god samvittighet opp etter ryggen» frå Bringsværd (1991:81), sitert i Brøseth (1997:30).

ikkje skal bruke vidare, men som er tekne med i håp om i gi ei djupare forståing av det større fenomenet *uavhendeleg eigedom*.

I kapittel 4 legg eg fram mitt forslag til analysen av PO-setningar. Dette kapittelet utgjer hovuddelen av oppgåva. Til sist i kapittelet ser eg på nokre utfordringar knytte både til analysen eg sjølv foreslår, og til det teoretiske rammeverket eg nyttar.

I kapittel 5 følgjer ei oppsummering og ein konklusjon på problemstillinga for oppgåva.

1.2 Nykonstruksjonistisk grammatikkteori

Konstruksjonistiske grammatikkteoriar finn vi både innanfor kognitivt orientert grammatikk og generativt orientert grammatikk. Felles for konstruksjonistiske teoriar er det i følge Brøseth (2007) at «[t]hey do not constitute a uniform theoretical framework, but they all share one vital assumption, namely that the syntactic constructions in a language carry meaning independently of the words in the lexicon» (Brøseth 2007:81). Dei konstruksjonistiske teoriane vektlegg altså den syntaktiske konstruksjonen i seg sjølv som ein berar av meining. I denne oppgåva har eg ei generativ konstruksjonistisk tilnærming som utgangspunkt, der eg først og fremst baserer meg på Åfarli (2007), men også på tilgrensande teoriar og arbeid som Borer (2005a; 2005b), Brøseth (2007), Lohndal (2014) og Nygård (2013). Generative konstruksjonistiske har gjerne blitt kalla *nykonstruksjonistiske* («neo-constructionist») (Borer 2003:32).

Innanfor generativ grammatikk kan vi trekke opp eit skilje mellom konstruksjonistiske (exo-skeletale) teoriar og leksikalistiske (endo-skeletale) teoriar (Borer 2005a). Tradisjonelle leksikalistiske analysar, som er dei vanlegaste innanfor både styrings- og bindingsteorien (*Government and Binding Theory*) (Chomsky 1981) og minimalismeprogrammet (*Minimalist Program*) (Chomsky 1995), utgjer kjernen i det generative paradigmet. Innanfor leksikalistiske teoriar går ein ut frå at det ligg lagra syntaktisk informasjon i dei leksikalske elementa eller orda. Her er ein grunnleggande hypotese at den syntaktiske strukturen – konstruksjonen – spring ut av dei leksikalske elementa. Innanfor konstruksjonistiske teoriar går ein på si side ut frå at den syntaktiske strukturen blir generert heilt uavhengig av leksikalske element. Syntaktisk struktur er separert frå leksikonet, eit syn som også blir referert til som «separationism» (Harley & Noyer 1999; Nygård 2013). I konstruksjonistisk teori blir dei leksikalske elementa sette inn i strukturen

først etter at strukturen er ferdiggenerert, og ein går dermed ut frå sein leksikalsk innsetting («late lexical insertion»).

At den syntaktiske strukturen har ulikt opphav i leksikalistisk og konstruksjonistisk generativ teori, handlar meir konkret om synet på argumentstruktur. Innanfor leksikalistisk teori vil ein snakke om intransitive, transitive og ditransitive verb, som *danse*, *ete* og *sende*, som er lagra høvesvis med ein intransitiv, ein transitiv og ein ditransitiv argumentstruktur. Verba, og strukturen som ligg lagra i dei, er dermed grunnlaget for at vi kan lage setningar som dei i (7), i følgje det leksikalistiske utgangspunktet.

- (7) a. Eg dansar
- b. Kari et graut
- c. Ola sender Kari kanelen

Ei potensiell utfordring for leksikalistiske teoriar er verb som tilsynelatande har fleire moglege argumentstrukturar. Åfarli (2007) peikar mellom anna på at eit verb som *danse* kan finnast i setningar som har alle dei tre strukturane over, og fleire til. Døma til Åfarli (2007:9-13) er gjevne i (8).

- (8) a. Per dansa
- b. Per dansa Marit/ein vals
- c. Per dansa Marit ein vals
- d. Per dansa valsen i ryggen på Ola
- e. Per dansa Ola valsen i ryggen

Frå ein tradisjonell leksikalistisk ståstad kan denne typen data forklarast på to måtar, ifølgje Brøseth (2007). Enten har vi fem ulike verb *danse*, som altså gir oss i alt fem ulike syntaktiske strukturar, eller vi har berre eitt verb *danse*, som har ei fast og fleire valfrie theta-roller⁶ (Brøseth 2007:69).

Den nykonstruksjonistiske løysinga på dataa over vil derimot vere å seie at verb ikkje har argumentstruktur i det heile. Dei syntaktiske strukturane eksisterer uavhengig av verba og dei andre leksikalske elementa i setninga. I staden for å seie at verb *har* argumentstruktur som dei projiserer, seier ein her at verb *får* argumentstruktur når dei blir sette inn i ein ferdiggenerert struktur. I staden for å seie at vi har intransitive, transitive og ditransitive verb, vil ein i teorien i Åfarli (2007) altså seie at vi har intransitive, transitive og ditransitive strukturar. Ettersom dei

⁶ Theta-roller er semantiske roller som *agens*, *patiens*, *benefisient* osv. som ligg lagra i verbet, og som må delast ut til argumenta i setninga.

leksikalske elementa er utan formell grammatisk informasjon, vil ein vidare hevde at grammatikken eller syntaksen som system i utgangspunktet ikkje set grenser for kva leksikalske element som kan settast inn i dei ulike strukturane. I ein slik teori er den syntaktiske fridommen til *danse* i (8) venta⁷.

Dei to tilnærmingane som er blitt skisserte her, den konstruksjonistiske og den leksikalistiske, utgjer i røynda to ytterpunkt i eit kontinuum av ulike grammatiske tilnærmingar, som varierer i kva grad dei postulerer syntaktisk informasjon i dei leksikalske elementa (Lohndal 2014:11). Dei nykonstruksjonistiske teoriane eg står meg på i denne oppgåva, plasserer seg langt ute på den konstruksjonistiske enden av skalaen ettersom all syntaktisk informasjon her er fjerna frå leksikonet. Borer (2005a) går ut frå at leksikalske element heller ikkje er lagra med grammatiske kategoriar, som vil seie at eit ord ikkje lagra som t.d. eit verb eller eit nomen. Også Åfarli (2007) ser ut til å gå ut frå dette, sjølv om det ikkje blir poengtert og utarbeidd i dei syntaktiske strukturane hans. I denne oppgåva vil eg for enkeltheits skuld snakke om verb og ord på meir tradisjonelt vis, sjølv om eg er klar over denne meir utvikla teoretiske analysen.

Argumenta for den nykonstruksjonistiske grammatikktilnærminga dreier seg gjerne om kreative aspekt ved språket. Eit første argument gjeld det vi har sett tidlegare, nemleg at eit verb som *danse* kan brukast i mange forskjellige strukturar, og på både vande og uvande måtar. I ein teori som den konstruksjonistiske, der alle verb formelt sett kan brukast i alle syntaktiske konstruksjonar, er dette venta. I ein leksikalistisk teori, der den syntaktiske strukturen ligg lagra i verbet på førehand, er dette uventa.

Eit anna kreativt aspekt ved språket er at ein kan ta eit ord som truleg aldri før har vore nytta som eit verb, og nytte det som verb, om ein vil:

(9) Pene jenter i TV2 værers solskinn og regn. (Åfarli 2007:7)

At konstruksjonane eksisterer uavhengig av dei leksikalske elementa og er utstyrte med ein eigen semantikk, viser også det at vi kan lage oss eit verb, som *flufle*, sette det inn i ein konstruksjon, som t.d. den ditransitive, og med eitt få ei kjensle av kva verbet tyder.

(10) X flufle Y ein Z.

⁷ Konstruksjonar med uavhendelege kroppsdelsnomen har ofte eit argument meir enn det verbet elles tar, slik dette blir forstått i leksikalistisk teori. Eit døme er setninga *de stakk ham en dolk i ryggen*, der *stikke* tar eit indirekte objekt sjølv om *stikke* elles blir forstått som eit transitivt verb. For leksikalistiske teoriar er dette ei utfordring, og i Lødrup (2009a:236) er det ein leksikalisk regel som blir foreslått som løysing. Konstruksjonistiske teoriar slepp unna denne problematikken, og har sånn sett eit godt utgangspunkt for å analysere slike setningar.

I (10) ser *flufle* ut til å få ein slags transaksjonssemantikk frå den ditransitive syntaktiske strukturen^{8,9}.

Brøseth (2007) viser vidare til Saeed (1997), som peiker på at det ofte er først når eit ord blir gitt ein struktur og ein kontekst, at vi heilt klarar å fange meininga til ordet (Brøseth 2007:85). I dei nykonstruksjonistiske teoriane er tanken så at dei leksikalske elementa er ustrukturerte massar som blir strukturerte og gjevne si veldefinerte tyding av den syntaktiske strukturen dei blir sette inn i. Leksikalske element er heilt utan strukturell informasjon, men viser heller til ein konseptuelle masse, som Brøseth forstår som «a complex arrangement of knowledge and beliefs (scientific information, personal experiences, assumptions, images and former observations)» (Brøseth 2007:84). Meir om korleis vi skal forstå dette kjem eg til i 4.3.

Her er det til sist verdt å merke seg at argumentasjonen for ei konstruksjonistisk tilnærming til grammatikk er så godt som den same i kognitivt orienterte konstruksjonistiske teoriar (som er dei ein gjerne referer til som konstruksjonsgrammatikk) som i generativt orienterte teoriar (samanlikn til dømes argumenta i Johnson og Goldberg (2013) og Åfarli (2007)). Skilnaden mellom dei er at konstruksjonsgrammatikarar som Goldberg går ut frå at heile konstruksjonar ligg lagra, på same måte som ord, medan generative konstruksjonsgrammatikarar går ut frå at konstruksjonane blir bygde opp i eit generativt system (Lohndal 2014:11, fn. 9).

Som eg har vist her, vektlegg nykonstruksjonistisk teori at syntaktiske strukturar er berarar av meining, og at leksikalske element er utan formell syntaktisk informasjon. Dette opnar for stor kreativitet i måten vi brukar dei leksikalske elementa på. I ein slik teori er det venta at ulike leksikalske element skal kunne opptre i mange ulike syntaktisk strukturar og posisjonar – det formelle syntaktiske systemet set ikkje grenser for kva leksikalske element som kan stå kor. Utfordringa for nykonstruksjonistisk teori er så å gjere greie for tilfella der det likevel ser ut til å vere grenser for kva element som kan stå i kva omgjevnader, slik vi brukar språket i det daglege. Kvifor står ikkje alle leksikalske element like godt i alle konstruksjonar, trass i at grammatikken som system opnar for at dei kan det?

⁸ Her ser vi også at grammatiske element som artikkelen «ein» blir forstått som del av det formelle syntaktiske inventaret, eller meir presist som «manifestations of functional structure» (Brøseth 2007:85). Det er det formelle syntaktiske inventaret som formar og gir spesifikk meining til dei andre ustrukturerte leksikalske elementa.

⁹ Johnson og Goldberg (2013) slår også fast, på bakgrunn av eit eksperiment med m.a. den ditransitive konstruksjonen i engelsk, at sinnet hentar fram den inherente meininga til ein konstruksjon automatisk, det vil seie raskt og utan refleksjon.

1.2.1 Grammatikalitet og akseptabilitet i nykonstruksjonistisk teori

Sjølv om leksikalske element er utan formelle syntaktiske spesifikaasjonar, er det klart at måten vi brukar dei på, er prega av konvensjon. Vidare er det også klart at det semantisk-konseptuelle innhaldet dei leksikalske elementa er forbundne med, legg føringar på korleis elementa kan brukast. Åfarli skriv følgjande om meiningsinnhaldet i verb:

There is no doubt that a (main) verb is generally associated with a very rich semantic-conceptual meaning, including what is called semantic roles, lexical meaning, encyclopedic meaning and connotative meaning. (Åfarli 2007:14)

Når eit leksikalsk element blir sett inn i ein syntaktisk struktur, er det denne typen meiningsinnhald strukturen skal forme og strekke på og få til å passe med dei semantiske føringane strukturen sjølv legg. I utgangspunktet kan alle leksikalske element settast inn i alle syntaktiske rammer, men om meininga i det leksikalske elementet er for fjern frå det strukturen forsøker å forme ho til, resulterer det i dårlege setningar. Borer (2005a) skildrar denne prosessen slik:

The more the conceptual system stretches, the more the utterance will appear odd, and at times, the oddity may be so extreme that it becomes difficult to distinguish from a straight-forward case of ungrammaticality, where by ungrammaticality I would like to refer exclusively to the effect created by the violation of formal computational principles.
(Borer 2005a:11-12)

Vi ser også at Borer foreslår å bruke «ugrammatikalsk» berre om setningar som bryt med formelle komputasjonelle prinsipp, som vi her kan forstå som setningar som ikkje er velforma reint syntaktisk. I (11) og (12) er det døme på setningar som er syntaktisk velforma, gitt den nykonstruksjonistiske definisjonen av kva som er syntaktisk velforma, men som likevel ikkje er gode norske setningar.

- (11) *Kari gjekk Ola
- (12) *Kari legg

Ein leksikalistisk teori ville klassifisere (11) og (12) som ugrammatikalske fordi *gå* er eit intransitivt verb og *legge* er eit transitivt verb. Denne typen informasjon om verba er del av det formelle komputasjonelle systemet i leksikalistisk teori. I nykonstruksjonistisk teori, derimot, er verba heilt utan slik formell informasjon. Ein viktig konklusjon ein må trekke frå dette, er at setningane over *ikkje* er ugrammatikalske; årsaka til at setningane er dårlege norske setningar, er *ikkje* at dei bryt med formelle syntaktiske prinsipp.

I nykonstruksjonistisk teori kan eit svar på kvifor (11) og (12) er uakseptable norske setningar, i staden vere at det semantisk-konseptuelle innhaldet i verba *gå* og *legge* blir strekt for langt av dei syntaktiske strukturane dei er sette inn i, jf. sitatet frå Borer (2005a). Samstundes er det også slik at om ein dveler lenge nok ved ei setning som t.d. den i (11), finn ein kanskje ei mogleg tolking for ho likevel, kanskje parallelt med ei engelsk setning som *she walked the dog*. At ei slik tolking ikkje er enkelt tilgjengeleg for den norske setninga *ho gjekk hunden*, handlar truleg om ein kombinasjon av brot på konvensjonar knytte til korleis vi vanlegvis vil nytte verbet *gå*, og disharmoni med meiningsinnhaldet vi vanlegvis legg i det norske *gå*. Semantisk-konseptuell harmoni og språkleg konvensjon er dei to faktorane som i nykonstruksjonistisk teori får avgjere kor akseptable syntaktisk velforma setningar blir (Lohndal 2012b:94). At desse faktorane er avgjerande for at setningar skal framstå som gode, kjenner vi også igjen frå leksikalistiske generative teoriar, jf. *colorless green ideas sleep furiously*. Skilnaden er at desse faktorane må forklare endå fleire forhold i konstruksjonistisk teori enn i leksikalistisk teori, slik som i setningane i (11) og (12). Fleire aspekt knytt til dette, tar eg opp i 4.1.1 og 4.3.

Omgrepa *grammatikalitet* og *akseptabilitet* blir nytta i samanheng med skiljet mellom kompetanse og performanse slik dei blei innført i Chomsky (1965). Det er mange ulike faktorar som spelar inn på vår språklege performanse, der performansen handlar om språket slik det blir ytra og brukt. Det som har blitt kalla «kompetanse», er éin av desse faktorane, der kompetansen er den internaliserte kunnskapen om eit språk som ein «ideal speaker-listener» har. Om alle språkbrukarar var «ideelle», uforstyrra av faktorar som begrensa minne, distraksjonar og så vidare, ville performanse og kompetanse spegle kvarandre. Men ideelle er vi ikkje, vi blir påverka av fleire faktorar når vi brukar språk enn berre den språklege kompetansen vi har. Det er på grunn av dette at lingvisten ikkje enkelt kan trekke slutningar frå performansen (uttrykt t.d. som bedømmingar av setningane i (11) og (12) som dårlege) til kompetansen (Chomsky 1965:3-4). Schütze (1996) siterer Householder (1973:365, fn. 1) som formulerer dette som det lingvistiske paradokset: «[T]he only possible way of determining whether or not a grammar is correct is by consulting the speaker's intuitions, but they are inaccessible» (sitert i Nygård 2013:27).

Gitt denne distinksjonen mellom performanse og kompetanse, må vi forstå Borer (2005a) slik at berre «formal computational principles» er del av den grammatiske kompetansen. At kva som kan reknast som grammatisk og ugrammatisk er definert av teorien om den

grammatiske kompetansen, er eit viktig poeng. Både leksikalistiske og konstruksjonistiske teoriar må hanskast med at setningar som dei i (11) og (12) er dårlege norske setningar. Det er til sist måten desse teoriane er utforma på, som får avgjere om setningane skal klassifiserast som ugrammatikalske eller berre uakseptable.

Ein observasjon eg vil peike på avslutningsvis i dette kapittelet, er at det ofte er langt enklare å sette eit leksikalske element med låg fartstid som verb inn i verbprojeksjonen til ulike syntaktiske strukturar, enn det er å sette godt etablerte verb inn i ulike strukturar. Det er enklare å godta eit verb som *å politie* eller *å flufle* i ei rekke ulike syntaktiske strukturar, og å godta at konteksten og strukturen må gi oss den konkrete tydinga desse «verba» skal ha, enn det er å godta eit verb som *å gå* i uvande strukturar. Dette kan handle både om konvensjonsaspektet og om kor fastsett det konkrete semantisk-konseptuelle innhaldet til verbet er. Eit poeng her er at vi i begge tilfelle kunne snakka om at vanen eller konseptet «projiserer» på den måten at dei legg føringar på kva syntaktiske strukturar vi finn dei i. Måten ein forstår dette på, er avhengig av kva ein legg i «projisere» – kva ein tenker seg at den tradisjonelle syntaktiske termen «projisere» skal vere eit bilete på. For nykonstruksjonistisk teori kan det sjå ut til å vere avgjerande at både konvensjonen og det semantisk-konseptuelle i alle fall kan overstyrast av eit meir rigid syntaktisk system. Nykonstruksjonistiske teoretikarar har altså valt å seie at berre dette siste er del av den formelle grammatiske kompetansen. Om vi verkeleg har ein slik eigentleg grammatisk kjerne som trumfar dei andre faktorane, er eit spørsmål som på bakgrunn av det som har blitt sagt i dette kapittelet, framleis står ope. Kan hende kan det avklarast av andre typar argument, men å gjere greie for slike er denne oppgåva for lita til. I resten av oppgåva er det likevel det at mennesket er utstyrt med ein slik trumfande formell grammatisk kompetanse, eg vil gå ut ifrå.

2 KROPPSDELAR OG ANDRE UAVHENDELEGE EIGEDOMMAR

I første del av dette kapittelet ser eg nærmare på fenomenet *uavhendeleg eigedom* slik det blir presentert i den lingvistiske litteraturen. PO-konstruksjonen og liknande konstruksjonar har ofte blitt analyserte i samband med dette omgrepet, men vi vil samstundes sjå at det grammatisk sett er eit uklart omgrep. I andre del av kapittelet gir eg eit lite oversyn over norske konstruksjonar der vi har eit kroppsdelnomen som blir tolka som uavhendeleg for eit anna argument i setninga. Desse konstruksjonane blir det presentert tidlegare analysar av i kapittel 3, enten av den norske konstruksjonen, eller av tilsvarende konstruksjonar i fransk og engelsk. Denne delen av kapittelet vil såleis også tene som ein introduksjon til kapittel 3. Både kapittel 2 og kapittel 3 har som formål å plassere PO-konstruksjonen i ein større kontekst.

2.1 Uavhendeleg eigedom

I grammatikkstudiet blir *uavhendeleg eigedom* eller «inalienable possession»¹⁰ brukt om ting eller eigenskapar som kan seiast å ha ein ibuande eigedomsrelasjon til noko anna, og der denne relasjonen vanskeleg kan avsluttast. Uavhendelege eigedommar vil typisk vere kroppsdelar, slektningar, ibuande spatiale relasjonar (til dømes toppen på noko, botnen på noko) og del-heile-relasjonar generelt¹¹ (Chappell & McGregor 1996b; Heine 1997b:10). «Eigedommar» som ikkje er uavhendelege, som er dei med lausare relasjonar som enklare kan endrast, er *avhendelege*.

Sjølv om det er arbeidd mykje med uavhendeleg eigedom både typologisk og syntaktisk, er det eit fenomen det ikkje er heilt enkelt å gripe om ettersom det er blitt forstått på ulike måtar i ulike arbeid. I norsk er ikkje uavhendeleg eigedom undersøkt i særleg grad. Brorparten av det som er blitt gjort, av det eg kjenner til, har Helge Lødrup stått for (Lødrup 1999; Lødrup 2009a; Lødrup 2009b; Lødrup 2010; Lødrup 2012). Desse arbeida plasserer seg blant dei syntaktiske arbeida om emnet. Sjå elles Chappell og McGregor (1996b); Deal (blir publisert); Guéron (2006) og Payne og Barshi (1999) for innføring i og oversikt over litteraturen.

¹⁰ Blant dei første arbeida som omtalar fenomenet er Lévy-Bruhl (1914). Termen «aliénable» om grammatisk eigedom skriv seg også frå han (Spanoghe 2001:227).

¹¹ Relasjonen mellom ein person og kroppsdelane hans må òg seiast å vere ein type del-heile-relasjon.

possessiv, men det gjer dei ikkje, jf. **nevø min, *hand mi*. Vi kan med andre ord trekke eit foreløpig skilje mellom det som konseptuelt sett kan kallast uavhendelege eigedommar (*mor, nevø, hand*) og det som grammatisk sett og i ein gitt konstruksjon får spesialbehandling som uavhendelege eigedommar (*mor, *nevø, *hand*).

Det er mykje variasjon både i og mellom språk når det gjeld dei grammatiske fenomena som er blitt plasserte under merkelappen *uavhendeleg eigedom*. For det første varierer det kva grupper av ord som får spesialbehandling i ulike språk. I somme språk er det berre kroppsdelar, i andre språk er det slektningar og ibuande spatiale relasjonar, men ikkje kroppsdelar, i atter andre språk får alle desse spesialbehandling, og så bortetter (Chappell & McGregor 1996a; Heine 1997b:11).

For det andre er det gjerne berre undergrupper av ord i dei ulike kategoriane som blir behandla som uavhendelege. Konstruksjonen i (13) med ord for slektningar er eit godt døme på det; som vi såg, er det berre somme ord for slektningar som får spesialbehandling. Det varierer frå språk til språk, og også frå konstruksjon til konstruksjon, kva undergruppe av ord som får den eine eller den andre behandlinga.

For det tredje får ikkje orda som får spesialbehandling, som ord for kroppsdelar eller slektningar, nødvendigvis den same spesialbehandlinga. Igjen kan vi vise til (13), som berre gjeld ord for slektningar, ikkje kroppsdelar. PO-setningar er på si side ikkje meningsfulle med ord for slektningar, jf. **eg slo han på mora*. Til samanlikning såg vi i (15) at orda for *far* og *hovud* fekk same grammatiske behandling i språket på New Ireland. Sjølv om ord for kroppsdelar og slektningar altså ikkje alltid får same behandling, har det likevel vore vanleg å gå ut frå at begge får behandlinga dei får, i kraft av å vere uavhendelege eigedommar.

For det fjerde kan ein i ein del språk gi det same ordet avhendeleg eller uavhendeleg markering avhengig av relasjonen ein vil uttrykke. I tillegg opererer somme språk med endå finare inndelingar av eigedomsrelasjonar enn berre avhendeleg og uavhendeleg, slik som i fidjiansk. Døme på dette er gjevne i (16).

- (16) a. uluqu
 ‘hovudet mitt’ (uavhendeleg)
 b. kequ ulu
 ‘hovudet mitt som eg skal ete’ (avhendeleg)
 c. noqu ulu
 ‘hovudet mitt som eg skal selje’ (avhendeleg)
 (Lévy-Bruhl 1914:99)

På denne måten kan ein bruke konstruksjonen aktivt for å uttrykke den eine eller den andre relasjonen. Noko liknande ser vi for den norske konstruksjonen i (13), der *mor mi* berre kan gi uavhendeleg tolking, medan *mora mi* er underspesifisert for avhendeleg eller uavhendeleg tolking, sjølv om tolkinga oftast går i uavhendeleg retning. Til dømes kan to journalistar som skal intervjuje to kvinner, som begge er mødrer, omtale desse kvinnene som *mora mi* og *mora di* med avhendeleg tolking. Dei kan ikkje på same måte snakke om kvinnene dei skal intervjuje som *mor mi* og *mor di*; desse siste gir inntrykk av at journalistane snakkar om sine eigne biologiske mødrer og ikkje kvinnene dei skal intervjuje¹⁴.

På bakgrunn av momenta som er tekne opp her, må ein spørje seg kva teoretisk status ein merkelapp som *uavhendeleg eigedom* har. Heine (1997a:87-88) skil ut uavhendeleg eigedom som ein av sju typar eigedom: *physical*, *temporary*, *permanent*, *abstract*, *inalienable (uavhendeleg)*, *inanimate inalienable* og *inanimate alienable*. Stassen (2009:15-20) ser det som ein av fire typar eigedom: *alienable*, *inalienable (uavhendeleg)*, *temporary* og *abstract*. Som Heine poengterer, kan eit engelsk uttrykk med *have* uttrykke alle dei sju typane eigedom som han skil ut, medan ein i andre språk kan trenge ulike strategiar for dei ulike typane eigedom (Heine 1997a:88).

Det er i det heile tatt uklart nøyaktig kva *grammatisk eigedom* er og uttrykker¹⁵, om det er «an independent domain of human conceptualization» som Heine (1997b:25) formulerer det, og det er uklart nøyaktig kva *uavhendeleg eigedom* er. Er det til dømes grunnlag for å seie at ei PO-setning som *eg trakka han på foten* eller setninga *Kari syg på tommelen* med uavhendeleg lesing har noko med grammatisk eigedom å gjere i det heile?

Voeltz (1976) argumenterer for at uavhendeleg eigedom ikkje er grammatisk relevant tverrlingvistisk, men at del-heile-relasjonen derimot er det. Eit av argumenta til Voeltz baserer seg nettopp på PO-konstruksjonen, der han peiker på at dersom det er del-heile-relasjonen som er den relevante, forklarar det kvifor berre setninga i (17) er velforma. Dersom uavhendeleg eigedom var den relevante faktoren, slik det gjerne blir hevda, skulle (17)c også vere grammatikalsk.

¹⁴ Dette dømet er omarbeidd frå Barker (2011), som observerer at *John's brother* kan gi både avhendeleg og uavhendeleg tolking i engelsk.

¹⁵ At *eigedom* eller «possession» ikkje eigentleg er dekkande termar for fenomenet, oppdagar ein så snart ein opnar ei bok om emnet. På norsk ville kanskje *tilhøyrse* vere meir dekkande for dei semantiske relasjonane possessivmarkeringar uttrykker. Fleire, spesielt tilhengarar av lingvistisk «localism» (Gruber 1965; Jackendoff 1983), har forsøkt å redusere «possession» til «location».

- (17) a. I touched John on the/his cheek
 b. *I touched John on the/his chair
 c. *I touched John on the/his sister
 (Voeltz 1976:265)

Heine (1997b) siterer Fox (1981) som også foreslår å gi merkelappen *uavhendeleg eigedom* på båten ettersom «it is neither necessary nor sufficient to explain the syntactic phenomena observed» (Fox 1981:323 i Heine 1997b:20). Heine avviser på si side Voeltz sitt forslag om at det er del-heile-relasjonen, og ikkje uavhendeleg eigedom, som den mest relevante faktoren, ved å vise til alle språka som faktisk har lik morfologisk markering av typisk uavhendelege eigedommar, også av dei som ikkje er del-heile-relasjonar (Heine 1997b:19-20). Eit døme på dette såg vi i (15), der *hovud* («ulu») og *far* («tama») fekk same possessivmarkering sjølv om berre *hovud* også står i ein del-heile-relasjon til eigaren av hovudet. Del-heile-relasjonar åleine kan ikkje gjere greie for denne typen possessivstrategiar, som er vanlege i verdas språk, slår Heine fast. Til dette kan det leggst til at del-heile-relasjonen heller ikkje kan gjere greie for skilnaden i akseptabilitet mellom (18)a og (18)b.

- (18) a. ??Eg slo lampa i skjermen
 b. Eg slo jenta i magen

Heine (1997b) sitt prosjekt, som eg presenterer i 3.1, er å forklare utviklinga av ulike grammatiske strategiar gjennom den *pragmatiske verdien* som ulike «eigedommar» har. Sånn sett kan vi seie at Heine grupperer saman ord som har lik pragmatisk verdi, ein verdi dei ifølgje han har fordi dei konseptuelt sett er uavhendelege. Andre har forstått skiljet mellom avhendeleg og uavhendeleg som eit meir fundamentalt grammatisk skilje.

Diskusjonen om kva merkelapp som er den mest dekkande og forklarande for dei grammatiske fenomena eg har vist døme på her, handlar altså i stor grad om kva status denne merkelappen skal ha i teorien. Skal han seie oss noko «sant» om kva distinksjonar som er viktige i menneskeleg språk, på linje med til dømes [+/- animat]? Skal han kan hende også seie noko som gjeld universelt, i *alle* språk? Eller skal merkelappen *uavhendeleg eigedom* berre brukast som ein nyttig typologisk merkelapp?

Dei språklege fenomena som har blitt behandla under *uavhendeleg eigedom*, har også blitt behandla under andre omgrep. Her vil eg kort presentere det som handlar om *relasjonelle nomen* og «*external possession*».

Relasjonelle nomen er slike som *venn, mor, nabo* og *botn*, som har ein ibuande relasjon til noko eller nokon. Innleiingsvis i denne oppgåva blei ein liknande karakteristikk som for relasjonelle nomen gitt for uavhendelege eigedommar meir generelt. Men om vi samanliknar eit nomen som *mor* med eit nomen som *hand*, oppdagar vi at påstanden om ein ibuande relasjon kan hende berre er dekkande for det første. Til dømes kan vi tenke oss at vi lagar leirefigurar av ei hand og ei mor. Figuren av ei hand vil ha forma til i hand, figuren av ei mor vil ha forma til ei dame eller eit anna kvinneleg individ (dyr, fisk, skrømt) som kan ha barn. Det er først når det kvinnelege individet blir sett i ein moderleg relasjon til eit barn, at det blir ei mor. I ordet *mor* er det altså sjølve relasjonen som er blitt leksikalisert. I *hand* ser derimot forma ut til å vere viktigare enn sjølve relasjonen handa eventuelt har til ein kropp.

Barker (2011) peikar på at berre relasjonelle nomen kan ta eit postnominalt *of*-possessiv i engelsk (sjølv om det òg finst konseptuelt sett relasjonelle nomen som ikkje kan det (*ibid*:1111-1112)), jf. *the sister of John, ??the cloud of John*. Barker nemner ikkje kroppsdelnomen i denne oversynsartikkelen om relasjonelle nomen, men vi legg merke til at vi ikkje kan bruke kroppsdelnomen med *of*-possessiv, jf. *??the leg of John*. Begge delar indikerer at kroppsdelnomen kanskje ikkje er relasjonelle, i det minste ikkje i engelsk og i det minste ikkje på same måte som ord for slektningar¹⁶. Samstundes blir altså kroppsdelnomen svært ofte karakteriserte som ibuande relasjonelle i samanheng med uavhendeleg eigedom (jf. t.d. fleire arbeid i Chappell & McGregor 1996a).

I det følgjande om «external possession» tar eg utgangspunkt i oversynsartikkelen til Deal (blir publisert). Omgrepet «external possession» blir brukt om konstruksjonar der det som semantisk blir tolka som eigar og eigd, er gjevne som to ulike syntaktiske argument. Her blir altså det eitt syntaktisk element viser til, tolka som eigar av det eit anna syntaktisk argument viser til, sjølv om ein slik eigedomsrelasjonen ikkje er gjort eksplisitt ved bruk av noka ordinær possessivmarkering. Slik er det i norske PO-setningar som *eg trakka han på foten*. I det som er blitt kalla «internal possession» er derimot eigaren og det eigde gjevne i same konstituent, slik som i *foten hans*. Både «internal» og «external possession» er vanleg tverrlingvistisk. I generativ grammatikk har «external possession» vekt interesse nettopp grunna den tilsynelatande asymmetrien mellom syntaks og semantikk. Dei generative analysane har dermed gått ut på å

¹⁶ Merk samstundes at relasjonelle nomen kan vere sterkt relasjonelle eller svakt relasjonelle, slik Petersen og Osswald (2014) forstår dette.

foreslå syntaktiske strukturar og mekanismar som kan spegle den semantiske tolkinga av setningane (Deal, blir publisert).

Tidlege arbeid innanfor generativ grammatikk tar som utgangspunkt at setningar med ekstern eigar («external possession») er danna på bakgrunn av setningar med intern eigar («internal possession»). For norske PO-setningar ville ein slik analyse gå ut på at ei setning med ekstern eigar, som *eg trakka han på foten*, har ei setning med intern eigar, som *eg trakka på foten hans*, som utgangspunkt. Det er denne analysen ein gjerne refererer til som «possessor raising». «Possessor raising»-analysar, som altså er løftingsanalysar, møter på det problemet at variantane med intern og ekstern eigar har ulikt semantisk innhald i svært mange språk. I setningar med den eksterne varianten er eigaren fokusert i langt større grad enn i setningar med den interne varianten, jf. den semantiske skilnaden mellom *eg trakka han på foten* og *eg trakka på foten hans*. I tillegg er det eit krav i mange språk, som i norsk, at verbhandlinga må påverke eigarargumentet i den eksterne varianten, i motsetning til i den interne varianten, der eigaren ikkje like klart blir påverka. Same tyding er eit premiss for ein transformasjonell analyse, noko som etter kvart førte til konklusjonen at konstruksjonar med ekstern eigar måtte vere basegenererte, uavhengig av konstruksjonar med intern eigar (Deal, blir publisert).

Som alternativ til løftingsanalysen er det mellom anna blitt foreslått ulike kontroll- og bindingsanalysar for å etablere ein syntaktisk relasjon mellom eigar og eigd, som kan spegle den semantiske relasjonen mellom desse argumenta. Guéron (1983, 1985) er ein klassisk slik analyse, som eg presenterer i kapittel 3.2. Seinare, med endringar i generativ teori, har også alternative løftingsanalysar blitt foreslåtte (sjå til dømes Lee-Schoenfeld (2006)).

Denne relativt korte introduksjonen til uavhendeleg eigedom, samt «external possession» og relasjonelle nomen, gir berre eit lite innblikk i ein stor litteratur på desse områda. Når det gjeld uavhendeleg eigedom, har eg likevel samanfatta ein del ulike observasjonar som er blitt gjorde, som viser at dette er eit uklart omgrep som det kan vere vanskeleg å bygge ein grammatisk analyse på¹⁷. Distinksjonen mellom avhendeleg og uavhendeleg eigedom ser på ei side ut til å vere ein semantisk motivert distinksjon. På ei anna side er det ikkje ein semantisk distinksjon det er lett å definere klart, og han blir heller ikkje spegla i grammatikken på nokon einskapleg måte. Vidare i denne oppgåva vil eg derfor nytte omgrepa *avhendeleg* og *uavhendeleg* først og fremst

¹⁷ Her kan det leggst til at svært få av dei generative arbeida eg kjenner til som tar for seg uavhendelegheit, har nokon grundig diskusjon av korleis dei forstår fenomenet – av korleis dei tenker om dei typologiske observasjonane som er blitt gjorde og om rolla til merkelappen *uavhendeleg eigedom* i den grammatiske teorien.

som nyttige semantiske karakteristikkar, der *uavhendeleg* i tilfelle med kroppsdelnomen er einstyddande med at referenten til kroppsdelnomenet blir tolka inn i ein del-heile relasjon med referenten til eit anna argument. Eg vil ikkje behandle uavhendelegheit som eit eige grammatisk fenomen, ettersom det er uklart om det er det.

I analysen av PO-setningar som eg foreslår i kapittel 4, vil ikkje den drivande krafta i den syntaktiske analysen vere å gjere greie for den semantiske skilnaden mellom avhendeleg og uavhendeleg tolking, slik det har vore i fleire tidlegare generative analysar. Det blir ikkje foreslått ein eigen syntaks (i form av t.d. løfting eller binding) som skil skarpt mellom avhendelege og uavhendelege tolkingar. Når det er sagt, trur eg det er klart at del-heile-relasjonen som vanlegvis eksisterer mellom ein kropp og ein kroppsdel, likevel spelar ei sentral rolle for korleis vi brukar og tolkar kroppsdelnomen. Dette kjem eg litt nærmare inn på under 4.2.3.5.

2.2 Konstruksjonar med uavhendelege kroppsdelnomen

I denne delen av kapittelet presenterer eg norske konstruksjonar der vi har eit kroppsdelnomen som blir tolka som uavhendeleg for eit anna argument i setninga. PO-konstruksjonen er éin slik konstruksjon, men det finst også andre. I slike konstruksjonar kan eller må altså kroppsdelnomenet tolkast som «eigd» av eit anna argument, sjølv om ei slik tolking ikkje er gjort eksplisitt med ei ordinær possessivmarkering, som *til*-possessivet eller eit possessivt determinativ (*min, hans, sin* osv.). Konstruksjonane eg presenterer her, vil med andre ord falle under såkalla «external possessor»-konstruksjonar.

Her tar eg først og fremst for meg fire konstruksjonar, eksemplifiserte i (19) – (22), der eg kommenterer kort på verbsemantiske krav og gjer andre merknader der det er aktuelt¹⁸. Eg vil også jamføre kort med liknande konstruksjonar i andre språk. Desse fire konstruksjonane er også blant dei det blir presentert tidlegare analysar av i kapittel 3, og dette delkapittelet vil såleis tene som ein introduksjon til det neste kapittelet. Konstruksjonane i (21) og (22) er dei eg sjølv analyserer i kapittel 4.

¹⁸ Ettersom ingen av konstruksjonane er behandla i utstrekt grad i norsk, med unntak av i arbeida til Lødrup som eg har referert til tidlegare, vil fleire av observasjonane eg trekk fram, berre ha form av prøvande observasjonar eg har gjort meg under arbeidet med denne oppgåva og denne tematikken.

- (19) Ola_i rista på hovudet_i (*implisitt possessiv*)
- (20) Han knekte nasen_i på meg_i (*kroppsdelene på X*)
- (21) Nokon skulle gitt han_i eit spark i baken_i (*ditransitiv resultativ konstruksjon*)
- (22) Kari beit Ola_i i fingeren_i (*possessivt objekt*)

I setningane eg presenterer her, er kroppsdelnomenet koindisert med argumentet det semantisk høyrer til. Eksempelsetningane eg nyttar, er henta frå andre arbeid på emnet, plukka opp i samtalar eller høyrte i radio. Setningane som ikkje er markerte med opphav, har eg konstruert sjølv. Dette vil ikkje vere ein uttømmende oversikt, men heller eit lite innblikk i eit større mangfald av slike konstruksjonar. Merk også at det er fleire måtar å dele inn slike setningar på, og at dei syntaktiske skildringane som blir gjevne, berre er overflatiske. Det er heller ikkje alle konstruksjonane eg har like mykje å seie om.

*Implisitt possessiv*¹⁹: $SU_i+V+kroppsdel_i$

- (23) Ola_i rista på hovudet_i
- (24) Du_i må vaske ansiktet også_i!
- (25) Julius_j og Ola_k la hendene_{jk} på ryggen_{jk}

I denne typen setningar er det subjektet som blir tolka som eigar av kroppsdelene. Subjektet er også den einaste potensielle eigaren til stades i setninga. I (25) ser vi at når vi har to potensielle eigarar på subjektsposen, *Julius* og *Ola*, blir begge tolka som eigarar av kvar sine eksemplar *hender* og *rygg*. Setningane i (23)-(25) har også ei alternativ lesing der kroppsdelene er avhendelege og altså ikkje blir tolka som delar av subjekta. For (23) kunne ei slik lesing vere at *Ola* rista på eit leikehovud eller på nokon andre sitt *hovud*.

I setningar med implisitt possessiv kan kroppsdelnomenet erstattast av eit anna nomen frå *den personlege sfæren*²⁰, som i *Ola vaskar bilen*, og framleis gi inntrykk av at dette er noko som blir «eigd» av subjektet (Lødrup 2010). For at vi skal få ei slik uavhendeleg lesing i slike setningar, er det nødvendig at verbhandlinga er «naturleg», både når objektet er eit kroppsdelnomen og eit anna nomen frå den personlege sfæren, jf. (26), der *hendene* ikkje enkelt blir tolka som *Ola* sine egne, og (27), der *bilen* ikkje enkelt blir tolka som *Ola* sin.

- (26) Ola åt hendene
- (27) Ola sprengte bilen

¹⁹ Term frå König og Haspelmath (1998), Lødrup (2010)

²⁰ *Den personlege sfæren* («la sphère personnelle») blei foreslått som relevant for uavhendeleg eigedoms-konstruksjonar i europeiske språk av Bally (1926).

Det er også andre krav til verbsemantikken for at vi skal få ei uavhendelege lesing i slike setningar, jf. *Ola tenkte på hendene*, der *hendene* heller ikkje blir tolka som *Ola sine* (Lødrup 2010). Sjå elles Lødrup (2010) for meir om denne konstruksjonen i norsk²¹.

Den tilsvarande franske og engelske konstruksjonen blir analysert i Guéron (1983, 1985), som eg går igjennom i delkapittel 3.2.

- (28) Il_i lève la main_i ‘*Han løftar handa*’
(29) He_i raises his hand_i

I den franske og den norske versjonen kan kroppsdelnomenet stå utan possessivmarkering og likevel bli tolka som uavhendeleg for subjektet. I engelsk må ein til samanlikning bruke eit eigedomspronomen for å få uavhendeleg tolking, slik som i (29)²². Guéron (1983, 1985) forsøker å forklare skilnaden mellom fransk og engelsk ved å vise til ulike formelle eigenskapar i det definite determinativet i dei to språka.

Kroppsdelen på X

Kroppsdelen på X-sekvensen finn vi i tre ulike konstellasjonar:

- i. *SU+V+SSsu+prep+kroppsdel_i på han_i*: Julius delja ei steikepanne i hovudet_i på Kari_i
- ii. *SU+V+prep+kroppsdel_i på han_i*: Julius hosta i ansiktet_i på Ola_i
- iii. *SU+V+kroppsdel_i på han_i*: Han knekte nasen_i på meg_i

I norsk er slike konstruksjonar berre undersøkte grundig av Lødrup (2009a), av det eg kjenner til. Lødrup sin analyse presenterer eg i neste kapittel under 3.4. Julien (2005:189) og Faarlund et al. (1997:440-42) ser *kroppsdelen på X* i samanheng med partitivuttrykk, men som vi skal sjå, argumenterer Lødrup (2009a) imot ein fellesanalyse med partitivuttrykk meir generelt.

I følgje analysen til Lødrup (2009a) er det også berre konstruksjonen i (iii) som eigentleg kan analyserast som ein «external possession»-konstruksjon; i (i) og (ii) er kroppsdelnomenet og eigarnomenet gjevne i same konstituent, og det dreier seg derfor i staden om «internal possession»-konstruksjonar. I det som følgjer, tar eg likevel kort for meg alle dei tre variantane (i.

²¹ Lødrup (2010) foreslår ein felles bindingsanalyse for setningar med enkle refleksiv og setningar med nomen som får implisitt possessiv-tolking, jf. parallellen mellom *Ola_i tenkte på hendene sine/hendene_{*i}* og *Ola tenkte på seg sjølv/*seg*.

²² Pérez-Leroux et al. (2002) viser at engelske born, som i eksperimentet deira var opp til 6 år gamle, gir uavhendeleg tolking av kroppsdelnomen som står med definitiv determinativ, og altså utan possessivmarkering, i mange tilfelle der vaksne engelsktalarar berre godtar ei avhendeleg tolking. Dette tar eg også opp under 4.2.3.5 i denne oppgåva.

– iii.) ettersom dei har interessante relasjonar til dei andre konstruksjonane med uavhendelege kroppsdelnomen, og fordi det ikkje er skrive mykje om dei tidlegare.

Utan at det ligg føre noka ordentleg kartlegging, er inntrykket eg har fått under arbeidet med denne oppgåva, at sekvensen i (i) er den vi høyrer langt oftast. Fleire døme på denne er gitt under:

- (30) Landet forsvinner under føttene_i på befolkningen_i (*morgonsending i nrk p2*)
- (31) Eg slo jo olbogen i trynet_i på legen min_i (*høyr*)
- (32) Å ha ein bibliotekar som står over skuldra_i på seg_i, kan vere stressande²³ (*høyr*)
- (33) Det fløy en fugl over hodet_i på ham_i (*Lødrup 2009a:224*)
- (34) Noen stappa ting ned i buksa_i på han_i (*Lødrup 2009a:235*)

Sjølv om dette er ein konstruksjon ein høyrer ofte, har det samstundes vist seg vanskeleg å hente ut informasjon om både denne og andre *kroppsdel*_i på X-sekvensar i samtalar eg har hatt med informantar. To informantar har til dømes hevda at dei ikkje brukar konstruksjonen som er eksemplifisert over (i.), i det heile – for så å ta han i bruk umedvete i seinare samtalar. I tillegg ser det ut til å vere geografiske skilnader når det gjeld kva verb som kan nyttast med *kroppsdel*_i på X. Det gjeld spesielt for (ii) og (iii).

Konstruksjonen *SU+V+prep+kroppsdel_i på han_i* (ii) kan minne om PO-konstruksjonen, i den forstand at vi ofte kan nytte dei same leksikalske elementa i begge, og få fram ei liknande tyding, jf. (35) og (36).

- (35) Eg slo i magen_i på han (*kroppsdel*_i på X)
- (36) Eg slo han_i i magen_i (*PO-konstruksjon*)

Dei to konstruksjonane gir oss likevel litt ulike lesingar, i alle fall med verbet *slå* som er nytta i døma over. Medan *kroppsdel*_i på X gir ei lesing som går i retning av at *slå*-handlinga skjer fleire gongar (*eg (sto og) i magen på han*), gir PO-konstruksjonen ei lesing som går i retning av at *slå*-handlinga berre skjer ein gong. Begge lesingane er likevel tilgjengelege i begge konstruksjonane. Her er det interessant å merke seg at ulike verb har ulike preferansar med omsyn til kva for ein av dei to konstruksjonane dei helst står i. Medan verbet *slå* står best i PO-konstruksjonen, er det til dømes mindre klart kva for ein av konstruksjonane *hoste* står best i, jf. *Julius hosta i ansiktet på Ola* og *Julius hosta Ola i ansiktet*.

²³ Eg går ut frå at denne setninga er parallell med *ein bibliotekar står over skuldra på meg*.

Konstruksjonen *SU+V+kroppsdelen på han_i* (iii) blir helst brukt med verb som involverer ei «fullstendig endring», eller såkalla «change of state»-verb. Under er nokre døme:

- (37) Eg smadra/knuste/øydela trynet_i på han_i
- (38) De måtte fjerne leveren_i på ham_i (Lødrup 2009a:226)
- (39) Kommer til å knekke nesa_i på en fyr_i (frå Vinmonopolets kampanjetekst, send på Spotify hausten 2014)

Denne bruken av *kroppsdelen på X* blir godtatt av alle eg har spurt.

Vidare ser det ut til å vere ein tendens at språkbrukarar frå kristiansandsområdet aksepterer setningar som dei i (40) – (43), medan språkbrukarar frå osloområdet sjeldnare gjer det. Igjen ligg det ikkje føre noka systematisk kartlegging, så her baserer eg meg berre på uformelle samtalar med informantar²⁴.

- (40) Det verste med å jobbe der var å pusse tennene_i på folk_i (høyrt)
- (41) Det var ho som farga håret_i på meg_i (høyrt)
- (42) Kan du flette håret_i på meg_i? (høyrt)
- (43) Du kunne fått barbert leggane_i på meg_i om du hadde villa (høyrt)

Alle dei austlandske informantane eg har snakka med, seier dei kunne brukt ei setning som *eg pussa tennene på han* dersom *han* viste til eit dyr eller til nød eit lite barn, men at det ville kjennast ufint ut å bruke setninga om ein vaksen person. Her ser det med andre ord ut til å vere ei viss varheit for ein [+/- human]-distinksjon.

Ingen av dei eg har spurt, kan bruke *SU+V+kroppsdelen på han_i* (iii) med verb som slå, sparke, vri, pirke, osv.:

- (44) *Ola slo nasen på ho

Legg vi derimot til ein partikkel eller eit anna resultat, blir setningane akseptable, jf. (45) - (48).

- (45) Han ville slå nesen **flat** på NN (Lødrup 2009a:227)
- (46) Eg slo **inn** nasen på ho
- (47) Eg vrei **om** nakken på han
- (48) Eg skar **av** fingrane på ho

Lundquist og Ramchand (2012) peiker på at såkalla «verbs of surface contact», som *slå* og *sparke*, berre tar animate direkte objekt i svensk og tysk. Det same ser ut til å gjelde i norsk.

²⁴ I dette tilfellet har eg konsultert 10-12 språkbrukarar frå kvart område. Jamfør likevel merknaden eg gjore tidlegare om at mange har eit lite medvete forhold til *kroppsdelen på X*-sekvansar, og at det derfor kan vere vanskeleg å seie noko klart om kor vanlege dei er i bruk.

Vi seier *eg sparka ho*, men *eg sparka til ballen*. Eventuelt kan vi legge til eit resultativt element på det inanimate objektet, slik at vi får til dømes *eg sparka ballen i mål*. Verb som *slå* og *sparke* tar heller ikkje kroppsdelnomen som objekt, sjølv om ein kunne tenke seg at det ville fungere ettersom kroppsdelar er delar av personar. Dermed fungerer korkje *??eg sparka leggen på ho* eller *??eg sparka leggen hennar*.

Islandsk har ein tilsvarande konstruksjon som den norske *kroppsdelan på X*-konstruksjonen. I islandsk, i motsetning til i norsk, vekslar bruken av preposisjonane *i* og *på*, avhengig av om kroppsdelan det blir vist til, er *i* eller *på* personen det blir vist til. Dette ser vi i følgjande døme frå Thráinsson (2007:96).

- | | |
|---|--|
| (49) Hálsin _i á honum _i var grannur
Halsen på han _{DAT} var slank | (50) Hjartað _i í þér _i er stórt
Hjartet i deg _{DAT} er stort |
|---|--|

I norsk blir preposisjonen *på* brukt også med indre organ, slik som i *de måtte operere leveren på ham* (Lødrup 2009a).

*Ditransitiv resultativ konstruksjon*²⁵: *SU+V+IO_i+SSsu+kroppsdel_i*

- (51) Indianerne skjöt Ola_i piler i baken_i (*Brøseth 1997:30*)
- (52) Slik har det seg at Disney og andre økonomiske ulver stadig glefser etter våre lommebøker og pisser oss_i god samvittighet opp etter ryggen_i (*Bringsværd 1991:81, sitert i Brøseth 1997:30*)
- (53) De stakk ham_i en dolk i ryggen_i (*Áfarli & Eide 2003:126*)
- (54) Alt maset går meg_i på nervane_i²⁶ (*Faarlund et al. 1997:719*)
- (55) Det har gått bondelaget_i for mye i blodet_i (*morgonsending i p2*)
- (56) Nokon skulle gitt han_i eit spark i baken_i (*høyrt*)
- (57) Eg skulle ønske at nokon berre kunne gi meg noko_i i fanget_i (*høyrt*)
- (58) Kom, så skal eg kviskre deg noko i øyret!

I ditransitive resultative setningar blir kroppsdelnomenet tolka som uavhendeleg for leddet eg reknar som indirekte objekt. Setningane over, spesielt (51)-(53), har eit gamalmodig preg, og Lødrup (2009a; 2009b) hevdar at konstruksjonen er arkaisk og ikkje lenger produktiv i moderne norsk. Her vil eg hevde at denne konklusjonen til Lødrup må vere forhasta. At ditransitive resultative setningar framleis er brukande, er eit viktig punkt for analysen min av PO-setningar, ettersom eg vil foreslå at PO-setningar og ditransitive resultative setningar deler syntaktisk

²⁵ Term frå Áfarli (2005)

²⁶ Her går eg ut frå at subjektet «alt maset» er opphavleg småsetningssubjekt. Sjå analysen eg gir av slike setningar i delkapittel 4.2.3.4.

struktur. Derfor tar eg dette opp også i 4.2.3, men eg vil allereie her vise kvifor eg meiner at denne konstruksjonen er produktiv i norsk. For det første observerer ikkje Lødrup at denne konstruksjonen fint kan brukast i moderne norsk med verbet *gi* og (det eg reknar som) eit småsetningssubjekt som formidlar kontakt, som *dytt, spark, slag*, slik som i (56). Konstruksjonen kan også fint brukast med andre verb når vi har *noko* som småsetningssubjekt, jf. (58).

Det ser i tillegg ut til at Lødrup slår denne konstruksjonen saman med ein annan liknande, men ikkje identisk konstruksjon, som mellom anna finst i tysk og fransk. Eit døme frå fransk er gjeve i (59).

(59) Je lui ai coupé les cheveux (*Guéron 1985:59*)

I konstruksjonen i (59) står ikkje kroppsdelnomenet i ein preposisjonsfrase, i motsetning til den ditransitive resultative konstruksjonen. Lødrup referer til både konstruksjonen i (59) og den ditransitive resultative konstruksjonen som «dative external possessor construction». Termen er dekkande for begge konstruksjonane ettersom den eksterne eigaren i fransk²⁷ og tysk har dativ kasus i begge tilfella. Konstruksjonane er likevel ikkje heilt like, og problemet oppstår når Lødrup brukar ei direkte omsetting til norsk av konstruksjonen i (59) for å illustrere at norsk ikkje har nokon «dative external possessor construction» (Lødrup 2009a:239-240):

(60) *Jeg har klippet ham håret (*Lødrup 2009a:240*)

Sjølv om vi ikkje har ein konstruksjon som den i (60), har vi altså ein ditransitiv resultativ konstruksjon, som rett nok er avgrensa i bruk, men som ikkje må blandast saman med konstruksjonen i (59).

Her er det interessant å merke seg at den ditransitive resultative konstruksjonen også har ein akseptabel variant i engelsk med verbet *give*, på same måte som i norsk, i setningar som *she gave him_i a kick up the backside_i/a pat_i on the back_i*. Denne konstruksjonen ser elles ut til å vere endå sjeldnare i engelsk enn i norsk.

Som Lødrup (2009a; 2009b) også peikar på, blir innhaldet i mange av dei ditransitive resultative setningane i moderne norsk helst uttrykt ved hjelp av *kroppsdelen på X*. Det gjeld då den første av konstruksjonane, *kroppsdelen på X (i)*, som eg har presentert her. Ei ditransitiv resultativ setning og ei tilsvarende setning med *kroppsdelen på X* er gjevne i (61) og (62).

²⁷ Fransk blir ikkje elles rekna som eit kasusspråk, men har likevel restar av kasus i pronomensystemet. *Lui* blir då rekna som eit dativ-pronomen.

- (61) De stakk ham_i en dolk i ryggen_i (*ditransitiv resultativ konstruksjon*)
 (62) De stakk en dolk i ryggen_i på ham_i (*kroppsdel på X (i)*)

Ditransitive resultatative setningar blir behandla nærmare i analysen i kapittel 4, der eg går ut frå at dei har den syntaktiske strukturen til Åfarli (2007) si ditransitive resultatative ramme. Dette vil eg altså også hevde er strukturen til PO-setningane.

Guéron (1983, 1985) set også den ditransitive resultatative konstruksjonen i samanheng med konstruksjonen i (59) (Guéron 2006:594), som det blir presentert ein analyse av i 3.2. Utover det blir ikkje den ditransitive resultatative konstruksjonen behandla for seg sjølv i kapittel 3.

Possessivt objekt: SU+V+O_i+prep+kroppsdel_i

Possessivt objekt-konstruksjonen presenterer eg også grundigare gjennom kapittel 4. I denne omgangen peiker eg derfor berre på det som gjeld verbsemantikk, i tillegg til at eg gir ei lita jamføring med andre språk.

- | | |
|---|--|
| (63) Kari trakka Ola _i på foten _i | (69) Kari spytta Ola _i i ansiktet _i |
| (64) Kari kyssa Ola _i på munnen _i | (70) Kari hosta Ola _i i ansiktet _i |
| (65) Kari beit Ola _i i fingeren _i | (71) Kari saga Ola _i i foten _i |
| (66) Kari stakk Ola _i i auget _i | (72) Ungdommen skal koste og hoste
moderpartiet _i i nakken _i
(<i>morgonsending i p2</i>) |
| (67) Kari kitla Ola _i under foten _i | |
| (68) Kari strøyk Ola _i på/over ryggen _i | |

I PO-konstruksjonen er det objektet som blir tolka som eigar av kroppsdelnomenet. PO-setningar i norsk kan dannast både med typisk transitive verb (jf. *Kari kyssa Ola*) og typisk intransitive verb (jf. ??*Kari hosta Ola*). Verbet i setninga må vise til ei handling der noko kjem i kontakt med kroppsdelene til objektet. Ofte vil det vere ein av kroppsdelane til subjektet som skaper kontakt, slik som i *Kari beit Ola i fingeren*, der vi tolkar inn at tennene til Kari kjem borti *fingeren* til *Ola*. Av (69) og (70) ser vi at ein også kan bruke verb der noko blir «sendt ut» frå subjektet som kjem i kontakt med objektet, i døma høvesvis spytt og host/luft. At det at noko kjem i kontakt med objektet, truleg er sentralt for slike setningar, ser vi av at (70) ikkje kan brukast om ein situasjon der *Kari* berre kremtar eller hostar forsiktig i nærleiken av ansiktet til *Ola*. At det må vere noko som kjem i kontakt med kroppsdelene til objektet, er også sentralt i analysen eg vil foreslå for PO-setningane i kapittel 4. Dette argumenterer eg grundigare for spesielt i 4.2.3.3.

Også i engelsk finn vi setningar som svarar til dei norske PO-setningane, men her er det færre verb som kan nyttast. Ein vil til dømes ikkje kunne seie ??*she stepped him on the feet* eller ??*she spat him in the face*²⁸. Fransk har også PO-konstruksjonar, men her vil det variere med verbet kva form ein nyttar på det possessive objektet. Ein vil seie *elle lui a marché sur le pied* (ho trakka han_{DAT} på foten) med dativ-pronomen, men *elle le/lui a frappé sur la main* (ho slo han_{AKK/DAT} på handa) med akkusativ- eller dativpronomen. Med verbet *frapper* er akkusativversjonen truleg den vanlegaste. Den franske og den engelske PO-konstruksjonen blir analyserte i Guéron (1983, 1985), som eg går igjennom i 3.2. Ein analyse av den engelske PO-konstruksjonen blir også gitt i Heine (1997b) og presentert i 3.1.

Også i tysk varierer det med verbet og preposisjonen som er nytta, kva kasus objektet i PO-konstruksjonen får. Ifølgje Lee-Schoenfeld (2012) kan ein del verb gi både akkusativ og dativ kasus i denne konstruksjonen, jf. (73). Andre verb kan berre gi akkusativ kasus, slik som i (74), medan atter andre verb kan gi akkusativ eller dativ kasus avhengig av preposisjonen som er nytta, jf. (75) og (76).

(73)	Der Junge	hat	ihn/ihm	in die Nase	gebissen
	guten	har	han _{AKK/DAT}	i nasen	bite
	‘Guten beit han i nasen’				
(74)	Der Mann	hat	sie/*ihr	auf den Mund	geküsst
	mannen	har	ho _{AKK/?*DAT}	på munnen	kyssa
	‘Mannen kyssa ho på munnen’				
(75)	Die Mutter	hat	ihn/*ihm	am Kopf	gestreichelt
	mora	har	han _{AKK/**DAT}	på hovudet	stroke
	‘Mora strauk han på hovudet’				
(76)	Die Mutter	hat	*ihn/ihm	über den Kopf	gestreichelt
	mora	har	han* _{AKK/DAT}	over hovudet	stroke
	‘Mora strauk han over hovudet’				

(Lee-Schoenfeld 2012)

Når både akkusativ og dativ kasus er mogleg, nyttar ein akkusativ for å framheve den som utfører handlinga og trekke merksemd vekk frå den handlinga blir retta mot. Dativ nyttar ein for å vektlegge personen og kroppsdelen handlinga blir retta mot (Lee-Schoenfeld 2012).

Det er ein god del variasjon mellom språk i setningar som svarer til dei norske PO-setningane. Lee-Schoenfeld (2012) konkluderer mellom anna foreløpig med at sjølv om vi finn veksling mellom dativ og akkusativ kasus på det possessive objektet i språk som rumensk, fransk,

²⁸ Her har eg konsultert to morsmålsbrukarar av engelsk.

spansk og gresk, fungerer ikkje vekslinga på same måte i desse språka som i tysk. Når eg analyserer PO-konstruksjonen i kapittel 4, vil eg derfor ikkje ta vidare omsyn til forhold i andre språk, men halde meg til den norske konstruksjonen.

I tillegg til dei nemnte analysane av Guéron (1983, 1985) og Heine (1997b), presenterer eg også ein analyse av PO-konstruksjonen i norsk frå Lødrup (2009b).

Fellestrekk

Det er ein del felles tendensar i setningar som dei eg har vist til, der eit kroppsdelnomen semantisk blir tolka som uavhendeleg for eit anna argument i setninga. Nokre kan nemnast her.

Eit første fellestrekk er at nomenet som fungerer som «eigar», må vere animat. Eigarargumentet kan ikkje vise til ei dukke eller ein statue, med mindre ein gir desse eigenskapar til levande menneske som blir påverka handlingane, jf. (77).

Eit andre fellestrekk, er at det i ofte berre er mogleg å modifisere kroppsdelnomenet med innsnevrande adjektiv, ikkje med reint deskriptive adjektiv. Eit døme er gitt i (78), der berre ei innsnevrande lesing av adjektivet er lett tilgjengeleg. Denne observasjonen blei gjort av Kayne (1975) for fransk (Guéron 1985:49), og har også vist seg å gjelde i fleire andre språk (Alexiadou 2003; Lødrup 2009a).

Ein tredje fellestrekk er at kroppsdelnomenet ofte kan erstattast av eit nomen som viser til eit klesplagg. Klesplagget blir då tolka som noko som eigarargumentet har på seg, og fungerer slik som ein «forlenga» kroppsdel. Slik er det i (79).

Eit fjerde fellestrekk er at kroppsdelnomenet gjerne vil stå i eintal, sjølv om det i røynda er snakk om fleire eksemplar kroppsdelar fordelt på ulike personar (Lødrup 2009a), jf. (80).

(77) ??Ola trakka statuen på foten

(78) Kari slo Ola i *den skitne* skuldra (innsnevrande)

(79) jeg holdt arrestanten i kraven (Lødrup 2009b:426)

(80) Det kom røyk ut av munnen/*munnene på barna (Lødrup 2009a:230)

Fellestrekka eg har vist til her, må oppfattast som tendensar. Desse går også igjen i liknande setningar i fleire språk (Deal, blir publisert; König og Haspelmath, 1998, Lødrup 2009a; 2009b)

2.3 Oppsummering

Setningar med kroppsdelsnomen med uavhendeleg tolking blir ofte sette i samanheng med det større fenomenet uavhendeleg eigedom. I dette kapitlet har eg sett nærmare på dette fenomenet slik det blir lagt fram i litteraturen. Biletet som teiknar seg, er at skiljet mellom *avhendeleg* og *uavhendeleg* er semantisk motivert, men samstundes vanskeleg å gripe klart. Skiljet har også blitt forstått på ulikt vis i ulike arbeid. Derfor er det vanskeleg å seie noko klart om den grammatiske statusen til den mykje brukte merkelappen uavhendeleg eigedom. Vidare i denne oppgåva nyttar eg termane *avhendeleg* og *uavhendeleg* berre som nyttige semantiske termar for å skildre ei bestemt type tolking. Eg introduserte også «*external possession*» og *relasjonelle nomen* som alternative innfallsvinklar til ulike sider ved det ein elles plasserer under uavhendeleg eigedom.

I del to av kapitlet har eg gitt eit lite oversyn over såkalla «*external possession*»-konstruksjonar, med hovudvekt på norsk, men med korte jamføringar med andre europeiske språk. Med det har eg også introdusert nokre av analysane som eg vil presentere grundigare i neste kapittel. Både i dette og det neste kapitlet er formålet å plassere PO-setningane, som eg sjølv skal analysere i kapittel 4, i ein større samanheng.

3 TIDLEGARE ANALYSAR AV UAVHENDELEG EIGEDOM

I dette kapitlet presenterer eg tidlegare analysar av konstruksjonar med uavhendeleg eigedom av Heine (1997b), Guéron (1983, 1985), Julien (2005) og Lødrup (2009a, 2009b). Her presenterer eg også analysar som eg ikkje skal bruke vidare i oppgåva, men som er tekne med i håp om å at det vil gi ei djupare forståing både korleis uavhendeleg eigedom blir behandla i språk generelt, og kanskje også for PO-konstruksjonen spesielt. Sist i gjennomgangen av kvar analyse peiker eg på svakheiter ved analysane, og eg peiker på moment som gjer at dei ikkje er fullgode alternativ for analysen PO-setningar, der det er aktuelt.

Analysane eg har valt ut er til dette kapitlet er svært ulike både teoretisk og med tanke på kva sider av fenomenet uavhendeleg eigedom dei ser på. Heine (1997b) ser på fellestrekk i possessivkonstruksjonar på tvers av fleire ulike språk, Guéron (1983,1985) samanliknar konstruksjonar med uavhendeleg eigedom i fransk og engelsk. Julien (2005) ser på uavhendeleg eigedom i skandinavisk og Lødrup (2009a, 2009b) ser på uavhendeleg eigedom i norsk. Blant analysane eg presenterer, finn vi analysar av konstruksjonane eg presenterte i 2.2, enten av dei norske variantane av desse konstruksjonane eller av tilsvarande konstruksjonar i andre språk.

Heine (1997) har eg valt ut fordi han gir eit svært interessant tverrlingvistisk innblikk i possessivlitteraturen. Med utgangspunkt i *grammatikaliseringsteori* gir han vidare eit konkret forslag til korleis skiljet mellom avhendeleg og uavhendeleg eigedom kan ha oppstått. Dette forslaget tar utgangspunkt i den pragmatiske skilnaden mellom typisk avhendelege og typisk uavhendelege nomen.

Guéron (1983, 1985) er klassiske, ofte sitererte generative analysar av konstruksjonar med uavhendelege kroppsdelnomen. Guéron sin analyse går ut på at kroppsdelnomen som blir tolka som uavhendelege, er bundne av det syntaktiske argumentet som blir tolka som eigar av kroppsdelnomen.

Ein viktig motivasjon for å trekke fram Lødrup (2009a, 2009b) og Julien (2005) i dette kapitlet er at desse er dei einaste generative analysane eg kjenner til, som tar for seg uavhendeleg eigedom i norsk. Lødrup (2009a, 2009b) ser på konstruksjonar med kroppsdelnomen, medan Julien (2005), som den einaste av dei eg presenterer her, tar for seg ein

konstruksjon med ord for slektningar, nemleg konstruksjonen der ein seier *mor mi* utan etterhengt bestemt artikkel, som eg alt har vist til i dei føregåande kapitla.

3.1 Heine (1997b)

Eit sentralt arbeid i possessiv-litteraturen er Bernd Heines *Possession: cognitive sources, forces, and grammaticalization* frå 1997. Heine forklarar det grammatiske skiljet mellom avhendeleg og uavhendeleg eigedom ved å vise til korleis eit slikt skilje oppstår. I motsetning til dei andre teoriane som blir presenterte her, plasserer Heine sitt arbeid seg innanfor kognitiv grammatikk og grammatikaliseringsteori.

Grammatikaliseringsteori inneber ein diakron innfallsvinkel til forklaringa av grammatiske fenomen. Termen *grammatikalisering*²⁹ blir i denne teorien brukt om språklege endringar frå konkret og leksikalsk til abstrakt og grammatisk, og dessutan om fonologiske endringar frå komplisert til enkelt. At grammatisk morfologi ofte har leksikalsk opphav, er eit døme på grammatikalisering slik det blir forstått i grammatikaliseringsteori. Eit konkret døme kan vere utviklinga av den bestemte etterhengte artikkelen i norsk, jf. *Ormr inn_{PRONOMEN} langi* → *Ormrinn_{DEFINITT} langi* (Skard 1973:61). I grammatikaliseringsteori er det i stor grad pragmatiske faktorar og behovet for å uttrykke noko spesifikt gjennom språket som driv språkutviklinga og grammatikaliseringprosessen i ei bestemt retning.

Heine observerer at grammatisk eigedom er eit abstrakt og vanskeleg konsept å gripe, samtidig som det ser ut til at alle språk har grammatikaliserte possessivmarkeringar. Hovudhypotesen i Heine sitt arbeid er at possessivstrategiane i eit språk, som altså uttrykker eit nokså abstrakt konsept, har utvikla seg frå uttrykksmåtar ein opphavleg brukte om meir konkrete konsept, som mellom anna *stad* («location») og *mål* («goal»). Han går vidare ut frå at dei fleste av possessivstrategiane i verdas språk kan sporast tilbake til ei lita gruppe slike opphavsstrukturar. Heine sporar så dei fleste av verdas attributive possessivstrategiar, både avhendelege og uavhendelege, tilbake til opphava i tabellen under, frå Heine (1997b:144):

²⁹ *Grammatikalisering* blir også brukt utanfor grammatikaliseringsteori. I grammatikaliseringsteori blir det brukt spesifikt om einvegsretta og forutsigbar språkending frå mindre til meir grammatisk.

Formula	Label of event schema
Y at X	Location
Y from X	Source
Y for/to X	Goal
X with Y	Companion
(As for) X, X's Y	Topic

Grunnen til at dei ulike possessivstrategiane har utvikla seg frå nettopp dei uttrykksmåtene ein brukar om dei konkrete konsept til høgre i tabellen, er at dette er konkrete konsept som på eit konseptuelt plan grensar til det abstrakte possessivkonseptet. Som nemnt går den grammatiske utviklinga frå konkret til abstrakt ifølgje denne teorien.

Det er eit stort tverrlingvisisk materiale Heine viser til i kartlegginga av ulike possessivstrategiar i verdas språk. Her gjengir eg nokre få av døma han gir på possessivstrategiar med konkrete opphav, som står til høgre i tabellen, og jamfører med norske possessivstrukturar der det er aktuelt.

Stad («location») er eit av dei vanlegaste opphava til attributive eigedomsstrukturar (Heine 1997b:145). I maninka, eit niger-kongo-språk, har den lokative preposisjonen *lá* blitt grammatikalisert til å uttrykke avhendeleg eigedom:

- (81) Mamadu lá báara
Mamadu at work
‘Mamadu’s work’
(Friedlander 1992:60, i Heine 1997b:145)

Dersom vi skal forstå den norske *kroppsdelen på X*-konstruksjonen som eit nytt possessiv, slik vi skal sjå at Lødrup (2009a) argumenterer for, kan den vere eit godt døme på eit possessiv med ein lokativ struktur som opphav.

Kjelde («source») er også eit mykje brukt opphav for possessivuttrykk. Dette er ein possessivstrategi som typisk brukar ord for «frå», som *of* (engelsk), *von* (tysk), *de* (fransk), eller tar i bruk tilsvarende morfologi (Heine 1997b:145-146).

- (82) Les rues de Paris³⁰
Gatene frå Paris
‘Paris’ gater’

³⁰ Mitt døme

Possessivuttrykk som er baserte på *mål* («goal»)-uttrykk, brukar allativ-, dativ- eller benefaktiv-markørar. I aranda, eit australsk språk, har ein *mål*-struktur blitt grammatikalisert til å uttrykke uavhendeleg eigedom (Heine 1997b:146-147).

- (83) Toby-ke alere
Toby-DAT child
'Toby's child'
(Wilkins 1989:135, 179, i Heine 1997b:147)

Det norske *til*-possessivet kan vi forstå som eit grammatikalisert *mål*-uttrykk.

3.1.1.1 Uavhendeleg eigedom

Uttrykk både for avhendeleg og uavhendeleg eigedom kan sporast tilbake til ei lita gruppe opphavlege strukturar eller konsept, slik vi har sett døme på, ifølge Heine. Heine si tilnærming til skiljet mellom avhendeleg og uavhendeleg eigedom er vidare at dette må forklarast diakront og med omsyn til pragmatiske faktorar. Han skriv såleis:

... rather than being a semantically defined category, inalienability is more likely to constitute a morphosyntactic or morphophonological entity, one that owes its existence to the fact that certain nouns happened to be left out when a new pattern for marking attributive possession arose. (Heine 1997b : 182)

I dette sitatet ligg det at skiljet mellom avhendeleg og uavhendeleg eigedom ikkje skal oppfattast som eit fundamentalt semantisk basert grammatisk skilje. I staden oppfattar han det som eit resultat av historiske prosessar, der somme nomen har fått ein ny type possessivmarkering, medan andre nomen er blitt ståande med restar av ein eldre type possessivmarkering. Tanken her er at det pragmatisk baserte behovet for å markere tilhøyrsløse eller eigedom er større for typisk avhendelege enn typisk uavhendelege nomen, ettersom tilhøyrsløse likevel er implisitt ved uavhendelege nomen. Grammatikaliseringsteori predikerer at possessivmarkeringane i eit språk, så vel som andre grammatiske markeringar, blir brotne ned over tid, og blir erstatta av nye typar markeringar. Når ei ny possessivmarkering så utviklar seg, frå ein av opphavsstrukturane i tabellen på side 33, vil ho i første rekke bli brukt med avhendelege nomen, der behovet for å markere tilhøyrsløse er størst. Slik oppstår eit grammatisk markert skilje mellom avhendeleg og uavhendeleg eigedom, der ei nyare possessivmarkering typisk vil bli brukt for avhendelege nomen og restar av ei eldre possessivmarkering vil bli brukt for uavhendelege nomen. Dette passar godt med observasjonen til Nichols av at strategiane for uavhendeleg eigedom ofte er eldre, og ofte nesten eller heilt morfologisk umarkerte, samanlikna

med strategiar for markering av avhendeleg eigedom (Nichols 1992:117, i Heine 1997b:172, 174). Denne tilnærminga gir også ei forklaring på kvifor det er så stor variasjon mellom språk i kor skiljet mellom avhendeleg og uavhendeleg eigedom går – det er, i følgje Heine, litt «tilfeldig» kva grupper av nomen den nye possessivmarkeringa spreier seg til.

Vi skal sjå i 3.4 at Lødrup argumenterer for at *på han*, i setningar som *dei måtte operere levra på han*, kan vere ein ny strategi for markering av uavhendeleg eigedom. Det ville i så fall ikkje passe overeins med ein påstand om at markeringar for uavhendeleg eigedom eigentleg er restar av eldre markeringar for både avhendeleg og uavhendeleg eigedom. Ei slik nyutvikling passar likevel overeins med ein annan strategi Heine skisserer for utviklinga av nye possessivstrategiar, nemleg *spesifisering*. Sjølv analyserer Heine PO-konstruksjonen ved å vise til spesifiseringsmekanismen.

3.1.1.2 PO-konstruksjonen

Spesifisering går ifølgje Heine ut på at ein nomenfrase blir brukt for å innsnevre referansen til ein annan nomenfrase. Under er to døme på spesifisering, det første konstruert av meg, det andre tatt frå Heine (1997b:157).

(84) Skjermen på lampa

(85) The beer in the fridge

Ifølgje Heine er spesifisering ein kommunikativ strategi som ser ut til å vere i bruk i alle språk (Heine 1997b:156). Uttrykk der eit nomen spesifiserer eit anna, kan etter kvart gå frå å vere pragmatisk motiverte strategiar til å bli grammatikaliserte strategiar for markering av til dømes possessivrelasjonar.

Heine sin diakrone analyse av setningar med possessivt objekt involverer ikkje noka form for løfting, i motsetning til det ein gjekk ut frå i fleire tidlege generative arbeid. Han poengterer altså at han *ikkje* ser setninga i (86) som ein omforma versjon av setninga i (87).

(86) Possessivt objekt
a. The dog bit Cliff on the ankle

(87) 's-possessiv
a. The dog bit Cliff's ankle

I staden foreslår Heine at *on the ankle* spesifiserer *Cliff* i (86), og at denne strategien har blitt grammatikalisert til ein konstruksjon som er reservert for uavhendeleg eigedom. Ein analyse som ikkje ser (86) og (87) som omformingar av same konstruksjon, har den fordel at han gir rom for tydingsskilnadene mellom dei to konstruksjonane, nemleg at *Cliff* er framheva i den første,

medan *ankle* er framheva i den andre. Semantiske forskjellar mellom den opphavlege og den omforma versjonen av setninga er, som nemnt i 2.1, eit problem dei tidlege løftingsanalysane møter på. Heine argumenterer heller for at dei ulike tydingane skriv seg frå at konstruksjonane har ulike opphav, og at sjølv om konstruksjonen i (86) har blitt grammatikalisert, har han restar av ei opphavleg tyding som (87) ikkje har.

Analysen til Heine av setningar med possessivt objekt som den i (86), er enkel, men han møter kanskje på utfordringar i tilsvarende norske setningar med typisk inergative verb, så som *eg trakka han på foten*. Det er ikkje like klart at *på foten* kan ha blitt brukt til å spesifisere **eg trakka han*, ettersom denne siste sekvensen ikkje kan stå åleine utan spesifisering.

3.1.1.3 Kritikk

Grammatikaliseringsteori har blitt kritisert for manglande eksplanatorisk verdi (sjå t.d. Campbell 2000; Newmeyer 2000). Denne kritikken går mellom anna ut på at grammatikalisering ikkje eigentleg er ein mekanisme i seg sjølv, men heller ei samling av uavhengige mekanismar i språkending, som reanalyse og semantisk endring. I tillegg spår grammatikaliseringsteori ei einsretta språkending frå mindre til meir grammatikalisert, samtidig som grammatikalisering per definisjon er språkendingar som går i retninga frå mindre til meir grammatikalisert. Det vil seie at alle moteksempel til grammatikalisering, som det er mange av, enkelt kan bortforklarast som noko anna enn grammatikalisering, utan at ein viser til nokon prinsipiell måte å skilje mellom grammatikalisering og anna språkending på³¹.

Det generative rammeverket, som er det eg har som utgangspunkt i denne oppgåva, fokuserer i hovudsak på synkrone aspekt ved grammatikken og byggjer på ein idé om at grammatikken er eit finmaska system i hovudet til kvar enkelt språkbrukar. Språkendingar må like fullt forklarast, men dei må forklarast med utgangspunkt i det synkrone systemet. Tanken er at barn lagar seg ein grammatikk på bakgrunn av språket dei høyrer, og her, mellom anna, er det rom for at språklege element får ein fornya funksjon (Åfarli & Nordgård 1998). Men denne endringar skjer ikkje nødvendigvis kollektivt i retninga konkret > abstrakt. Her kan vi sitere Newmeyer (2000), som formulerer utfordringa for grammatikaliseringsteori slik:

Children are not born with racial memories that fill them in with the details of the history of the forms that they hear. They have no way of knowing whether some particular clitic in

³¹ Heine ser på si side grammatikalisering som ein probabilistisk heller enn lovmessig teori om språkending (Heine 2001).

their grammar, for example, was once a full noun phrase or whether it is on its way to affixhood. If it truly is the case that speakers *are* more likely to reanalyze an item as less lexical, rather than as more lexical, then we need to look at *synchronic* mechanisms, that is, at mechanisms that are rooted in the cognition and behavior of living speakers.

(Newmeyer 2000:192)

Heine vektlegg det han kallar eksterne faktorar i språkending, som pragmatikk og kognitive strukturar, og seier ikkje tilstrekkeleg mykje om det språkinterne synkrone systemet til at eg kan bruke analysen hans av PO-setningar i den forma han har her. Det er til dømes mange semantiske restriksjonar knytte til verbet i PO-setningar som Heine ikkje vier merksemd, men som ein analyse av denne konstruksjonen er tent med å gjere greie for. Heine (1997b) har likevel svært interessante tverrlingvistiske observasjonar rundt possessivstrategiane som blir nytta i verdas språk, som eg trur det er innsikter å hente i for språkstudiet meir generelt. Eg har heller ikkje innvendingar til ideen om at det i somme konstruksjonar kan vere «tilfeldig» og til dels historisk bestemt kva nomen som får avhendeleg og uavhendeleg behandling i ulike språk. Eg vil derfor følgje Heine, og også Voeltz (1976) som eg referert til i 2.1, i tanken om at skiljet mellom avhendeleg og uavhendeleg eigedom ikkje er eit fundamentalt grammatisk skilje som vi skal gi ei heilskapleg formell grammatisk forklaring, til dømes gjennom ein eigen «uavhendelegheitssyntaks». I neste delkapittel skal vi sjå at Guéron (1983, 1985) foreslår noko som kan minne om ein slik eigen syntaks for uavhendelege eigedommar, i alle fall for uavhendelege kroppsdelsnomen i såkalla «external possession»-konstruksjonar.

3.2 Guéron (1983, 1985)

Jacqueline Guéron har arbeidd med uavhendeleg eigedom og skilnadene mellom engelsk og fransk over fleire år. Dei tidlegaste arbeida er utarbeidde innanfor samtidig GB-teori. Her tar eg utgangspunkt i analysane frå 1983 og 1985 slik dei blir lagde fram i Guéron (2006). Dette er klassiske analysar som er mykje sitert i samband med uavhendeleg eigedom og «external possession».

Trass i at Guéron (2006) skal vere ein grundig presentasjon av uavhendeleg eigedom frå eit generativt perspektiv og er publisert i eit sentralt oppslagsverk, *The Blackwell companion to syntax*, er framstillinga av dei tidlegaste analysane svært uklar. Også dei opphavlege framstillingane av analysane i Guéron (1983, 1985) er uklare på fleire punkt, og dermed blir gjennomgangen her berre mitt beste forsøk på å forstå analysane på ein samanhengande måte.

Som vi skal sjå, er det spesielt bruken av termar som *binding*, *anafor*, *kontroll* og *PRO* som er uklar. Meir konkret ser det ut til at Guéron (1983, 1985) (til dels) brukar ein versjon av teorien om *PRO* der kontroll blir redusert til bindingsteori, utan at dette er eksplisitt i Guéron (2006).

Guéron (1983, 1985) har ei strengt strukturell tilnærming til analysen av setningar som inneheld kroppsdelnomen med uavhendeleg tolking. Den uavhendelege relasjonen mellom ein eigar-DP og ein kroppsdel-DP blir syntaktisk analysert som ei *leksikalsk kjede*. DP-ane i den leksikalske kjeda er lenka saman ved hjelp av *anaforisk binding*. Dette er altså ein av fleire kontroll/bindings-analysar som er blitt foreslåtte for denne typen setningar i generativ teori (Deal blir publisert).

Guéron tar for seg dei tre følgande strukturane:

(88) Struktur I (implisitt possessiv)

- a. FR: Jean lève la main
- b. FR: Jean donne la main à Marie
- c. EN: *John raises the hand

(90) Struktur III (possessivt objekt)

- a. FR: Marie a frappé Jean sur la main
- b. EN: Mary hit John on the shoulder

(89) Struktur II (eigar som benefaktiv)

- a. FR: Je lui prends la main
- b. FR: Je prends la main à la petite fille
- c. EN: *I take him the hand

I fransk kan eit kroppsdelnomen få uavhendeleg tolking når det står med det definite determinativet *la* (og *le*, *les*). I døma over ser vi at bruk av definitiv determinativ i engelsk til samanlikning berre gir uavhendeleg tolking i struktur III. I struktur I vil ein måtte bruke eit eigeomspronomen for å uttrykke både avhendeleg og uavhendeleg eigeom i engelsk, jf. *John raises his hand*. I fransk brukar ein eit eigeomspronomen, som *sa*, ved markering av avhendeleg eigeom, men altså ikkje ved uavhendeleg eigeom, i strukturane over.

Når relasjonen mellom ein eigar-DP og ein kroppsdel-DP blir tolka som ein uavhendeleg relasjon i dei akseptable setningane i (88) – (90), er det i følgje Guéron fordi desse DP-ane i lag utgjer ei *leksikalsk kjede*, og ei leksikalsk kjede blir tolka som eitt argument. DP-ane i kjeda er lenka saman ved hjelp av anaforisk binding. Meir konkret er det det definite determinativet i kroppsdel-DP-en som blir anaforisk bunde av eigar-DP-en, ifølgje Guéron. Når dei engelske setningane i (88)c og (89)b så ikkje gir uavhendeleg tolking, tolkar Guéron det som at engelsk *the* ikkje kan bindast, i motsetning til *le*, *la*, *les* i fransk. Dermed kan ikkje eigar-DP-en og

kroppsdels-DP-en bli lenka saman i ei leksikalsk kjede i slike setningar i engelsk. Ved mangel på binding blir eigar og kroppsdelsdel med andre ord tolka som to separate argument; dei utgjer ikkje same heile, så kroppsdelen får avhendeleg tolking.

Guéron foreslår vidare at grunnen til at *la*, men ikkje *the*, kan bindast, er at det berre er determinativ med pronomielle eigenskapar som kan bindast. Pronomen er kjenneteikna av at dei har vekslende form avhengig av numerus, genus og person. Franske defintte determinativ har veksling mellom *le*, *la*, *les* i bestemt form, avhengig av numerus og genus på nomenet. I kraft av å vere homonyme med dei personlege tredjepersonspronomena i fransk, kan ein også seie at dei franske defintte determinativa har eit trekk for person. Dei franske determinativa har altså pronomielle eigenskapar, og dette gjer at dei kan bindast i ei leksikalsk kjede.

Engelsk har på si side berre *the*, som ikkje har pronomielle eigenskapar. Det heiter såleis *the_{SG} girl_{SG}* og *the_{PL} boys_{PL}* med same form på determinativet uavhengig av forma på nomenet. Dermed kan ikkje det engelske determinativet bindast, og det følgjer at eit defintt engelsk kroppsdelsnomen ikkje kan bli del av ei *leksikalsk kjede*. I ubestemt form har engelsk derimot veksling mellom *Ø/a*. Det ubestemte determinativet kan såleis seiast å ha pronomielle eigenskapar ved at *Ø* signaliserer fleirtal og *a* eintal. Dette opnar opp for binding og følgeleg uavhendeleg tolking, ein idé som blir styrkt av følgjande setning:

(91) John wouldn't lift a finger to help

I setninga i (91) får det ubestemte kroppsdelsnomenet *finger* uavhendeleg tolking, i tråd med predikasjonane.

I gjennomgangen av denne analysen frå Guéron (1983, 1985) i Guéron (2006) er det aldri klart nøyaktig kva type bindingsrelasjon vi har mellom lenkene i den leksikalske kjeda, som altså er eigar-DP-en og kroppsdels-DP-en. Guéron foreslår at det franske defintte determinativet er konstruert som den *pronomielle anaforen PRO* i setningar med uavhendeleg eigedom. Vi har alt sett at determinativet har pronomielle eigenskapar, som ifølge Guéron gjer at det kan bindast og gi uavhendeleg tolking. Samanfallande distribusjon mellom uavhendelege kroppsdels DP-ar med eit defintt determinativ som *la* og anaforar som *himself* eller *seg sjølv*, blir brukt som argument for at franske defintte determinativ også er anaforiske, jf. (92) og (93) under. Døma i (92)a. – d. og i (93)c. – d. har eg konstruert sjølv for å gjere parallellen med anaforar klarare.

(92) Både anafor og kroppsdels-DP må c-kommanderast av antesedenten

- a. *Le frère de Jean_j a levé la_{PROj} main
'Broren til Jean_i løfta handa_i'
- b. Le frère_j de Jean a levé la_{PROj} main
'Broren_i til Jean løfta handa_i'
- c. *Broren til Jean_j løfta seg sjølv_j
- d. Broren_j til Jean løfta seg sjølv_j

(93) Både anafor og kroppsdels-DP må stå i same minimale setningsdomene som antesedenten

- a. Jean_j a persuadé Marie_k de [PRO_k lever la_{PROk} main]
- b. *Jean_j a persuadé Marie_k de [PRO_k lever la_{PROj}main]
- c. Jean_j overtalte Marie_k til [å PRO_k løfte seg sjølv_k]
- d. *Jean_j overtalte Marie_k til [å PRO_k løfte seg sjølv_j]

På bakgrunn av den samanfallande distribusjonen mellom anaforar og kroppsdelsnomen som får uavhendeleg tolking, slår Guéron fast at *la* og dei andre definite determinativa i fransk både er pronomielle og anaforiske, slik PRO også blir rekna som både pronominell og anaforisk. Guéron tar så dette vidare og hevdar at det definite determinativet *er* PRO og er underlagt dei same teoretiske restriksjonane som PRO, i setningar med uavhendeleg eigedom. Guéron går også ut frå at determinativet manglar Kasus og brukar dette som argument for at *la* er PRO og ikkje pro (Guéron 1985:46).

PRO er ein usynleg NP som får theta-rolle, men ikkje Kasus. Analysen av *la* som PRO er problematisk ettersom PRO oftast blir forstått som eit argument som ikkje er styrt. I setningane over er derimot *la*_{PRO} (*la* konstruert som PRO) styrt, gitt samanlikninga med anaforar.

Den teoretiske statusen til PRO er vigd mykje plass i GB-teori. Som pronominell anafor skulle PRO på same tid vore underlagt Prinsipp A (anaforar) og Prinsipp B (pronomen) i bindingsteorien. Dei to prinsippa står i konflikt med kvarandre sidan Prinsipp A krev at argumentet er bunde i styringskategorien sin, medan Prinsipp B krev at argumentet er fritt, altså ikkje styrt, i styringskategorien sin. Standardløysinga på denne konflikten har vore å gå ut frå at PRO ikkje er styrt og altså ikkje har nokon styringskategori i det heile. Det er dette som utgjer PRO-teoremet (Chomsky 1981). Eit problem med tilnærminga til Guéron er altså at det innanfor denne teorien ikkje går opp å samanlikne distribusjonen til PRO med distribusjonen til reine anaforar, slik som i (92) og (93), sidan dei to står i motsetnad til kvarandre; anaforar står i styrte posisjonar, PRO står i ustyrte posisjonar. Sjølv om *la* kan seiast å vere anaforisk, slik Guéron forstår det, er det anaforisk på ein heilt annan måte enn PRO kan seiast å vere anaforisk.

Det som ikkje kjem fram i Guéron (2006), er at analysane frå 1983 og 1985 (til dels) baserer seg på Manzini (1983) sin teori om PRO og binding. Der blir kontrollteori forsøkt redusert til bindingsteori, og PRO blir analysert som ein rein anafor. Men terminologien og analysen til Guéron er problematisk også sett i lys av denne teorien.

Guéron (1983, 1985) foreslår altså ein strengt strukturell analyse av uavhendeleg eigedom og av skilnadene mellom engelsk og fransk i denne typen strukturar. Men mangelen på presisjon gjer det ugrent å få tak på nøyaktig kva strukturell forklaring ho argumenterer for.

3.2.1.1 PO-konstruksjonen (struktur III)

Av strukturane Guéron tar for seg, er det struktur III som ligg nærmast dei norske PO-setningane eg analyserer i denne oppgåva. Som vi såg i (90), er denne strukturen også spesiell hos Guéron fordi han er den einaste som tillèt uavhendeleg tolking av kroppsdelnomenet når vi nyttar definitiv determinativ på engelsk.

Guéron sin analyse av PO-setningar har som utgangspunkt at ein også her har ei leksikalsk kjede som lenkar saman eigar-DP-en og kroppsdel-DP og gjer at dei blir tolka som eitt argument. Spørsmålet er korleis bindinga mellom DP-ane skjer, når *the*, som vi har sett, ikkje kan bindast. I Guéron (1985) blir det foreslått at kroppsdel-DP-en i PO-setningar inneheld den fonetisk tomme NP-en PRO som i (94).

- (94)
- a. J'ai frappé Jean_i [PP sur [DP la tête PRO_i]] 'Eg slo Jean på hovudet'
 - b. I hit John_i [PP on [the head PRO_i]]

Guéron argumenterer altså for at det finst eit PRO perifert i kroppsdel-DP-en både i engelske og franske PO-setningar.

3.2.1.2 Semantiske restriksjonar

I alle dei tre strukturane Guéron tar for seg, er det semantiske restriksjonar på kva verb som kan brukast. Struktur I, (95), krev mellom anna at verbet skildrar det ho kallar «a simple physical gesture» (Guéron 2003:211) for at vi skal få uavhendeleg tolking, noko verbet *chatouiller* («kittle») tilsynelatande ikkje gjer. Struktur II, (96), tar ikkje «statiske» verb.

- | | | | |
|------|--------------------------|------|----------------------|
| (95) | *Jean chatouille la main | (96) | *Je lui aime la main |
| | Jean kitlar handa | | Eg han likar handa |

I Guéron si tilnærming må også dette forklarast syntaktisk. Eg går ikkje inn på detaljane rundt dette her, men løysinga ho foreslår, inneber mellom anna reanalyse av verb og objekt i struktur I, innføring nytt syntaktisk inventar som leksikalske kjeder, slik vi har sett, og bestemte krav til desse, og innføring av eit skilje mellom primære og eksterne theta-roller (sjå elles Guéron (1983; 1985; 2006) for detaljar).

3.2.1.3 Kritikk

Eg har alt synt at det er mykje som er uklart i analysane til Guéron, spesielt når det gjeld *kontroll* og *binding*. Det gjer det vanskeleg både å forstå og vurdere teoriane hennar. Det er likevel ting ein kan innvende mot desse analysane, og somme svakheiter har også Guéron sjølv peika på. Her nemner eg nokre sentrale punkt, men sjå meir i Guéron (2003; 2006).

For det første erkjenner Guéron, etter kritikk frå König (1999), at innføringa av *leksikalske kjeder* ikkje er godt nok motivert. Medan lenkene i syntaktiske kjeder elles har identisk referanse, refererer lenkene i Guéron sine leksikalske kjeder berre til element i del-heile-relasjon til kvarandre, nemleg personar og kroppsdelar (Guéron 2006:602). For det andre peiker også Guéron sjølv på at ein må ha kongruens mellom det bindande og det bundne elementet i kontrollstrukturar og reflektivstrukturar, som ho reknar som strukturar med *anaforisk binding*, jf. (97). Kongruens mellom det ho reknar som det bindande og det bundne er derimot ikkje eit krav i strukturar med kroppsdelnomen med uavhendeleg tolking, jf. (98) (Guéron 2003:198).

(97) *Jean_i veut [PRO_i partir seules_i]
Jean_{sg} vil fare åleine_{pl}

(98) Le_i jeune homme a lavé les_i mains
Den unge mannen_{sg} vaska hendene_{pl}

I tillegg kan vi ta tak i påstanden om at determinativ ikkje har Kasus, som Guéron brukte som argument for at *la* var PRO og ikkje pro³². Denne påstanden står i motsetning til den gjengse oppfatninga av at determinativet har Kasus. I eit kasusspråk som tysk er det nettopp på determinativet vi ser kasusmarkering. Dersom determinativet likevel har Kasus, er det vanskelegare å argumentere for at determinativet er PRO, som ikkje får Kasus ettersom det ikkje er styrt av ein Kasustilordnar. Dersom determinativet ikkje har Kasus, slik Guéron hevdar, er det uklart korleis det passerer Kasusfilteret, som seier at ein fonetisk realisert DP må ha Kasus.

³² Dette er berre ein påstand i Guéron (1985). I gjennomgangen ho sjølv gir av denne artikkelen i Guéron (2006), skriv ho at determinativet i utgangspunktet har Kasus.

Det må i tillegg seiast å vere ein rein stipulasjon at ein tilsynelatande enkel DP som *la main* (handa) har to ulike strukturar, som begge inneheld PRO, men på ulikt vis, avhengig av om han er del av struktur I eller II, (99), på ei side, eller struktur III, (100), på ei anna.

- | | | |
|-------|--|----------------------------|
| (99) | Jean donne [_{la_{PRO}} main] à Marie | ‘Jean gir handa til Marie’ |
| (100) | Jean a frappé Marie sur [la main PRO] | ‘Jean slo Marie på handa’ |

Utgangspunktet for å stipulere to ulike strukturar for *la main* var at berre den siste av desse har ein tilsvarande struktur med definitiv determinativ i engelsk. At *la* og *the* har ulike funksjonar i mange av strukturane med kroppsdelnomen er klart, men det er lite som tyder på at dette er direkte relatert til binding, og at det legitimerer to ulike analysar av *la main* i fransk.

Det er i det heile tatt litt uklart kva det er Guéron vil forklare ved å appellere til binding/kontroll. På den eine sida ser det ut til at den strukturelle relasjonen mellom eigar og kroppsdel skal forklare at desse har overlappende referanse og altså blir tolka i ein del-heile-relasjon. På den andre sida ser kontroll/binding ut til å skulle forklare kva syntaktisk omgjevnad *la* kan gi uavhendeleg tolking i, og kva omgjevnad ein i staden må bruke det possessive determinativet *sa* i. Kva DP i setninga PRO deler referanse med, som er det kontrollteori i utgangspunktet skulle gjere greie for (slik det blir formulert i Trask (1993:218)), ser ikkje ut å vere del av forklaringsambisjonen til kontrollteorien hos Guéron. Vi veit med andre ord ikkje *kvifor* det er subjektet som er del av den leksikalske kjeda i (101), medan det er det indirekte objektet som er del av kjeda i (102).

- | | | |
|-------|---|-------------------------|
| (101) | Jean _i lui donne la _i main (struktur I) | ‘Jean gir ho handa si’ |
| (102) | Jean lui _i prends la main _i (struktur II) | ‘Jean tar handa hennar’ |

GB-teoriar av kontroll og PRO blir kritiserte mellom anna av Culicover og Jackendoff (2006), som viser at referansen til PRO i hovudsak er avhengig av semantiske faktorar. Eg ser dermed ikkje ein kontroll/bindings-analyse som Guéron (1983, 1985) som det beste utgangspunktet for å forstå korleis kroppsdelar kan få avhendeleg eller uavhendeleg tolking.

Det er også langt fleire semantiske restriksjonar knytte til verbsemantikk i konstruksjonar med uavhendeleg eigedom enn dei Guéron først kartla i Guéron (1983, 1985). Vi såg at ein del semantiske restriksjonar blei forklarte strukturelt gjennom å foreslå ei rekke syntaktiske tilleggsmekanismar i desse tidlegaste analysane. Guéron held fram i leitinga etter strukturelle forklaringar på uavhendeleg eigedom og på semantiske restriksjonar også i nyare analysar, der det er blitt peika på endå fleire semantiske restriksjonar å ta omsyn til. Per 2006 slår ho likevel

fast at ingen enno har klart å gi fullgode strukturelle analysar av strukturar med uavhendeleg eigedom, som dei vi har sett eit forsøk på å analysere her.

På bakgrunn av det som er sagt her, meiner eg det kan vere fruktbart å undersøke ein analyse av setningar med kroppsdelnomen som ikkje går ut frå alle aspekt ved tolkingane av desse skal forklarast syntaktisk. Eit forslag til ein alternativ analyse blir gitt i kapittel 4, med ein diskusjon av tolkinga av kroppsdelnomena spesielt, under 4.2.3.5.

3.3 Julien (2005)

Marit Julien gir ei kort behandling av uavhendeleg eigedom i arbeidet sitt om nominalfrasar i skandinavisk frå 2005 (Julien 2005:188-193). Av uavhendeleg eigedomskonstruksjonar legg ho mest vekt på konstruksjonar med ord for slektingar. Ho nemner likevel kort *kroppsdel* på X-konstruksjonen, og sist i denne gjennomgangen gjengir eg det ho seier om denne. Julien skriv innanfor eit minimalistisk rammeverk.

I norsk finn vi eit synleg grammatisk skilje mellom avhendeleg og uavhendeleg eigedom i DP-ar med postnominal possessiv. DP-ar med postnominal possessiv er slike som *boka mi*, *handa mi* og *søster mi*. I denne typen konstruksjonar må nomenet som blir eigd, vanlegvis ha etterhengt bestemt artikkel, men som vi kan sjå av (104)b, og som eg har vore inne på tidlegare, kan ein del ord for slektingar stå utan den etterhengte bestemte artikkelen. Julien argumenterer for at *søster* i (104)b likevel står i bestemt form, men at bestemtheita berre ikkje er gjort morfologisk synleg på nomenet.

(103)

- a. boka mi
- b. *bok mi

(104)


- a. søstera mi
- b. søster mi

Ifølge Julien er det ein del variasjon blant språkbrukarane når det gjeld denne konstruksjonen. Ikkje alle godtek forma i (104)b, og blant dei som gjer det, varierer det nøyaktig kva ord for slektingar som kan brukast i denne forma. For eksempel er det somme som berre brukar konstruksjonen med *far* og *mor*. Andre brukar konstruksjonen i (104)b med *mor*, *far*, *dotter*, *son*, *søster*, *bror*, *tante*, *onkel*³³ og samansetningar der eit av desse er sisteledd.


³³ *Tante mi* og *onkel min* trur eg ikkje er like utbreidde, men Tor A. Åfarli rapporterer at han sjølv brukar desse (personleg kommunikasjon).

I Julien sin analyse av desse dataa er hovudforskjellen mellom dei aktuelle nomena for slektningar og andre nomen at nomena for slektningar har eit ibuande POSS-trekk. Desse orda er av natur possessivaktige, og det gir seg utslag i den syntaktiske derivasjonen. Julien foreslår følgande strukturar for vanleg avhendeleg eigedom med postnominalt possessiv, (105), og uavhendeleg eigedom med postnominal possessiv, (106). Her har eg berre tatt med trekka som er relevante i denne samanhengen. Dei øvste nivåa i DP-en er utelatne.

(105) Avhendeleg postnominal eigedom



(106) Uavhendeleg postnominal eigedom med ord for slektningar



Her ser vi at strukturen i (106) har eit POSS-trekk i N som strukturen i (105) ikkje har. Begge strukturane har eit DEF-trekk i *n* og eit POSS-trekk i D. Merk at hos Julien er dette trekket i *n* markert som POSS for å synleggjere at det blir valuert av POSS-trekket i D (Julien 2005:146).

Julien sin analyse går i korte trekk ut på at POSS/DEF-trekket i *n* ikkje treng å synleggjerast morfologisk når vi har eit nomen med eit ibuande POSS-trekk (*søster*) og eit postnominalt possessiv (*mi*) som også har eit POSS-trekk. Grunnen til det er at POSS-trekket i N, som nomen som *søster* har, er tilstrekkeleg som synleggjering av POSS/DEF.

Julien hevdar altså at både *bok* og *søster* står i bestemt form når vi har ein postnominal possessiv. Skilnaden mellom *boka mi* og *søster mi* er at bestemtheit ikkje er morfologisk synleg på *søster*. Eit argument for at *søster mi* faktisk har bestemt form, slik Julien hevdar, er at om ein føyer til eit adjektiv, må dette ha svak bøyning, og vi må ha eit definitiv determinativ framfor, jf. (107).

- (107) a. den ville søster mi
- b. *ei vill søster mi

Den syntaktiske mekanismen bak bestemtheita på nomenet er at det uvaluerte DEF-trekket i *n* blir valuert av POSS-trekket i D, slik at heile DP-en får verdien [+DEFINITT]. Dette vil gjelde både for slektskapsnomen og andre nomen. At eit POSS-trekk kan valuere eit DEF-trekk, må kunne kallast ein stipulasjon; ulike trekk kan ikkje vanlegvis evaluere kvarandre. Men tanken bak er altså at det ser ut til å vere ein tydeleg samanheng mellom nærvær av postnominale possessiv og bestemtheit i dei fleste skandinaviske språka, jf. (107) (Julien 2005:145-146, Julien viser i tillegg til Vangsnes (1999), som også peikar på ein samanheng mellom POSS og DEFINITT).

Når DEF i *n* så ikkje treng gjerast synleg på *søster*, er det ifølgje Julien fordi DEF-trekket i *n* blir identifisert av POSS-trekket i N, sjå strukturen i (106). I (105) finst det derimot ikkje noko POSS-trekk i N som kan identifisere DEF-trekket i *n*. Då må DEFINITT-verdien gjerast synleg på nomenet som ein etterhengt bestemt artikkel, seier Julien.

Julien analyserer også ein liknande konstruksjon i islandsk, men der *n* kan vere indefinitiv, slik som i (108).

- (108) einn vinur min

Ifølgje Julien kan *n* vere indefinitiv her fordi possessivet (*min*) kan lisensierast av POSS-trekket i N (*vinur*), i denne grammatikken. I (105) og (106) var det derimot kongruensen mellom possessivet og *n*, som innebar at *n* fekk verdien DEFINITT, som lisensierte possessivet.

Her har eg gått gjennom Julien sin analyse av den grammatiske skilnaden mellom (somme) ord for slektningar og andre nomen ved bruk av postnominal pronominal possessiv.

Når det gjeld ord for kroppsdelar, oppfører desse seg syntaktisk på same måte som andre nomen i denne konstruksjonen, jf. døma i (109) under. Julien merker seg likevel moglegheita ein har til å plassere eigaren i ein *på*-PP når det som blir eigd, er ein kroppsdel. Denne strategien er ikkje mogleg med ord for slektningar. Dette ser vi i (110).

(109) a. *handa mi*
b. **hand mi*

(110) a. *hendene på jenta*
b. **søstrene på jenta*

I postnominale possessiv-PP-ar finn vi som regel preposisjonen *til/åt*, men når det som blir eigd er ein kroppsdel, kan ein bruke *på*. Julien vier ikkje denne konstruksjonen mykje merksemd, men peiker berre på at ein her brukar den same preposisjonen som i del-heile-relasjonar meir generelt (Julien 2005:189). Islandsk har ein liknande konstruksjon, der ein kan ha kroppsdel-PP-ar med både *i* og *på*. Om desse seier Julien at ho mistenker dei for å vere partitiv-uttrykk heller enn *ekte* possessiv (Julien 2005:142). Dermed er det uklart om ho ville analysert konstruksjonen i (110) som ein possessivkonstruksjon i det heile. Oppfatninga til Julien ser altså ut til å stå i motsetning til Lødrup (2009a), som vi skal sjå argumenterer imot ein partitivanalyse og delvis for ein possessivanalyse av (110).

3.3.1.1 Kritikk

Her tar eg først opp eit punkt som ikkje er ein kritikk til sjølve analysen til Julien. I staden handlar det om kvifor eg ikkje kan bruke den gjennomgatte analysen i analysen av PO-setningar.

Analysen av konstruksjonen med ord for slektningar kan vanskeleg overførast til konstruksjonar med ord for kroppsdelar ettersom kroppsdelord oppfører seg som ordinære nomen i denne konstruksjonen. Vi må seie *handa mi*, ikkje **hand mi*. Dette punktet illustrerer også kor vanskeleg ein kategori *uavhendeleg eigedom* er å definere, slik eg har vore inne på tidlegare. Frå ein semantisk ståstad er det ingenting som tilseier at *søster* har eit ibuande POSS-trekk og at nomen som *niese* og *nabo* ikkje har det. Om vi tar merkelappen *uavhendeleg eigedom* som ein heilskapleg semantisk og grammatisk merkelapp, er det heller ingenting som tilseier at *hand* ikkje skulle ha eit slikt trekk. Vi må altså forstå POSS-trekket som eit reint syntaktisk trekk, som er stipulert for å kunne gi ei syntaktisk derivasjonell forklaring på skilnadene mellom *søster mi*, **bok mi*, **niese mi* og **hand mi*.

Ein kunne tenke seg til ein teori der alle uavhendelege possessivrelasjonar hadde felles underliggande syntaks på eit eller anna nivå. I ein slik tankegang kunne analysen av konstruksjonar som *søster mi* seie oss noko om analysen av PO-setningar som *ho trakka han på foten*. Dette ser ikkje ut til å vere tilnærminga til Julien, som hevdar at når ein gitt possessivkonstruksjon er kompatibel med fleire ulike possessivrelasjonar, må det avgjerast utanfor syntaksen nøyaktig kva possessivrelasjon som er den relevante. Berre når vi har ein konstruksjon som er reservert for ein bestemt type possessivrelasjon, slik som med *søster mi*, får vi ein eigen syntaktisk analyse for nettopp denne possessivrelasjonen (Julien 2005:139). At vi ikkje har ein eigen syntaks for uavhendeleg eigedom, vil altså heller ikkje eg gå ut ifrå.

Det er eit svakt punkt ved Julien sin analyse at han ofte liknar ei rein gjentaking av empiriske observasjonar i eit meir teoretisk språk. Når ein t.d. kan bruke *einn vinur minn* i islandsk, men ikkje i norsk, er det ifølgje Julien fordi POSS-trekket i *vinur* kan lisensiere possessivet i islandsk. I norsk derimot er det kongruensen mellom *n* og possessivet som lisensierer possessivet. Gjentaking av empiriske fakta i eit teoretisk språk er eit kjennemerke for modellkonstruerande teoriar, men om det teoretiske språket ikkje gir oss større generaliseringar, fortel han oss ikkje lenger noko nytt, og han mistar eksplanatorisk verdi (Áfarli 2000).

På bakgrunn av dette er det ingenting frå Julien sin analyse av uavhendeleg eigedom som eg vil ta med meg vidare til min eigen analyse av PO-setningar.

3.4 Lødrup (2009a, 2009b)

I norsk er det Helge Lødrup som har arbeidd mest med uavhendeleg eigedom. Her gjennomgår eg delar av det han seier om *kroppsdelen på X*-konstruksjonen (Lødrup 2009a) og om PO-konstruksjonen (Lødrup 2009b).

3.4.1.1 *Kroppsdelen på X*

I norsk kan *kroppsdelen på X* følgje etter ein preposisjon, som i (111), eller følgje rett etter verbet, som i (112).

(111) Det flaug ein fugl over hovudet på han

(112) Dei måtte fjerne levera på han

To hovudpunkt i Lødrup sin analyse av setningar som dei over er for det første at *på han* enten kan vere internt i kroppsdel-DP-en eller eksternt som ein sjølvstendig konstituent, og for det andre at *kroppsdel på X*, som eg for å lette framstillinga berre refererer til som *hovudet på han*, ikkje skal analyserast som ein partitivkonstruksjon.

På bakgrunn av testar med flytting og utbryting konkluderer Lødrup med at vi alltid har éin konstituent når *hovudet på han* følger ein preposisjon. Då er PP-en intern. Dette er illustrert i (113), med eksempel og akseptabilitetsvurderingar frå Lødrup (2009a).

(113) (NP)(PP)

- a. Det fløy en fugl over *hodet på ham*
- b. *Over hodet på ham* fløy det en fugl
- c. Det var ikke bare *over hodet på ham* det fløy fugler
- d. **Over hodet fløy en fugl på ham*

Når *hovudet på han* følger rett etter eit verb, kan denne sekvensen ha både ein éin-konstituent-analyse og ein to-konstituent-analyse. Slike setningar kan altså ha ein struktur med intern PP og ein annan struktur med ekstern PP. Dette er illustrert i (114).

(114) (NP)(PP) eller (NP(PP))

- a. De måtte fjerne *leveren på ham*
- b. *Leveren på ham* måtte de fjerne
- c. Det var ikke bare *leveren på ham* de måtte fjerne
- d. *Leveren måtte de fjerne på ham*

Lødrup reknar DP-eksterne *på han*-sekvensar som indirekte objekt med den semantiske rolla benefaktiv/malefaktiv. Når *på han*-sekvensen er internt i kroppsdel-DP-en, får han éi semantisk rolle i lag med resten av kroppsdel-DP-en.

Denne typen *hovudet på han*-sekvensar har ikkje fått mykje merksemd tidlegare, men både Faarlund et al. (1997:440-442) og Julien (2005:189) ser dei i samanheng med partitivuttrykk (Lødrup 2009a:223). For Lødrup er det derimot eit sentralt poeng å vise at slike konstruksjonar med *på han* internt i DP-en ikkje bør analyserast som partitivkonstruksjonar, som han også reknar med har PP-en internt i DP-en. På bakgrunn av Lødrup (2009a) kan vi sette opp følgande fire punkt for skilnader mellom partitivkonstruksjonar og konstruksjonar med intern *på han*³⁴.

³⁴ Døma og akseptabilitetsvurderingane er Lødrup sine

1. *Hovudet på han* kan ikkje vere subjekt i setninga
 - a. **Hodet på ham* kom borti bordet (da han falt) *hovudet på han*
 - b. *Håndtaket på døren* kom borti bordet (da Ola sparket den inn) *partitiv*
 - c. *Hodet på skruen* sprakk *partitiv*

2. I *Hovudet på han* og tilsvarende sekvensar må kroppsdelen nesten alltid stå i eintal, sjølv om eigarane og det samla talet på kroppsdelar eigentleg er i fleirtal
 - a. Det kom røyk ut av *munnen*/**munnene på barna* *hovudet på han*
 - b. Røyk kom ut av *pipen*/*pipene på husene* *partitiv*

3. *Hovudet på han* kan berre få innsnevrande modifisering
 - a. *De vasket det skitne *hodet på ham* (*ikkje innsnevrande*) *hovudet på han*
 - b. De vasket den skadete *fingeren på ham* (*innsnevrande*) *hovudet på han*
 - c. De pusset det skitne *håndtaket på døra* (*ikkje innsnevrande*) *partitiv*

4. *Hovudet på han* må stå i ein «fysisk kontekst»
 - a. *Legene tenkte på *magen på dem* *hovudet på han*
 - b. De tenkte på *hodet på skruen* *partitiv*

På bakgrunn av skilnadene mellom *hovudet på han*-sekvensen og partitivkonstruksjonane over slår Lødrup altså fast at DP-intern *på han* ikkje kan analyserast som ein partitivkonstruksjon. I staden spekulerer han på om den interne *på han*-sekvensen kan ha blitt eitt nytt postnominalt possessiv reservert for kroppsdelsnomen. Eit argument for ein slik analyse er at den interne *på han*-sekvensen, i følge Lødrup, ser ut til å krevje bestemt form av nomenet, jf. (115) – (118). Kravet om bestemt form gjeld som vi har sett også andre possessiv (jf. Julien 2005)³⁵.

- (115) De måtte operere en finger på henne
 (116) ?? *En finger på henne* måtte de operere
 (117) ?? Det var ikke bare *en finger på henne* de måtte operere
 (118) Det var infeksjon i fingrene på henne/??*en finger på henne*

Dei akseptable eintalsformene i (115) og (118), og mangelen på akseptabilitet i (116) og (117), kan då forklarast ved at berre dei førstnemnde også opnar for ei lesing der *på han* er DP-ekstern, gitt V2-regelen i norsk. Merk at det berre er versjonen med *på han* internt Lødrup vurderer som eitt nytt possessiv.

³⁵ Døma og akseptabilitetsvurderingane er Lødrup sine.

Utfordringar i Lødrup si behandling av *hovudet på han*-konstruksjonar er det eg meiner er tvilsamme grammatikalitetsvurderingar, og i tillegg at det aldri blir spesifisert kva ein partitivkonstruksjon er. Dette kjem eg tilbake til.

3.4.1.2 PO-konstruksjonen

Lødrup tar også for seg PO-konstruksjonar med og inergative verb (Lødrup 2009b). Denne analysen er utarbeidd innanfor eit LFG-rammeverk.

Lødrup argumenterer for at PO-konstruksjonen med transitivt, (119), og inergativt verb, (120), er heilt parallelle konstruksjonar. I begge konstruksjonane er det possessive objektet eit direkte objekt.

(119) Transitivt verb

- a. Han kyssa ho på kinnet
- b. Han kyssa ho

(120) Inergativt verb

- a. Han trakka ho på foten
- b. *Han trakka ho

Lødrup argumenterer vidare for at den einaste skilnaden mellom transitive og intransitive PO-setningar, er at objektet ikkje får theta-rolle frå verbet når dette er inergativt. I PO-setningar med transitivt verb får objektet ei patiens-rolle frå verbet og ei possessor-rolle frå kroppsdelnomenet. I PO-setningar med inergativt verb frå objektet berre ei possessor-rolle frå kroppsdelnomenet.

Ettersom Lødrup har eit leksikalistisk utgangspunkt, går mykje av denne analysen ut på å argumentere for at inergative verb faktisk kan ta direkte objekt i visse konstruksjonar. Her gjengir eg ein del av denne argumentasjonen fordi han utgjer ein interessant parallell til mein eigen diskusjon av statusen til det possessive objektet i delkapittel 4.2.3.1. I motsetning til Lødrup (2009b) landar eg på ein analyse av det possessive objektet som eit indirekte objekt.

Inergative verb er intransitive verb som i utgangspunktet berre tar subjekt, ikkje objekt. Lødrup sin påstand er at *ho* i dei akseptable setningane over likevel er direkte objekt både i (119) og (120), men at det direkte objektet altså er (det han referer til som) «ikkje-tematisk» i (120) (Lødrup 2009b:421). Han argumenterer for denne moglegheita ved å vise til resultatsetningar, der det i følgje Lødrup også har vore vanleg å anta at eit inergativt verb kan ta eit «ikkje-tematisk» objekt (Lødrup 2009b:425):

(121) Han tråkket føttene hennes gule og blå

At det direkte objektet må vere «ikkje-tematisk» ved inergative verb, argumenterer han vidare for ved å vise til at inergative verb ikkje kan brukast i konstruksjonar med adjektivisk passiv:

(122) Nykysset på munnen kom hun løpende

(123) *Nyklasket på baken kom hun løpende

Grunnen til at (123), i følge Lødrup, er ugrammatisk, er at adjektivisk passiv berre kan derivast frå eit passivpartisipp med tematisk subjekt, jf. *ho er nykyssa* og *??ho er nyklaska*. Dersom objektet er «ikkje-tematisk» ved inergative verb, slik Lødrup analyserer det, må det vere eit direkte objekt, for «ikkje-tematisk» indirekte objekt finst ikkje (Lødrup 2009b:428).

I Lødrup sin analyse av PO-setningar deler kroppsdelnomenet som nemnt ut ei possessor-rolle til objektet. Her er det med andre ord utdelinga av denne tematiske rolla til objektet, som forklarar at kroppsdelnomenet blir tolka som eigd av nettopp objektet.

3.4.1.3 Kritik

Ein del av grammatikalitetsvurderingane i Lødrup (2009a, 2009b) meiner eg er tvilsame. Det gjeld spesielt i (116), (117) og (123). Setningar med kroppsdelnomen er ofte vanskelege å gi klare bedømingar av, men dersom (116) og (117) er akseptable, slik dei eg har spurt meiner at dei er, svekker det Lødrup sin teori om at DP-intern *på han* er eit nytt possessiv. Bestemtheit er i så fall ikkje eit krav til dette nye possessivet. Dersom ein meiner (123) er akseptabel, slik dei eg har spurt er heilt klare på, svekker det påstanden om at objektet er ikkje-tematisk i PO-konstruksjonar med inergativt verb – gitt at ein godtar dei teoretiske oppfatningane som ligg til grunn hos Lødrup.

Eit anna problem hos Lødrup er at det er uklart kva det inneber at eigarleddet ikkje får ei eiga semantisk rolle, slik det er når *på han* er DP-intern (i motsetning til når *på han* er DP-ekstern og får rolla benefaktiv/malefaktiv). Lødrup skriv mellom anna: «When the PP [*på han*] is a modifier of the body part noun, it cannot have any direct semantic relation to the verb» (Lødrup 2009a:237). Dei semantiske konsekvensane av dette illustrerer han ved å vise til setningane *Det fløy en fugl over hodet på ham* og *Sår i underlivet på den drepte viste også at...* der eigarane, *ham* og *den drepte*, ikkje blir påverka av verbhandlingane. Her ser det med andre ord ut til å skulle vere ein samanheng mellom at eigarleddet ikkje får semantisk rolle frå verbet og at eigarleddet ikkje blir påverka av verbhandlinga. I andre setningar som Lødrup gir ein tilsvarande

syntaktiske analyse, er det derimot verre å hevde at eigarledda ikkje blir påverka. Nokre døme er *noen stappa ting ned i buksa på ham* (Lødrup 2009a:235), *jeg sprutet insektmiddel i håret på ham* (Lødrup 2009a:233)³⁶ og *eg slo jo olbogen i trynet på legen min*³⁷. Det same problemet møter vi i analysen av PO-setningar, der det blei hevda at objektet til transitive verb får ei patient-rolle, medan objektet til intransitive verb ikkje får noka semantisk rolle frå verbet i det heile. At *ho* i *eg trakka ho på foten* blir like påverka av verbhandlinga som *ho* i *eg kyssa ho på munnen*, er det likevel liten tvil om.

Lødrup argumenterer også for at DP-intern *på han* ikkje skal analyserast som ein partitivkonstruksjon – utan at det blir spesifisert kva ein partitivkonstruksjon er. Semantisk sett er det ikkje tvil om at relasjonen mellom ein uavhendeleg kroppsdel og eigaren av kroppsdelen *må* vere ein partitivrelasjon. Spørsmålet er om denne relasjonen blir grammatisk koda på same måte når det er ein partitivrelasjon mellom eit menneske og ein kroppsdel som når det er ein partitivrelasjon mellom noko ikkje-menneskeleg og ein del av dette. Når det gjeld skilnadene mellom DP-intern *på han* og partitivkonstruksjonar, som blei samanfatta i 1. – 4., meiner eg dømet i 2b, *røyk kom ut av pipa/pipene på husa*, er misvisande. Dette dømet skulle vise at *delen* kan stå i fleirtal i partitivkonstruksjonar, men ikkje i *kroppsdelen på han*-konstruksjonen. Problemet er at eit hus kan ha fleire piper og at det kan bidra til å akseptabilisere bruken av fleirtalsform på eigarnomenet i *røyk kom ut av pipene på husa*. Ei flaske har til samanlikning berre éin tut. Om vi så seier *røyk kom ut av tuten/*tutane på flaskene*, gir fleirtalsforma sterkt inntrykk av at kvar flaske har fleire tutar, på same måte som i **munnene på barna*. Dersom det er eit skilje mellom partitivkonstruksjonar og konstruksjonar med DP-intern *på han*, slik Lødrup argumenterer for, har dei likevel oppførselen i 2b til felles.

I Lødrup sitt arbeid med uavhendeleg eigeidom med kroppsdelar er det i første rekke uklare akseptabilitetsvurderingar og uklare teoretisk påstandar som gjer at eg meiner det er rom for å undersøke desse konstruksjonane på nytt.

3.5 Oppsummering

I dette kapitlet har eg gått gjennom sentrale punkt i fire arbeid som tar for seg strukturar med uavhendeleg eigeidom. I gjennomgangen av dei ulike analysane har eg også peika på utfordringar

³⁶ Denne setninga inneber ikkje nødvendigvis påverking, men gjer det om vi erstattar *håret* med *ansiktet*.

³⁷ Dette er mitt eige døme, men strukturen er etter alt å døme den same som i Lødrup sine setningar.

og på moment som gjer at desse analysane ikkje er fullgode alternativ for analysen av norske PO-setningar.

Heine (1997b) gir eit svært interessant overblikk over possessivstrukturar i verdas språk, men gir ikkje ein inngåande nok analyse av PO-setningar til at eg kan bruke han vidare her. For Guéron (1983, 1985) konkluderte eg med at forsøket på å forklare syntaktiske og semantiske aspekt ved uavhendeleg eigedom ved å redusere dei til både kjende og nystipulerte syntaktiske mekanismar, var mislykka. Julien (2005) fokuserer på strukturar der det er ord for slektningar som er uavhendelege eigedommar. Analysen av desse kan ikkje overførast direkte til strukturar med ord for kroppsdelar. Analysane og kartlegginga av uavhendeleg eigedom i Lødrup (2009a, 2009b) er vaklande mellom anna med omsyn til grammatikalitetsvurderingar, så desse dataa kan med fordel få ei ny grundig undersøking. Det er med andre ord rom for nye analysar av konstruksjonar med uavhendelege kroppsdelnomen i norsk, også av PO-konstruksjonen spesielt.

Eit sentralt spørsmål i fleire tidlegare analysar av konstruksjonar med uavhendelege kroppsdelnomen, er korleis den semantiske relasjonen mellom kroppsdelnomenet og eigarargumentet blir etablert syntaktisk. I 4.2.3.5 drøftar eg dette spørsmålet om referansen til kroppsdelnomenet i samband med analyse eg sjølv foreslår for PO-setningar, og vi vil sjå at eg ikkje kjem fram til noko klart svar på denne problemstillinga. Her kan det derfor vere høveleg å kort summere opp korleis referansen til kroppsdelnomenet blir etablert i dei gjennomgåtte analysane av PO-setningar: Hos Heine (1997b) var ikkje spørsmålet om referansen til kroppsdelnomenet like sentralt, men slik eg tolkar han, blir kroppsdelnomenet tolka som objektet sitt fordi det er objektet kroppsdel-PP-en *spesifiserer*. Hos Guéron (1983, 1985) var etableringa av referansen til kroppsdelnomenet derimot det drivande elementet i den syntaktiske analysen. Her var løysinga at kroppsdelnomenet blir tolka som uavhendeleg for det argumentet det er syntaktisk bunde av. Hos Lødrup (2009b) var det til sist den tematiske possessor-rolla kroppsdelnomenet delte ut til objektet, som etablerte ein eigedomsrelasjon mellom objektet og kroppsdelnomenet i PO-setningar.

4 ANALYSE

I dette kapitlet vil eg undersøke tre ulike hypotesar for analysen av PO-konstruksjonen. Analysen eg til slutt landar på, går ut på at PO-setningar har same syntaktiske struktur som ditransitive resultatative setningar, slik desse blir analyserte i Åfarli (2007). Det som på overflata skil PO-setningar og ditransitive resultatative setningar, er at medan dei ditransitive resultatative setningane har eit synleg småsetningssubjekt, har PO-setningane berre eit implisitt småsetningssubjekt. I tillegg opptre dei to setningstypene med ulike verb. I analysen eg foreslår, set eg desse to skilnadene i samanheng med kvarandre og hevdar at PO-setningar berre kan dannast med verb som har semantisk-konseptuelt innhaldet til å fylle plassen til småsetningssubjektet. Analysane eg undersøker, er i hovudsak syntaktiske analysar, men semantiske problemstillingar vil også vere svært sentrale.

Hypotesane eg undersøker, formulerer eg med utgangspunkt i dei basale syntaktiske rammene Åfarli (2007) foreslår for norsk. Åfarli foreslår at kvart språk har berre eit lite sett med basale syntaktiske rammer, og i norsk er talet på slike rammer fem. Eit så avgrensa tal på rammer er eit gunstig utgangspunkt for å undersøke den syntaktiske strukturen til ein gitt setningstype, då det gir oss relativt få hypotesar å teste. Samstundes vil det vere mogleg å eventuelt tilbakevise Åfarlis forslag om at vi berre fem basale syntaktiske strukturar tilgjengeleg i norsk.


Hovuddraga i teorien til Åfarli (2007) presenterer eg i delkapittel 4.1. Dei tre hypotesane for analysen av PO-setningar går eg gjennom i tur og orden i delkapittel 4.2. Den siste av analysane, som er den eg til slutt landar på, er også den som blir gitt mest plass. Til slutt i kapitlet, i delkapittel 4.3, tar eg for meg semantiske problemstillingar knytte til det nykonstruksjonistiske rammeverket og til analysen eg foreslår. Her er hovudbodskapet at nykonstruksjonistisk teori manglar ein klart formulert semantisk-konseptuell teori, noko som svekker den eksplanatoriske krafta til analysar innanfor dette rammeverket. I 4.4. summerer eg opp.

4.1 Analyseverktøy: Åfarli (2007)


Det er formulert fleire generative konstruksjonistiske teoriar, som er ei grein av grammatikkteoriar som kan seiast å vere i vinden. Hovudargumentasjonen for ei slik tilnærming til grammatikk blei presentert i kapittel 2.1. I analysen av PO-setningar tar eg utgangspunkt i den nykonstruksjonistiske teorien til Åfarli (2005, 2007). Desse to artiklane, Åfarli (2005) og Åfarli (2007) er essensielt dei same; den første er skriven på norsk og den andre på engelsk. I resten av kapittelet referer eg til Åfarli (2007) med mindre eg hentar noko spesifikt frå 2005-artikkelen.

Åfarli foreslår at alle språk har berre eit lite sett med basale syntaktiske strukturar, eller rammer, som alle setningane i eit språk er baserte på og kan analyserast ut ifrå. Han foreslår vidare at norsk har fem slike basale rammer. Desse rammene er gjevne i (124) –(128), her med leksikalske element sette inn i rammene.


(124) Ramme 1: intransitiv ramme




(125) Ramme 2: transitiv ramme




(126) Ramme 3: ditransitiv ramme



(127) Ramme 4: resultativ ramme



(128) Ramme 5: ditransitiv resultativ ramme



I dei syntaktiske rammene over er det altså sett inn døme på leksikalske element i dei opne posisjonane i ramma, som i utgangspunktet står tomme. Ei syntaktisk ramme er i denne teorien definert som «ein formell representasjon av syntaktiske og semantiske relasjonar» (Åfarli 2005:318). Setningar blir så til ved at ein set inn dei leksikalske elementa ein ønskjer, i ei av rammene som er tilgjengelege i språket ein snakkar, som i norsk er dei fem rammene over, ifølgje hypotesen i Åfarli (2007).

Som vi ser, er alle rammene utstyrte med ein PrP med ein predikasjonsoperator som syter for at eit predikasjonsforhold blir etablert mellom det leksikalske elementet på subjekts plass og dei leksikalske elementa i predikatet. Ramme 4 og 5 har også småsetningar nedst i strukturen, der vi finn ein tilsvarende predikasjonsoperator som på hovudsetningsnivået. Her følger Åfarli Bowers (1993). Predikasjon kjem eg nærmare inn på i 4.2.2. I tillegg til nivåa som er med i strukturane over, har dei fulle strukturane også TP- og CP-nivå. Rammene kan i tillegg utvidast med adjungerte ledd.

På same måte som i andre konstruksjonistiske teoriar er altså den syntaktiske strukturen uavhengig av dei leksikalske elementa. Verbet projiserer ikkje syntaktisk struktur, slik det er vanleg å gå ut frå i standard generativ grammatikk. Det vil samstundes seie at det at eit verb ikkje

opptrer i ein bestemd struktur, ikkje kan forklarast som at verbet ikkje projiserer denne strukturen. Når vi så møter på ei setning den som i (129), nyttar det ikkje å seie at denne ikkje er gangbar fordi *gå* er eit intransitivt verb som projiserer ein intransitiv struktur. Verb er ikkje intransitive eller transitive, dei *har* ikkje argumentstruktur, men *får* argumentstrukturen til ramma dei blir sette inn i. Det vil også seie at ein i konstruksjonistiske teoriar må finne andre svar på kvifor (129) ikkje er ei god norsk setning.

(129) *Kari går Julius

Ei løysing Åfarli (2007) foreslår, er at ei setning kan vere uakseptabel fordi det semantisk-konseptuelle innhaldet i verbet ikkje harmonerer med det semantiske innhaldet i den syntaktiske ramma. Brukar vi denne forklaringa på (129), er så denne setninga uakseptabel fordi det semantisk-konseptuelle innhaldet i *gå* ikkje harmonerer med det semantiske innhaldet i den transitive ramma. Brøseth (2007) poengterer, som eg har vist tidlegare, at sjølv om det finst mange ulike konstruksjonistiske tilnærmingar til grammatikk, har dei alle også noko til felles, nemleg at «syntactic constructions in a language carry meaning independently of the words in the lexicon» (Brøseth 2007:81). Påstanden blir då at det semantisk-konseptuelle innhaldet i *gå* ikkje harmonerer med den meininga den transitive ramma elles uttrykker. Nøyaktig korleis vi skal forstå dette, går eg nærmare inn på i neste delkapittel. Hypotesen om at graden av akseptabilitet er avhengig av graden av harmoni mellom rammesemantikken og dei innsette orda i setninga, vil eg referere til som «harmonihypotesen» (Skjærvik 2005).

I Åfarli (2007) blir også følgjande hypotese formulert: «My working hypothesis is that *any* sentence in Norwegian can be analysed as an instantiation of one of the five frames given above» (Åfarli 2007:6). Det er denne hypotesen som blir sett på prøve i møtet med PO-setningar.

(130) PO-setningar

- a. Eg slo ho i magen
- b. Eg trakka ho på foten

Spørsmålet eg stiller, er korleis setningane i (130) kan analyserast om ein tar hypotesen over og rammeteorien i Åfarli (2007) som utgangspunkt. Det er med det same fire løysingar på analysen av desse setningane som melder seg:

A: Setningane i (130) har strukturen til den transitive ramma, med ein adjungert PP.

B: Setningane i (130) har strukturen til den resultative ramma, med eit kroppsdelnomen i PP-en.

C: Setningane i (130) har strukturen til den ditransitive resultative ramma, men er utan synleg småsetningssubjekt.

D: Vi kan gi tapt og seie at vi har ei sjette ramme.

Eg tar for meg desse hypotesane kvar for seg. Om ein av dei tre første gir eit tilfredsstillande svar, vil den siste falle bort. Men før eg går inn på dei moglege analysane, er det naudsynt å sjå nærmare på kva faktorar som gjer ei setning god eller dårleg, ifølgje den nykonstruksjonistiske teorien til Åfarli (2007). Det spelar nemleg inn på måten ein fører dei syntaktiske resonnementa på.

4.1.1 Om rammesemantikk og harmoni

Ein sentral påstand i Åfarli (2007) og andre nykonstruksjonistiske arbeid er at alle verb i utgangspunktet kan settast inn i alle rammer. I (8), kapittel 1.2, synte eg at Åfarli demonstrerer dette ved hjelp av verbet *danse*, som kan stå i alle dei fem syntaktiske rammene han foreslår for norsk. Vidare er harmonihypotesen formulert for å forklare kvifor ulike verb likevel står betre og dårlegare i dei ulike rammene. Dersom det semantisk-konseptuelle innhaldet i verbet harmonerer med det semantiske innhaldet som er gitt i ramma, oppfattar vi setninga som god. Dersom verb og ramme harmonerer dårleg, oppfattar vi setninga som dårleg.

I harmonihypotesen ligg det at det er to semantiske forhold som skal samanliknast, det semantisk-konseptuelle innhaldet i verbet på den eine sida og det semantiske innhaldet som er gjeve i ramma, på den andre. Her fokuserer eg på det siste av desse forholda. Kva vil det seie at dei syntaktiske rammene har semantisk innhald? Den andre sida av harmonihypotesen, som handlar om kva som ligg i det semantisk-konseptuelle innhaldet til dei leksikalske elementa, kjem eg til heilt sist i dette kapittelet, under 4.3. I tillegg til harmonihypotesen er det også andre faktorar som spelar inn på kor godt ei setning fungerer. Éin slik faktor er kor godt dei leksikalske

elementa i setninga lar seg kombinere konseptuelt. Ein annan faktor er det som handlar om språkleg konvensjon. Også desse to faktorane vil eg kort kome inn på i det som følgjer³⁸.

Vi har sett at Åfarli (2005) definerer ei syntaktisk ramme som ein representasjon av dei syntaktiske og semantiske relasjonar mellom konstituentane i ei setning (Åfarli 2005:318). Desse rammene er utrusta med syntaktiske roller som subjekt, direkte objekt og indirekte objekt, og med predikasjonsoperatorar som er med på å definere det strukturelle og semantiske forholdet mellom desse. Det er altså denne typen syntaktiske strukturar som blir hevda å bere meining. Korleis har det seg?

Som ein innfallsvinkel til dette kan vi ta eit døme Åfarli gir på full harmoni mellom verb og syntaktisk ramme, nemleg eit verb med transaksjonssemantikk, som *sende* eller *gi*, sett inn i den ditransitive ramma. Det er to løysingar vi kan tenke oss til, på kvifor just denne ramma harmonerer så godt med just slike verb. Ei første løysing ein kunne tenke seg, var at VP-en i kvar av dei fem rammene var utrusta med eigne semantiske spesifikasjonar. Ein kunne såleis seie at VP-en i den ditransitive ramma var markert med ein preferanse for transaksjonssemantikk, og dermed harmonerte godt med alle transaksjonsverb. Ei anna og meir tilfredsstillande løysing, som også ser ut til å vere den Åfarli vel, er at verbpreferansen til ei ramme er eit produkt av dei semantiske spesifikasjonane som ligg i dei andre posisjonane i ramma. Åfarli si forklaring på at den ditransitive ramma harmonerer godt med transaksjonsverb, er at transaksjonar gjerne inneber tre deltakarar, ein *agent*, ein *beneficient/goal* og ein *patient/theme*. Kvar av desse deltakarane i ei transaksjonshandling svarar fint til rollene som typisk er forbundne med dei syntaktiske posisjonane *subjekt*, *indirekte objekt* og *direkte objekt* (Åfarli 2007:10-11). Semantikken til ei ramme blir då altså eit produkt av dei semantiske spesifikasjonane som ligg lagra i dei ulike posisjonane i ramma, i tillegg til måten ramma dikterer at desse skal forholde seg til kvarandre på. Sjå elles Nygård (2013:183-185) si formulering av semantikken til VP-projeksjonen, som går på liknande vis.

Eit anna verb som også kunne seiast å vise til ein transaksjon med tre deltakarar, er *stele*. I dette verbet har vi konseptuelt sett tre deltakarar, ein *agent* som stel, ein *maleficient/source* som blir fråstolen noko, og ein *patient/theme* som er det som blir stole. Likevel ser ikkje dette innhaldet ut til å harmonere spesielt godt med den ditransitive ramma. Jf. følgjande setningspar:

³⁸ Her konsentrerer eg meg i hovudsak om forklaringar på dei aspekta ved gode og dårlege setningar som tidlegare er blitt forklarte syntaktisk. Det som tydelegare dreier seg om semantisk seleksjon, slik som i «colorless green ideas sleep furiously», treng ingen ny gjennomgang her.

- (131) a. Kari gav Julius ein bolle
b. Kari stal Julius ein bolle

I begge setningane blir Julius *mottakar* av bollen, trass i at han med utgangspunkt i det vi veit om steling, kunne vore den det blei stole bolle *frå*. Grunnen til at det blir slik, er truleg at den ditransitive ramma har ein inherent *goal*-semantikk. Meir spesifikt er *goal*-semantikken i den ditransitive ramma lokalisert i indirekte objekt-posisjonen til ramma. Denne posisjonen har alltid ein prototypisk *goal*-semantikk i norsk, aldri ein *source*-semantikk, i motsetning til det han kan ha i t.d. fransk (Guéron 2006:593). Preferansen for *gi*-verb over *stele*-verb, og forklaringa på kvifor Julius i (131)b får den rolla han får, trass i andre moglege potensielle roller, må altså handle om at det indirekte objektet vil huse eit *beneficient/goal*-element og ikkje eit *source*-element. Det at ei verbhandling har tre deltakarar, er med andre ord ikkje nok for at ho skal harmonere med ei ramme med tre argumentposisjonar. Rollene som deltakarane i handlinga spelar, må også harmonere med rollesemantikken som ligg spesifisert i dei syntaktiske posisjonane i ramma. Brøseth (2007:127-130) og Nygård (2013) foreslår vidare, inspirert av Dowtys protorollehypotese (Dowty 1991), at rollesemantikken som ligg i dei syntaktiske posisjonane er prototypisk og abstrakt. På den måten kan ein gjere greie for variasjonen av semantiske roller som likevel er å finne i dei ulike semantiske posisjonane³⁹.

Innleiingsvis i dette delkapittelet nemnde eg at det også er andre faktorar enn harmoni mellom rammesemantikk og verbsemantikk som avgjer om ei setning blir god eller dårleg. Ein annan slik faktor er at det må vere ein viss naturleg harmoni mellom dei leksikalske elementa som skal kombinerast i ei setning for at setninga skal bli oppfatta som akseptabel. Punktet om harmoni mellom elementa som skal kombinerast, blir det dvelt ved spesielt i Brøseth (2007), som også er eit arbeid med teorien i Åfarli (2007) som utgangspunkt. Om vi tar for oss eit verb som *trakke*, ser vi at dette fungerer dårleg med eit direkte objekt som *Kari*:

- (132) *Julius trakka Kari

Ut frå uakseptabiliteten til (132) kunne vi slutta at det semantisk-konseptuelle innhaldet i *trakke* harmonerer dårleg med rammesemantikken til ei transitiv ramme. Samstundes finn vi setningar som denne:

³⁹ Nøyaktig kva semantisk rolle eit leksikalsk element som blir sett inn i ein syntaktisk posisjon, får, vil vere avhengig kunnskapen vår om det det leksikalske elementet denoterer. Nygård eksemplifiserer dette med setningane *Johan/steinen knuste vassen*, der berre *Johan* eigentleg kan seiast å ha ei agentiv rolle, sjølv om både *Johan* og *steinen* er subjekt (Nygård 2013:186).

(133) Kari og Ola trakkar høy

Enten ein er van med å bruke *trakke* på denne måten eller ikkje, vil eg tru at dei fleste har enklare for å konstruere ei god tolking av denne setninga, enn av (132). Dette illustrerer at det ikkje berre skal vere harmoni mellom verbkonsept og ramme, som i *X trakka Y*, men at det også må vere harmoni mellom konseptane som skal kombinerast, jf. *X trakka høy* og **X trakka Kari*.

Det er også den syntaktiske ramma som legg føringane for *korleis* dei innsette leksikalske elementa skal kombinerast. I motsetning til i den transitive ramma, kan *trakke* fint kombinerast med *Kari* i setninga under:

(134) Julius trakka Kari på foten

Her fungerer *Kari*, i følgje hypotese C (sjå 4.2.3), som indirekte objekt. Forklaringa på at (134) er akseptabel, i motsetning til (132), vil då ligge i at det konseptuelle innhaldet i *trakke* betre kan kombinerast med *Kari* som indirekte objekt enn *Kari* som direkte objekt. Grunnen til det er vidare at protorollene som ligg i desse argumentposisjonane, legg ulike føringar på kva rolle dei leksikalske elementa som fyller posisjonane, spelar i handlinga.

Ein siste faktor som blir sett som avgjerande for om ei setning blir god eller dårleg, er språkleg konvensjon (Lohndal 2012b:94). Som døme på dette kan vi ta følgjande eksempel med akseptabilitetsvurdering frå Lohndal (2012a:169):

(135) *Plum arrived Scarlet

Lohndal (2012a) diskuterer både grammatiske, konseptuelle og konvensjonsbaserte svar på kvifor (135) er dårleg, utan at han landar klart på eitt av dei. Han peiker likevel på at det vil vere mogleg å tvinge fram ei lesing av (135), nemleg «Plum helped Scarlet arrive» (Lohndal 2012a:169, fn. 14). Om vi godtar at dette er ei mogleg lesing, blir svaret at *Plum arrived Scarlet* er dårleg på grunn av språklege konvensjonar og vanar knytt til korleis vi elles brukar *arrive*⁴⁰. Eg vil kome nærmare inn på setningar som denne og tilhøvet mellom konseptuelle og konvensjonsbaserte forklaringar i 4.3.

Det vi ser, er at det truleg er mange faktorar som spelar inn på akseptabiliteten til ei setning, og at det kan vere vanskeleg å gjere ordentleg greie for nøyaktig kvifor noko fungerer

⁴⁰ Den konseptuelle løysinga, at *arrive* ikkje harmonerer med eit direkte objekt som *Scarlet*, er også ei mogleg løysing. Om ein skal lande på at det handlar om konsept eller konvensjon, er avhengig av kva ein legg i «konsept» og kor stor formande kraft ein gir den syntaktiske strukturen. Dette blir tatt opp nærmare i 4.3.

eller ikkje fungerer. I dette rammeverket vil dommen vi gir ei setning, vere avhengig av a) harmoni mellom konsept og ramme, b) om dei leksikalske elementa lar seg kombinere konseptuelt og c) konvensjonar. Korleis skal ein så gå fram for å avgjere kva som gjer ei gitt setning god eller dårleg? Kva for ein av faktorane over er eigentleg grunnen til at **Julius trakka Kari* ikkje er ei akseptabel setning? Dette er det ikkje enno formulert gode framgangsmåtar for å avgjere eintydig.

Innleiingsvis sa eg at spørsmåla om kva som gjer ei setning akseptabel eller ikkje, spelar inn på måten ein fører det syntaktiske resonnementet på. Også det at **Julius trakka Kari* er dårleg, medan *Julius trakka Kari på foten* er god, kunne forklarast ved å vise til språklege konvensjonar. Det ville i så fall gjere det vanskeleg å seie noko om kva dei to setningane syntaktisk sett har til felles og ikkje. Appellen til konvensjonar for å forklare kvifor *Julius trakka Kari på foten* er betre enn **Julius trakka Kari*, er ikkje ei tilfredsstillande løysing, og som det vil gå fram i gjennomgangen av hypotese A (4.2.1), er det heller ikkje den løysinga som vil bli vald. Dette er likevel ei løysing teorien opnar for.

I generativ grammatikk baserer mykje av argumentasjonen seg på om ei gitt setning blir oppfatta som god eller dårleg. Som eg var inne på i 1.2.1, er det i siste instans grammatikkteorien som avgjer kva slutningar som kan trekkast frå akseptabilitetsvurderinga av ei setning (Chomsky 1965). I denne samanhengen trur eg det er viktig å vere var på at reglane for kva slutningar vi kan trekke frå gode og dårlege setningar, er endra, gitt at vi har ein annan grammatikkteori og at vi også opnar for at konvensjon kan spele ei så avgjerande rolle.


I det føregåande har nokre sentrale faktorar for å forklare akseptabilitet i nykonstruksjonistisk teori blitt presenterte. Eg har også forsøkt å vise at så lenge vi ikkje har klare formuleringar for korleis dei ulike faktorane fungerer, og korleis vi kan skilje mellom dei, følgjer det at dei syntaktiske resonnementa eg fører i resten av dette kapitlet, må vere berre prøvande.

4.2 Analyse av possessivt objekt-setningar

4.2.1 Hypotese A

I følge hypotese A har PO-setningar ein transitiv struktur med kroppsdelsnomenet i eit adjungert predikatsadverbial. Ein slik struktur er gjeven i (136). Døme på PO-setningane som skal analyserast, er gjentekne i (137).

(136)



- (137) a. Eg slo han i magen
b. Eg trakka ho på foten

I denne analysen er *han*, som er eigaren av kroppsdelen, direkte objekt. Kroppsdels-PP-en er adjungert til V'. Det er vanleg å rekne adjungerte ledd som fakultative, i motsetning til ledd som subjekt og objekt, som er obligatoriske. Eit predikatsadverbial (PA) legg til informasjon til setninga, men er ikkje nødvendig for at setninga skal vere komplett. Dersom PO-setningane i (137) er transitive strukturar med adjungerte kroppsdels-PP-ar, i tråd med hypotese A, skal vi då vente at kroppsdels-PP-ane kan sløyfast.

- (138) a. Eg slo han
b. *Eg trakka ho

Som vi ser av (138), er dette tilfelle berre med verbet *slå*, ikkje med *trakke*. Dette er uventa dersom PO-setningane faktisk har den syntaktiske strukturen i (136). Ut ifrå dette kunne vi allereie no avskrive hypotese A. Men frå eit konstruksjonistisk perspektiv er testen med sløyfing

av PA likevel utfordrande ettersom eit verb ikkje i seg sjølv har obligatoriske eller fakultative argument. Verb har ingen formell argumentstruktur i det heile, men *får* argumentstrukturen til ramma dei blir sette inn i. Det vil vidare seie at (138)a og b strengt grammatisk sett må vere like gode.

Ein måte å omsette den tradisjonelle ideen bak obligatoriske og fakultative ledd til det konstruksjonistiske rammeverket på, er å seie at adjungerte ledd ikkje endrar semantikken til rammene, som er det verbet må harmonere med for at setninga skal bli akseptabel. I så fall kan vi seie at forskjellane i akseptabilitet mellom **eg trakka ho*, og *eg trakka ho på foten* indikerer at vi har å gjere med to ulike rammer med ulik rammesemantikk – *trakke* har berre semantisk-konseptuelt innhald til å harmonere med den eine av desse. Dette svekker hypotesen om at PO-setningar med verb som *trakke* kan vere transitive strukturar med adjungerte kroppsdel-PP-ar, i tråd med hypotese A.

Ei setning som den i (133), gjentatt her i (139), indikerer likevel at også ein appell til harmonihypotesen for å forklare skilnaden mellom **eg trakka ho* og *eg trakka ho på foten* er for enkelt. Her ser vi nemleg at *trakke* faktisk kan harmonere med ei transitiv ramme.

(139) Kari og Ola trakkar høy

Altså kan det ikkje vere så enkelt som at det semantisk-konseptuelle innhaldet i *trakke* ikkje harmonerer med den transitive ramma. I staden må mangelen på akseptabilitet i **eg trakka ho* handle om at det semantisk-konseptuelle innhaldet i *trakke* ikkje kan kombinerast med eit animat DO som *ho*, berre med eit inanimat DO som *høy*⁴¹. Mangel på harmoni mellom dei leksikalske elementa som blir kombinerte, på den måten ramma dikterer at dei skal kombinerast, var den andre faktoren som kunne forklare uakseptabilitet i syntaktisk velforma setningar (sjå 4.1.1). Konklusjonen ser kor som er ut til å vere at *trakke* ikkje kan kombinerast med *ho* som direkte objekt, og at *ho* altså ikkje fungerer som direkte objekt i PO-setningar.

Eit neste argument imot å analysere PO-setningar som transitive strukturar med adjungert kroppsdel-PP, er at PO-setningar ikkje kan dannast med inanimate objekt i det heile. Vi seier altså ikkje *??eg trakka lampa på skjermen* eller *??eg trakka graset på rota* med inanimate objekt, sjølv om det blei sagt at *trakke* kan ta inanimate direkte objekt. Igjen er konklusjonen at objektet i

⁴¹ Det vil nok også vere andre krav til det direkte objektet *trakke* skal kombinerast med, t.d. trengst det ein veldig spesifikk kontekst for å kunne nytte ei setning som *Kari og Ola trakka flasken* (sjå også fotnote 43). Her er likevel det relevante poenget at *trakke* i somme kontekstar faktisk kan stå med eit direkte objekt.

PO-setningar truleg ikkje er eit direkte objekt, medan objektet i transitive konstruksjonar jo er det⁴². Nøyaktig kva det er ved det semantisk-konseptuelle innhaldet til *trakke* som gjer at det ikkje kan kombinerast med eit animat direkte objekt, er likevel uklart⁴³. Det er også uklart om vi ikkje berre kan forklare alt dette ved å vise til konvensjon. I så fall kan ikkje det som er blitt sagt så langt, korkje stadfeste eller avkrefte at PO-setningar er transitive strukturar.

Slik (138) viser, er den transitive ramma med verbet *slå* heilt akseptabel. På bakgrunn av det kan *eg slo han i magen* framleis analyserast som ein transitiv struktur med adjungert PP, i motsetning til den tilsvarande setninga med *trakke*. Spørsmålet er då om vi skal gå ut frå at PO-setningane med *slå* og *trakke* har lik eller ulik struktur? Om vi samanliknar setningane *eg slo han* og *eg slo han i magen*, ser vi at dei også har ulik tyding; i den første er *slå*-handlinga retta mot *han*, i den andre er *slå*-handlinga retta mot *magen*, sjølv om *han* likevel blir mottakaren av slaget, gitt del-heile-relasjonen mellom dei to. Denne typen tydingsskilnad mellom setningane kan vi ta som eit argument for at vi har å gjere med ulike rammer med ulik rammesemantikk, også med eit verb som *slå*. Det ser med andre ord ut til at objektet *han* samspelear med verbet *slå* på litt ulike måtar i dei to setningane, truleg fordi *han* har ulik semantisk rolle i dei to. Ei interessant slutning som kanskje kan trekkast her, er at det er ein litt ulik del av det semantisk-konseptuelle innhaldet i *slå* som harmonerer med den transitive strukturen i (136), enn det er som harmonerer med ramma til PO-setningar. Det semantisk-konseptuelle innhaldet i *slå* som harmonerer med ramma til PO-setningar, må vidare ha noko til felles med det semantisk-konseptuelle innhaldet i *trakke* som også harmonerer med PO-setningar, gitt harmonihypotesen. Igjen er det uklart kva dette semantisk-konseptuelle innhaldet eventuelt er.

Ei moglegheit for analysen av PO-setningar som likevel får stå open, er at *eg slo han i magen* kan ha to ulike syntaktiske analysar. Kan hende har denne setninga ein analyse i tråd med hypotese A og strukturen i (136) og ein annan på linje med PO-setningar med *trakke*, sjølv om


⁴² Lødrup (2009b) kunne hevde at det animate objektet til *trakke* likevel var eit direkte objekt ved å seie at det ikkje fekk theta-rolle frå verbet. Denne løysinga er ikkje mogleg i denne nykonstruksjonistiske teorien ettersom verb ikkje deler ut theta-roller i det heile.

⁴³ Ei mogleg løysing ville vere at *trakke* sett inn i ei transitiv ramme, får ei komprimeringslesing. At det direkte objektet blir komprimert, går igjen i setningar der *trakke* kan ta direkte objekt, som *han trakka høyet/vindruene/avfallet*. Det vil seie at *trakke* åleine kan hende berre inneber at ein rører foten på ein bestemt måte, men at *trakke* kombinert med patiens-rolla i DO-posisjonen i ei transitiv ramme, vil gi ei lesing som også involverer komprimering. Det gir i så fall eit svar på kvifor det er vanskeleg å bruke eit direkte objekt som *ho* i denne ramma med dette verbet. At det er akkurat denne tydinga som blir gjeldande for det direkte objektet til *trakke*, må nok i ei slik løysing forklarast ved å vise til konvensjon.

objektet altså blei sagt å spele ulike roller i dei to. Ei slik løysing er i alle fall ikkje heilt tilbakevist av det som er blitt sagt her. Med dette avskriv eg hypotese A som ein mogleg analyse for alle PO-setningar.

4.2.2 Hypotese B

Ettersom den resultative ramma, (127), har ei småsetning med subjekt og predikat, kan vi allereie også avskrive hypotese B. Denne hypotesen sa at setningane med possessivt objekt hadde strukturen til den resultative ramma med eit kroppsdelnomen i PP-en. Det ville gi følgjande struktur:



Problemet her er altså predikasjonsforholdet som blir etablert mellom det foreslåtte småsetningssubjektet *han* og PP-en *på foten* i småsetninga nedst i strukturen. I PO-setningar er det ikkje noko slikt subjekt-predikat-forhold mellom desse konstituentane.


Åfarli (2007) følgjer Bowers (1993) i innføringa av ein predikasjonsoperator (PrP), som fører saman subjekt og predikat slik at vi får ein proposisjon. «There could hardly be a relation more fundamental to grammar than predication. Indeed, it could be argued that predication is, in a certain sense, *the* most fundamental relation in both syntax and semantics», hevdar Bowers (Bowers 2001:328). Ein fordel med ein slik projeksjon er at hovudsetningar og småsetningar no får lik syntaktisk realisering av det eksterne argumentet. På den måten speglar syntaks og semantikk kvarandre på ein einskapleg måte i dei to setningstypene (Brøseth 2007:88).

I ei setning som *Marit la arket på bordet*, som er ei ekte resultativ setning, har vi eit predikasjonsforhold mellom eit småsetningssubjekt, *arket*, og eit predikat, *på bordet*. Semantisk vil det seie at *arket* blir gitt eigenskapen eller karakteristikken av å vere *på bordet*, slik at forholdet mellom dei kan parafraserast til «arket er på bordet»⁴⁴. I ei setning med possessivt objekt, som *eg trakka han på foten*, har vi derimot ikkje noko predikasjonsforhold mellom *han* og *på foten*. Vi kan ikkje parafrasere relasjonen mellom dei til «han er på foten»; *han på foten* er med andre ord ikkje ein proposisjon, og ikkje ei småsetning. Om vi vil halde fast på at denne typen relasjonar mellom konstituentane i setninga er fastsette av den syntaktiske ramma, kan ikkje PO-setningane ha strukturen til den resultative ramma. Relasjonen mellom konstituentane er ikkje den same.

4.2.3 Hypotese C

Hypotese C går ut på at PO-setningar har strukturen til den ditransitive resultative ramma, men står utan synleg småsetningssubjekt. Det vil gi følgjande struktur:

(141)



⁴⁴ For Bowers (1993) handlar predikasjon meir om å lage ein proposisjon (syntaktisk) enn å tilskrive ein eigenskap (semantisk) (Nygård 2013:179-80). I denne oppgåva får syntaktisk og semantisk predikasjon samanfalle.

Her ser vi at *Kari* blir analysert som eit indirekte objekt, og at det er uklart kva som står på plassen til småsetningssubjektet. Nokre spørsmål som så må stillast til denne analysen, er 1) om det gir meining å karakterisere *Kari* som indirekte objekt i denne setninga, 2) kva som eventuelt står på plassen til småsetningssubjektet, 3) om vi kan kome fram til nokon felles rammesemantikk for PO-setningar og ditransitive resultatative setningar, som kan vere med på å legitimere ein felles analyse av dei. For foreløpig samanlikning er nokre setningar *utan* synleg småsetningssubjekt (PO-setningar) gjevne i (142), og nokre setningar *med* synleg småsetningssubjekt (ditransitive resultatative setningar) er gjevne i (143).

- (142) a. Kari dytta Julius i ryggen
 b. De stakk ham i ryggen
 c. Julius trakka Ola på foten

- (143) a. Kari gav Ola ein dytt i ryggen
 b. De stakk ham en dolk i ryggen
 c. De puster oss dårlig ånde i ansiktet

Fleire ditransitive resultatative setningar har eit gamalmodig og litt unaturleg preg over seg, og vi finn dei truleg snarare på bokmål enn på nynorsk, snarare i skrift enn i tale. For døma over gjeld det spesielt (143)b og c. Som eg har vore inne på tidlegare, er denne konstruksjonen ifølgje Lødrup (2009a; 2009b) ikkje lenger produktiv i norsk, men som eg også har vore inne på (sjå 2.2), ser denne slutninga ut til å vere forhasta. Mellom anna er konstruksjonen fint brukande med verbet *gi*, som i (143)a. For ein analyse i tråd med hypotese C, er det sentralt at ein først godtar at ditransitive resultatative setningar er i bruk i det heile. Sjølv om slike setningar nok med rette blir hevda å vere uvanlege, er erfaringa eg har frå samtalar med fleire informantar, likevel at personen som høyrer slike setningar, konstruerer same tyding som personen som ytrar dei, og ytrar og tolkar ser ut til å vere er einige om restriksjonar, moglegheiter og grensetilfelle for konstruksjonen. Dermed kan ein argumentere for at konstruksjonen framleis har relevans for grammatikkstudiet.

4.2.3.1 Possessivt objekt som indirekte objekt

Eit spørsmål til fellesanalysen av PO-setningar og ditransitive resultatative setningar, er om vi kan forsvare analysen av det possessive objektet i PO-setningar som eit indirekte objekt. Den ditransitive resultatative ramma er ikkje utstyrt med ein direkte objekt-posisjon. Dersom PO-setningane har strukturen til denne ramma, må vi altså analysere det possessive objektet som eit indirekte objekt.

Ein slik analyse står i kontrast til Lødrup (2009b). Som vi såg i gjennomgangen av denne analysen i 3.4, skil Lødrup mellom vanlege (transitive) og inergative PO-setningar, der skilnaden mellom dei er at objektet ikkje får theta-rolle frå verbet når dette er inergativt. I begge tilfelle analyserer han likevel objektet som eit direkte objekt⁴⁵. Ei løysing der ein skil mellom tematiske og ikkje-tematiske direkte objekt, er ikkje mogleg i den nykonstruksjonistiske teorien ettersom verbet her ikkje deler ut theta-roller i det heile. Analysen i tråd med hypotese C inneber derimot at det possessive objektet er eit indirekte objekt både når vi har eit typisk transitivt verb, t.d. *slå*, og eit typisk intransitivt verb, t.d. *trakke*.

I gjennomgangen av hypotese A synte eg nokre argument for at objektet i PO-setningar ikkje bør analyserast som eit direkte objekt, i alle fall ikkje med eit verb som *trakke*. Dette verbet ser nemleg ikkje ut til å kunne kombinerast med eit animat direkte objekt, som t.d. *ho* i **eg trakka ho*. Her må vi igjen merke oss at forklaringa på at **eg trakka ho* er uakseptabel, ikkje kan vere at *trakke* er eit intransitivt verb. For det første er, som vi har sett, ikkje verb intransitive og transitive i den nykonstruksjonistiske teorien, på den måten at dei ikkje projiserer syntaktisk struktur. For det andre kan *trakke* faktisk opptre i ein transitiv struktur når vi har eit inanimat direkte objekt som *høy*, jf. *Kari og Ola trakkar høy*. Syntaktiske objekt er enten direkte eller indirekte, så eit argument imot at objektet i PO-setningar er direkte objekt, er samstundes eit argument for at slike objekt er indirekte objekt.

I gjennomgangen av hypotese A såg vi også at det er vanskelegare å slå fast at objektet i PO-setningar med *slå* ikkje er eit direkte objekt. Eitt argument for å analysere objekta i ein transitiv struktur som *eg slo ho* og i ei PO-setning som *eg slo ho i magen* som ulike typar objekt, såg vi likevel. Her blei det sagt at medan *slå*-handlinga er retta mot *ho* i den første av desse setningane, er ho retta mot *magen* i den andre. Gir dette også grunnlag for å hevde at *ho* har ulike semantiske roller i dei to setningane? I den konstruksjonistiske teorien som er nytta her, er kvar syntaktiske posisjon forbunden med ein eigen typisk rollesemantikk. Brøseth (2007) konkluderer på bakgrunn av Brøseth (1997) med at IO-posisjonen i norsk er forbundet med «an inherent experiencer/recipient/goal-role» (Brøseth 2007:98). DO-posisjonen er på si side forbunde med ei «patient»-rolle (Brøseth 2007:73). Det er ofte ikkje heilt enkelt å avgjere nøyaktig kva

⁴⁵ Lødrup viser do til Western (1921:42), som analyserer det possessive objektet som eit indirekte objekt når verbet i setninga elles er intransitivt.

semantiske roller argumenta i ei setning har⁴⁶. I denne teorien gjeld det spesielt ettersom det vil variere med dei andre leksikalske elementa i setninga nøyaktig kva for ei av protorollene i ein argumentposisjon eit innsett leksikalsk element får. Det er heller ikkje enkelt å slå fast om sjølve rollesemantikken til objektet er ein annan i *eg slo ho* enn i *eg slo ho i magen*. Tar vi derimot eit verb som *spytt*, som òg kan brukast både i den transitive strukturen og i strukturen til PO-setningar, blir dette annleis:

- (144) a. Julius spytta Ola
- b. Julius spytta Ola i ansiktet

I desse setningane er det tydeleg grunnlag for å hevde at *Ola* har ei «patient»-rolle i den første og ei «experiencer/recipient/goal»-rolle i den andre. I tillegg er det tolkinga *Ola* får i (144)b som er felles med tolkinga *Ola* får i ei ditransitiv resultativ setning som *Julius spytta Ola eitkvart i ansiktet*. Denne skilnaden i rolle-tolking mellom transitive setningar og PO-setningar, og likskapen i tolking mellom PO-setningar og ditransitive resultatative setningar, er eit argument for å analysere objektet i PO-setningar som indirekte objekt også med *spytt*. Gitt fellestrekk ei PO-setning med *slå* elles har med andre PO-setningar, bør det vere tilstrekkeleg grunnlag for å analysere også det possessive objektet til *slå* som eit indirekte objekt, sjølv om vi her vanskelegare kan seie noko på bakgrunn av rollesemantikken til objektet.

Eit siste moment eg vil ta opp i diskusjonen om kva slags objekt det possessive objektet er, kjem frå Lødrup (2009b). Lødrup ser på verb som *napp* og *dra*, der han observerer at desse har ulike tydingar når dei blir brukte transitivt (a-eksempla) og intransitivt (b-eksempla):

- (145) a. Han nappet lua hennes
 - b. Jeg napper i barten hans
 - (146) a. Han dro henne til hulen
 - b. Han dro i henne
- (Lødrup 2009b:429-431)

Han peikar vidare på at tydinga til den intransitive versjonen av verbet er samanfallande med tydinga til verbet når det tar eit possessivt objekt:

⁴⁶ Dette er også eit vanleg argument mot theta-roller i det heile. Det er òg hovudårsaka til at Brøseth (1997) i staden implementerer Downtys (1991) protorollehypotese i dei syntaktiske strukturane, heller enn å postulere faste tematiske roller.

- (147) Jeg napper ham i barten
(148) Han dro henne i håret
(Lødrup 2009b:429-431)

Av dette sluttar han at PO-setningane i (147) og (148) har den intransitive versjonen av verbet som basis. Det som ser ut som same verb, *nappe_{intrans.}* og *nappe_{trans.}*, *dra_{intrans.}* og *dra_{trans.}*, blir behandla som to ulike verb, der den eine versjonen gir theta-rolle til objektet og den andre ikkje gjer det. Theta-roller har ingen plass i den nykonstruksjonistiske teorien, men vi kan omsette Lødrups skilje mellom tematiske og ikkje-tematiske objekt i ein tradisjonell tankegang til å vere eit skilje mellom direkte og indirekte objekt i ein konstruksjonistisk tankegang. At *nappe* og *dra* har ulike tydingar når dei tar vanlege direkte objekt og possessive objekt, kan vi ta til inntekt for eit syn der det possessive objektet *ikkje* er eit direkte objekt.

På bakgrunn av det som er gjennomgått her, vil eg konkludere med at vi kan analysere objektet i PO-setningar som eit indirekte objekt. Dermed kan objektet få ein felles analyse i PO-setningar og i ditransitive resultatative setningar.

4.2.3.2 Rammesemantikk: semantiske og syntaktiske relasjonar

Åfarli (2005) definerer ei ramme på følgjande måte:

Ei syntaktisk-semantisk ramme er ein formell representasjon av syntaktiske og semantiske relasjonar [...] (Åfarli 2005:318).

Dersom vi hevdar at PO-setningane og dei ditransitive resultatative setningane begge er produkt av den ditransitive resultatative ramma, hevdar vi samtidig at det er dei same syntaktiske og semantiske relasjonane som er gjeldande i desse setningane. Eg har alt vist at objektet kan analyserast som eit indirekte i begge setningstypene. Vi skal også sjå at PO-setningar, (149), og ditransitive resultatative setningar, (150), har meir til felles.

- (149) Julius slo Ola i hovudet
(150) Julius gav Ola eit slag i hovudet

I begge setningstypene har vi eit subjekt, her *Julius*, som utfører ei handling på ein kroppsdel, her *hovudet*, som høyrer til objektet i setninga, her *Ola*. Både i PO-setningar og i ditransitive resultatative setningar står kroppsdelnomenet i ein preposisjonsfrase som har ein lokativ preposisjon som kjerne.

I begge setningstypene ser det også ut til å vere obligatorisk at nomenet i preposisjonsfrasen er eit kroppsdelnomen for at setninga skal bli meningsfull. Ein tilsvarande struktur med ein annan type nomen gir ei tilnærma utolkbar setning:

(151) *Julius slo Ola i *sykkelen*

(152) *Julius gav Ola eit slag i *sykkelen*

Kravet om kroppsdelnomen skal vi likevel sjå eit moteksempel på seinare.

PO-setningar og ditransitive resultatative setningar har i tillegg det til felles at kroppsdelnomen blir tolka som ein del av objektet i setninga. Både i (149) og (150) er det *Ola* som blir forstått som eigaren av *hovudet*, og vi tolkar også setningane dit at *hovudet* heng fast i *Ola*. *Hovudet* kan altså ikkje vere eit laust hovud, t.d. eit sauehovud, som *Ola* tilfeldigvis er eigaren av. At nomenet i PP-en blir tolka som uavhengelig for objektet, illustrerer også (151) og (152), ettersom den einaste måte å tvinge fram ei tolkbar lesing av desse på, er å la *sykkelen* bli ein del av *Ola*^{47,48}.

At det er småsetningssubjektet som blir tolka som eigar av kroppsdelnomen, kan også følgjande setningspar demonstrere:

(153) Julius slo Ola ein stein i hovudet

(154) ??Julius slo Ola hovudet i ein stein

Medan den første setninga klart gir inntrykk av at hovudet er *Ola* sitt – *Ola* er possessivt objekt, er det uklart kven hovudet høyrer til i den andre setninga. Her blir *Ola* snarare ein fri benefaktiv, og hovudet er ikkje nødvendigvis *Ola* sitt, men kanskje snarare *Julius* sitt.

I begge setningstypene er det også slik at verbhandlinga må vere retta mot objektet. Med eit verb som *få*, der handlinga gjerne rettar seg mot subjektet, blir korkje PO-setningar, (155), eller ditransitive resultatative, (156), setningar meningsfulle:

(155) *Julius *fekk* Ola i hovudet

(156) *Julius *fekk* Ola ein stein i hovudet

I (155) får vi ikkje lenger tak i den strukturelle lesinga til PO-setningar, med mindre vi lar innhaldet i *få* bli kraftig endra i tråd med føringane i ein slik struktur. For at denne setninga skal

⁴⁷ (151) har også ei meningsfull tolking der *Ola* blir slått inn i *sykkelen*, men då har setninga strukturen til den resultatative ramma; vi har ikkje lenger dei semantiske og strukturelle relasjonane som den ditransitive resultatative ramma dikterer.

⁴⁸ I ditransitive resultatative setningar er det også mogleg å tvinge fram ei lesing der det indirekte objektet er ein heilt «fri» benefaktiv/malefaktiv, ein som situasjonen i setninga er til fordel eller ulempe for utan at det blir spesifisert kvifor. Denne moglegheita gjeld generelt for indirekte objekt, men er ein sjeldan bruk av indirekte objekt i norsk. Når ein brukar det indirekte objektet slik, treng ikkje lenger kroppsdelnomen å høyre til det indirekte objektet heller.

bli meningsfull, må vi i staden tolke ho som ein resultativ struktur⁴⁹. I (156) ser den syntaktiske strukturen ut til lettare å kunne overstyre det verbsemantiske innhaldet, slik at *Ola*, som er indirekte objekt, likevel blir ein mottakar. Dette er like fullt ikkje noka god setning.

PO-setningar og ditransitive resultatative setningar har med andre ord mange semantiske og strukturelle relasjonar til felles, og ein felles analyse av dei to har den fordel at vi får gjort greie for desse fellestrekk på ein einskapleg måte. Ein felles analyse gjer i tillegg at vi framleis har berre eit lite sett med syntaktiske strukturar i norsk, i tråd med hypotesen til Åfarli (2007). Samtidig er det også nokre skilnader mellom PO-setningar og ditransitive resultatative setningar, som kan tale imot ein felles analyse, med mindre dei blir gjort greie for.

For det første kan vi finne ditransitive resultatative setningar utan eit kroppsdelnomen i PP-en:

- (157) Kari ordna Julius eit nytt kjøleskap på kjøkkenet
- (158) Eg lova ho ei kake i kjøleskapet (innan måndag)
- (159) Pettersen fiksa Olsen ein plass i troppen (mot Malta)

Slike setningar er vanskelege å lage gode, og fungerer truleg best med verb som har ein liknande semantikk som *ordne*, *love*, *fikse*, og som også elles opptre med tre argument. DP-en i PP-en viser framleis til noko som er nært relatert til det indirekte objektet, men relasjonen er fjernare enn kroppsdelrelasjonen. PO-setningar finn vi på si side ikkje med noko anna enn kroppsdelar:

- (160) *Kari ordna Julius på kjøkkenet
- (161) *Kari trakka Ola på kjøkkenet

Denne utfordringa tar eg opp under 4.2.3.5, men som det vil gå fram, kjem eg ikkje fram til klare svar på kvifor ein slik skilnad mellom PO-setningar og ditransitive resultatative setningar finst.

For det andre er det langt færre verb som kan danne PO-setningar enn det er som kan danne ditransitive resultatative setningar.

- (162) *Kari gav Ola i magen
- (163) Kari gav Ola eit slag i magen

⁴⁹ At det verbsemantiske ser ut til å legge så sterke føringar på den strukturelle lesinga setninga kan få, er ei potensiell utfordring for konstruksjonistisk teori og går kan hende betre overeins med leksikalistisk teori. Dette handlar, som eg har vore inne på tidlegare, om kor stor formande kraft ein tillegg den syntaktiske strukturen og kor fastlagt ein går ut frå at det semantisk-konseptuelle innhaldet i orda er.

Dette forsøker eg å gjere greie for under 4.2.3.3, der eg tar for meg småsetningssubjektet i setningane.

For det tredje har det, som vi har sett, blitt hevda at den ditransitive resultatative konstruksjonen knapt er produktiv i norsk. Dette er ikkje tilfelle med PO-setningane, som må seiast å vere svært produktive. Relatert til dette, er spørsmålet om korleis barn tileignar seg rammene i språket dei snakkar. Dersom den ditransitive resultatative ramma ikkje er medfødd, slik Åfarli ser ut til å meine at ho ikkje er (Åfarli 2007:5), vil denne syntaktiske strukturen kunne tileignast på bakgrunn av innputt som i overveldande grad består av PO-setningar? Eit viktig punkt her er likevel det som har blitt tatt opp fleire gongar, nemleg at det ikkje er sikkert ditransitive resultatative setningar er så sjeldne som litteraturen gir inntrykk av. Setningar som den i (164), med verbet *gi* og med småsetningssubjekt som *dytt*, *spark*, *slag*, er ikkje like uvanlege. Setningar som den i (165), der vi har «noko» som småsetningssubjekt, ser heller ikkje ut til å vere så uvanlege. Slike setningar blir aksepterte av informantane eg har spurt.

(164) Ho gav han *eit slag* i ansiktet/*eit spark* i baken

(165) Kom her, så skal eg kviskre deg *noko* i øyret

Ein siste openberr skilnad mellom PO-setningar og ditransitive resultatative setningar, er at dei ditransitive resultatative setningane har eit ekstra argument, som i tråd med analysen til Åfarli (2007) altså har blitt antatt å vere eit småsetningssubjekt. Kva som eventuelt fyller denne argumentposisjonen i PO-setningar, tar eg opp i neste avsnitt.

4.2.3.3 Kva står på plassen til småsetningssubjektet?

Dersom PO-setningar har strukturen til den ditransitive resultatative ramma, kva står på plassen til småsetningssubjektet i PO-setningane, der dette ikkje er fonetisk realisert? Er posisjonen fullstendig tom eller ligg der kan hende eitkvart uuttalt, og i så fall kva?

I den ditransitive resultatative ramma, eksemplifisert med setninga i (166), har vi eit predikasjonsforhold mellom småsetningssubjektet og kroppsdel-PP-en.

(166) De stakk ham en *dolk* i ryggen

I (166) er det altså predikasjon mellom småsetningssubjektet *en dolk* og PP-en *i ryggen*, og vi kan parafrasere relasjonen mellom dei til «en dolk *er/havner* i ryggen». For å svare på spørsmålet om kva som eventuelt står som småsetningssubjekt i PO-setningar, kan ein framgangsmåte vere å undersøke om det er noko i PO-setningane som kan seiast å stå i eit semantisk

predikasjonsforhold til kroppsdel-PP-en. Om vi så samanliknar setninga i (166) med setninga i (167), ser vi at det faktisk kan vere tilfelle:

(167) De stakk ham i ryggen

I (167) er det implisitt at *noko* hamnar i ryggen på *ham*, enten fingrar, stikkereiskap eller noko anna som ikkje er spesifisert, men som vi kan tenke oss fram til. Det er såleis mogleg å hevde at det er eit predikasjonsforhold mellom ein konseptuell, uuttalt entitet og den fonetisk realiserte kroppsdel-PP-en i (167). Skilnaden mellom den ditransitive resultative setninga i (166) og PO-setninga i (167) er at kva det er som kjem i kontakt med kroppsdel til objektet, er gjort eksplisitt i den første, men berre er implisitt i den andre.

Eg vil altså lande på at posisjonen til småsetningssubjektet i PO-setningar er fylt av noko konseptuelt og i konteksten implisitt, som kjem i kontakt med kroppsdelnomenet i setningane. Før eg utdjuvar dette nærmare, vil eg kort presentere nokre andre kandidatar til småsetningssubjekt i slike setningar.

Ei anna mogleg løysing er at posisjonen til småsetningssubjektet er fylt av eit såkalla «indre objekt», som er eit element som gjerne har same rot som verbet det står til, og der innhaldet det indre objektet uttrykker, ofte likevel er implisitt i verbet. (Faarlund et al. 1997:718). Dei indre objekta er sette i kursiv i setningane under.

- (168) a. Kari slo Julius *eit slag* i låret
- b. Julius sparka Per *eit spark* i leggen
- c. De stakk ham *et stikk* i ryggen

Desse setningane blei dømtde som uakseptable av dei eg har spurt, fordi dei indre objekta var unødige, og berre la smør til fleisk. Det i seg sjølv kunne vere ein indikasjon på at dei indre objekta faktisk låg i strukturen. Ei utfordring her er at ein del verb, som *trakke*, ikkje har noko klart indre objekt. Ei anna utfordring er at sjølv om vi seier at posisjonen til småsetningssubjektet kan fyllast av eit indre objekt, vil vi likevel måtte seie noko om kvifor ikkje alle indre objekt fungerer i PO-setningar, kvifor ei setning som *eg kasta han <eit kast> i hovudet* ikkje kan vere grunnlag for ei akseptabel PO-setning. Ein relatert observasjon her er at eit eventuelt underliggende indre objekt ikkje kan vere ein NP med numerus, som t.d. *eit slag* eller *slag*. Kva form det indirekte objektet har, påverkar nemleg lesinga av verbet, med verbet *slå* til kor mange gongar *slå*-hendinga skjer. Om vi ser på possessivt objekt-strukturane er dei på si side

underspesifiserte for dette, jf. (169)a og b under. Vi veit ikkje noko om kor mange gongar *Julius* slo, sjølv om lesinga kanskje helst går i retning av ein gong.

- (169) a. Julius slo han i magen
- b. Julius slo han eit slag/slag i magen

I ditransitive resultative setningar, der småsetningssubjektet er synleg, kan også noko meir eksternt, som *ein ball*, stå i eit predikasjonsforhold til kroppsdels-PP-en:

- (170) a. Eg kasta han ein ball i hovudet
- b. Eg sparka han ein ball i hovudet

At noko slikt eksternt kan vere fungere som implisitt småsetningssubjekt i PO-setningar, er lite truleg. Det blir mellom anna tydeleg ved at ei setning som «Au! Han sparka meg i foten!» ikkje kan tolkast som «Au! Han sparka ein ball i foten min!».

I PO-setningar kan det også tenkast at verbhandlingane fører til eit resultat, som til dømes *smerte* eller *gul og blå*, som også kan fungere som småsetningssubjekt. Setninga *eg trakka ha på foten* kunne då sjå ut som til dømes *eg trakka han <smerte> på foten*. Det som er uklart, er om PO-setningane faktisk formidlar at det oppstår eit resultat, sjølv om eit resultat nok kan tolkast fram i setningane. I 4.2.3.5 dveler eg kort ved det at ei form for påverking på det possessive objektet ser ut til å vere obligatorisk både i PO-setningar og i ditransitive resultative setningar. At verbhandlinga i setningane fører til eit slags resultat, kunne så settast i samanheng med dette.


Her vil eg likevel foreslå at det som fyller plassen til småsetningssubjektet i PO-setningar, er noko semantisk-konseptuelt som ligg implisitt i verbsemantikken og konteksten. Dette implisitte er noko som har opphav i subjektet, og som kjem i kontakt med kroppsdelen til referenten til det indirekte objektet. Denne løysinga femnar om intuitive sider ved tolkinga av PO-setningar med ei rekke ulike verb, jf. (171)a. – p.

- (171) a. Kari slo Ola i hovudet
- b. Kari kyssa Ola på munnen
- c. Kari sparka Ola i leggen
- d. Kari dytta Ola i ryggen
- e. Kari beit Ola i fingeren
- f. Kari kitla Ola under foten
- g. Kari strøyk Ola på/over ryggen
- h. Kari pirka Ola på skuldra
- i. Kari spytta Ola i ansiktet
- k. ?Kari rapte Ola i ansiktet
- l. ?Kari kviskra Ola i øyret
- m. ?Kari flira Ola i ansiktet
- n. Kari skar Ola i sida (med ein skalpell)
- o. Kari stakk Ola i auget (med ein blyant)
- p. Kari saga Ola i foten
- j. Kari naus Ola i ansiktet

Setningane frå (171)a. – i. har til felles at det er ein del av *Kari*, ein knyttneve, ein fot, munnen, tennene osv., som er borti ein del av *Ola*. I setningane frå j. – m. er det mindre handfaste ting med opphav i *Kari*, som kroppsvæsker og lydar, som ender opp hos *Ola*. Denne typen setningar er nok dei minst akseptable, sjølv om dei alle er brukbare, truleg fordi det er mindre klart kva det er som hamnar hos kroppsdelen til *Ola*, og mindre klart at det er noko som kan lokaliserast *i* eller *på* kroppsdelen til *Ola*. I setningane i n. – p. tolkar vi gjerne inn eit instrument som *Kari* opererer på *Ola* med. Når det er uklart kva instrumentet er, slik det kan vere med *skjere* og *stikke* vil ein ofte legge det til i ein *med*-frase. Men desse setningane kan også brukast om ein situasjon der *Kari* skjer, stikk eller sagnar i *Ola* med ein av sine eigne kroppsdelar, t.d. med ein nagl, på same måte som i dei øvste setningane.

Forslaget er altså at det som fyller plassen til småsetningssubjektet i PO-setningar, er elementet som implisitt kjem i kontakt med kroppsdelen til referenten til objektet⁵⁰. Syntaktisk kan småsetningssubjektet då vere eit *pro*, som blir mata med semantisk-konseptuelt innhald frå konteksten og dei andre elementa i setninga. For ei PO-setning som *Kari trakka Ola på foten* kan vi så tenke oss ein struktur med eit implisitt småsetningssubjekt omtrent som i (172):

(172)



⁵⁰ Eit spørsmål som kan stillast her, er om eit slikt «kontaktelement» også kan settast inn i andre posisjonar og strukturar. Ein kunne til dømes tenke seg at vi kunne sette eit slikt element inn i IO-posisjonen i ei ditransitiv ramme, og få ei setning som **eg trakka ho (foten)*. Det ser ikkje ut til å vere mogleg. Ei setning som *eg trakka i salaten* kunne derimot tenkast å ha ein analyse som *eg trakka (foten) i salaten*.

Eit anna moment som talar for at det er det implisitte *instrumentet* eller *kontaktsubstansen* som fungerer som småsetningssubjekt i PO-setningar, handlar om preposisjonane vi brukar i slike setningar. I PO-setningar er preposisjonane *i* og *på* dei hyppigaste, men vi finn også andre, som *over*, *under* og *om*. Valet mellom *i* og *på* i PO-setningar kan sjå ut til å handle om måten instrumentet eller kontaktsubstansen er lokalisert på kroppsdelen på. Samanlikn til dømes følgjande setningar:

(173) Eg slo ho i magen

(174) Eg slo ho på magen

I den første setninga får vi inntrykk av at *eg* slår relativt hardt slik at *magen* gir litt etter, og det blir danna eit «rom». I den andre setninga får vi inntrykk av at *eg* slår lettare, gjerne med flat hand, og utan at *magen* gir etter i det heile. Aa (manuskrip) skildrar, etter modell frå Bouchard (1995), den konstante semantiske tydinga til preposisjonen *i* som eit uttrykk for ein «konteinar – konteinert-relasjon» (Aa manuskrip:6). Setninga i (173) kan vi då tolke som at *magen* er konteinar, og det det blir slått med, truleg ei hand, er konteinert. For setninga i (174) er det derimot ein anna relasjon som blir framheva, der det det blir slått med, ikkje lenger er *i* magen, men snarare berre i kontakt med magen⁵¹. Det kan altså argumenterast for at det er *kontaktsubstansen* eller *instrumentet* som er *i* eller *på* kroppsdelen til referenten til det indirekte objektet⁵².

Fordelen med ei løysing som den som er blitt skissert her, er at ho predikerer ganske klart kva slags verb (eller evt. kontekstar ved nyverb) som kan danne PO-setningar og ikkje. Verba som kan brukast i ditransitive resultative setningar utan synleg småsetningssubjekt (PO-setningar), er dei verba som har semantisk-konseptuelt innhald til å fylle plassen til småsetningssubjektet. Dette gir oss i tillegg ei mogleg forklaring på kvifor det er så få verb som kan danne PO-setningar samanlikna med ditransitive resultative setningar. I ditransitive resultative setningar kan ein «akseptabilisere» bruken av mange ulike verb ved å sette inn eit passende småsetningssubjekt som syter for at noko blir lokalisert på kroppsdelen til det

⁵¹ Merk likevel at Aa (manuskrip) analyserer *slå i bordet* som at det er slaghandlinga som er konteinert, og ikkje instrumentet det blir slått med, slik eg foreslår her. Vidare er eg usikker på om tolkinga av *på* her, som eit reint uttrykk for kontakt, er heilt i tråd med den semantiske analysen Aa gir av *på*.

⁵² Eg går her ut ifrå at det ligg lagra i den syntaktiske ramma at vi må ha ein lokativ preposisjon, men at det ikkje er spesifisert nøyaktig kva preposisjon det skal vere. Ei potensiell utfordring for fellesanalysen av PO-setningar og ditransitive resultative setningar som eg ikkje alt har tatt opp, er at PP-en i PO-setningar nødvendigvis må vere lokativ, medan han i ditransitive resultative setningar også kan vere direksjonal, jf. *eg stakk han ein dolk i/inn i ryggen* og *eg stakk han i/*inn i ryggen*. Denne problemstillinga lar eg stå open her. Det er likevel interessant å merke seg at dei ditransitive resultative setningane som er mest akseptable i moderne norsk, vel helst har ei lokativ lesing av PP-en, jf. *eg gav han eit spark i/?inn i baken* og *skal eg kviskre deg noko i/?inn i øyret?*

indirekte objektet, jf. (175)a. – c. I PO-setningar må derimot kva som kjem i kontakt, vere implisitt.

- (175) a. *Kari gav Ola i ryggen – Kari gav Ola ein dytt i ryggen
- b. *Kari kasta Ola i hovudet – Kari kasta Ola ein ball i hovudet
- c. *Kari sende Ola i ansiktet – Kari sende Ola eit skeinebrett i ansiktet

Ein analyse som denne, som appellerer til konkrete delar av det semantisk-konseptuelle innhaldet i eit verb for å fylle ein argumentposisjon, krev også at vi tydlegare spesifiserer kva type meiningsinnhald leksikalske element har, og kva delar av det som kan fylle posisjonen til småsetningssubjektet. Berre slik kan vi eigentleg predikere kva verb som kan opptre i PO-setningar og ikkje. Potensielle utfordringar knytte til dette, møter vi på allereie i setningane i (175)a. – c. Alle desse verba uttrykker vanlegvis at det er noko som blir *gitt*, *kasta* og *sendt*. Kvifor kan ikkje dette «noko» vere implisitte småsetningssubjekt i PO-setningar? Dette tar eg opp igjen i 4.3. Det er også uklart i kva grad småsetningssubjektet kan vere reint konseptuelt, og i kva grad det må ligge som ein del av semantikken til verbet i setninga. Som eg alt har vore inne på, vil ikkje ei setning som «Au! Han sparka meg i foten! kunne tolkast som «Au! Han sparka ein ball i foten min!». Det kan ikkje vere implisitt i denne første setninga at det er noko anna enn foten til subjektet som hamnar på foten til objektet. På same måte vil *Kari spytta Ola i ansiktet* utan ekstra kontekst truleg bli tolka til at *Kari spytta* spytt på *Ola*. Men blir denne setninga derimot ytra i ein morellsteinspyttekonkurranse der vi veit at *Kari* just har tatt ei morell i kjeften og tatt sats for å spytte, opnar vel det for at *Kari spytta Ola i ansiktet* kan tyde «Kari spytta ein morellstein i ansiktet på Ola»? Denne typen problematikk om implisitte element og kontekstuelle føringar, er tema i Nygård (2013).

4.2.3.4 PO-setningar med inakkusativ lesing

Det finst også setningar som strukturelt er veldig like PO-setningane eg alt har analysert, men som likevel gir ei litt anna lesing. I motsetning til setningane eg har sett på så langt, har desse setningane inakkusativ lesing. Slike er gjevne i (176). For samanlikning er tilsvarande agentive setningar gjevne i (177).

- | | |
|-----------------------------------|-----------------------------------|
| (176) a. Regnet slo ho i ansiktet | (177) a. Mannen slo ho i ansiktet |
| b. Ola går meg på nervane! | b. Ola ?går/trakkar meg på foten |
| c. Ho låg meg i tankane | c. Ho la meg noko i tankane |

Eksempla med *ligge/legge* er ikkje dei beste, men er tekne med fordi dei utgjør eit parverb-par og slik kan tydeleggjere skilnaden mellom inakkusativ lesing og agentiv lesing. For *legge*, i

(177)c, ser vi at det er nødvendig å ha med eit synleg småsetningssubjekt (*noko*) i denne konstruksjonen. Ei agentiv lesing av *gå*, (177)b, er også vanskeleg å få til.

I generativ teori er det vanleg å rekne subjektet til eit inakkusativt verb som eit underliggende direkte objekt, som er blitt flytta til subjekts plass. Ein av tankane bak dette er at subjektet til inakkusative verb manglar typiske trekk som elles er forbundne med subjekt, og heller liknar direkte objekt. Spesielt for PO-setningar med inakkusative verb er det at dersom desse skal få ein analyse på linje med dei andre PO-setningane, må vi seie at det er småsetningssubjektet, og ikkje eit direkte objekt, som er blitt hovudsetningssubjekt⁵³.

Eit argument for at det er leddet *eg* har analysert som småsetningssubjekt, som flyttar opp til subjekts plass, er at setningar med inakkusative verb også har ein versjon der subjektet står på den opphavlege plassen sin og subjekts plassen er fylt av eit formelt pronomen:


(178) *Det slo ho regn i ansiktet*

I tillegg blir den inakkusative lesinga utilgjengeleg om eit argument blir sett inn på plassen subjektet skal ha flytta frå. Då blir i tillegg lesinga av subjektet agentiv:

(179) *Eg trilla ho ein ball i fanget*

Denne oppførselen ser vi også med verb med inakkusativ lesing i andre konstruksjonar.

Ein struktur for setninga i (176)a er gitt i (180).



⁵³ Analysar der det er eit anna ledd enn det direkte objektet som er flytta opp til subjekts plass, er likevel ikkje uvanlege.

I generativ grammatikk er den indikerte flyttinga i utgangspunktet ei ulovleg flytting. Det skulle ikkje vere mogleg å flytte over <spec VP>, gitt regelen «shortest movement». Ho likevel lovleg, gitt regelen om «equidistance» (Bobaljik & Jonas 1996; Chomsky 1995).

Eit siste argument for ein analyse som den over, er at det semantisk sett er subjektet i PO-setningar med inakkusativt verb som *ender opp hos* eller *er hos* kroppsdelene til det indirekte objektet. På den måten kan det seiast å vere eit semantisk predikasjonsforhold mellom subjektet og kroppsdel-PP-en i slike setningar, som også er eit syntaktisk predikasjonsforhold i den foreslåtte analysen⁵⁴.

4.2.3.5 Tolkinga av kroppsdelnomena

I tidlegare analysar av setningar som den norske PO-konstruksjonen, og andre såkalla «external possession»-konstruksjonar, er spørsmålet om korleis referansen til kroppsdelnomenet blir etablert, sentralt. Eit første spørsmål ein stiller, er kva det er som gjer at kroppsdelnomenet blir tolka som avhendeleg (semantisk separat frå personane referert til i setninga) eller uavhendeleg (semantisk i ein del-heile relasjon til ein person referert til i setninga). Eit neste spørsmål er kva for eit av argumenta i setninga kroppsdelene blir tolka som del av når det får uavhendeleg tolking og vi har fleire potensielle eigarargument i setninga. Som ein foreløpig illustrasjon til desse spørsmåla, kan vi ta setninga *Kari fekk Ola på føtene*. Her kan *føtene* tolkast som *Kari sine*, i ei lesing der *Ola* landar på *Kari sine føter*. *Føtene* kan også tolkast som *Ola sine*, i ei lesing der *Kari* hjelper *Ola* opp og stå etter eit fall. I tillegg kan *føtene* tolkast som avhendelege både for *Kari* og *Ola*, i ei lesing som svarar til *Kari fekk Ola i seng* (den siste tolkinga krev rett nok ein veldig spesifikk kontekst, men er mogleg). I dette delkapittelet ser eg nærmare på korleis ein kan tenke seg at etableringa av referansen til kroppsdelnomenet går for seg i analysen eg har lagt fram.

Spørsmålet om tolkinga til kroppsdelnomenet er eit komplisert spørsmål som det har vist seg vanskeleg å gi klare svar på, jf. den store litteraturen på området, samt dei teoretiske vanskane mellom anna ein analyse som Guéron (1983, 1985) møter på (sjå delkapittel 3.2). Lundquist og Ramchand (2012) er ein artikkel som ikkje ser konkret på kroppsdelnomen og referansen deira, men som tar opp mange fine grammatiske distinksjonar og utfordringar i skjæringspunktet mellom grammatisk eigedom, animatheit («animacy»), påverknad

⁵⁴ At subjektet i inakkusative PO-setningar er det som hamnar hos kroppsdelene, gjer også greie for ein skilnad mellom ei agentiv og ei inakkusativ lesing av til dømes ei setning som *mannen slo ho i ansiktet*. I den agentive lesinga er kontakten punktuell fordi det er berre ein liten del av *mannen*, truleg handa hans, som hamnar *i ansiktet* på ho. I den inakkusative lesinga slår heile *mannen* mot *ansiktet* på ho. Då er ikkje lenger kontakten punktuell, men det er snarare heile *ansiktet* som blir råka.

(«affectedness») osv., og som tydeleg viser at dette er eit komplekst område. I denne omgangen vil eg derfor halde meg til å skissere nokre tankar omkring dette, og eg vil konsentrere meg om følgjande tre punkt:

For det første stiller eg spørsmål ved ein utgangshypotese som ser ut til å vere gjeldande i fleire syntaktiske arbeid, nemleg at kroppsdelnomenet blir tolka som avhendeleg med mindre spesielle syntaktiske forhold legg til rette for ei uavhendeleg tolking.

I forlengiga av dette første punktet foreslår eg for det andre å sjå bort frå ein eigen syntaktisk mekanisme (som løftingsstrukturar eller binding/kontroll) for etableringa av referansen til kroppsdelnomenet, som skal gjelde på tvers av konstruksjonar. Dette punktet kviler til dels på at det er uklart korleis ein slik syntaktisk mekanisme kan sjå ut i ein rammeteori som den til Åfarli (2007).

For det tredje skisserer eg to ulike løysingar ein kan tenke seg til for etableringa av referansen til kroppsdelnomenet i PO-setningar og ditransitive resultatative setningar. I den eine løysinga ligg ei slik tolking ganske enkelt koda i rammesemantikken til desse setningane. I den andre løysinga blir tolkinga av kroppsdelnomenet som «eigd» av det indirekte objektet leidd ut frå eit krav om at det indirekte objektet skal blir påverka («affected»), som kan sjå ut til å ligge i denne typen setningar. Igjen vil eg poengtere at det ikkje vil bli gitt ei komplett løysing med eintydige svar her.

Utgangshypotesen

Ein tanke som ser ut til å vere gjennomgåande i tidlegare analysar, som i Guéron (1983, 1985) og Lødrup (2010), er at ein vil forklare korleis eit kroppsdelnomen kan bli tolka som ein del av eit anna argument i setninga *trass i* at det står utan ordinær possessivmarkering. Utgangshypotesen vil då vere at eit kroppsdelnomen som står utan possessivmarkering, blir tolka som avhendeleg med mindre spesielle syntaktiske forhold legg til rette for ei uavhendeleg lesing⁵⁵. Er dette eit nødvendig utgangspunkt?

At uavhendelege kroppsdelnomen som regel må stå med possessivmarkering, kan kanskje stemme om ein baserer seg på engelsk. Vi har alt sett at ein i engelsk må ha possessivmarkering i setningar som *she raised *the/her hand*. I tilsvarande franske og norske setningar er possessivmarkeringa derimot ikkje nødvendig, jf. *elle a levé la main* og *ho løfta handa*. I engelsk vil ein altså oftare enn i fransk og norsk måtte nytte eit possessivpronomen når kroppsdelnomenet skal tolkast uavhendeleg. Systemet i norsk og fransk er på si side

⁵⁵ Merk at dette ikkje er formulert eksplisitt i dei siterte arbeida, men likevel klart kan lesast ut frå analysane som blir lagde fram.

essensielt det same når det gjeld bruken av possessivmarkering med uavhendelege eigedommar⁵⁶. Likevel viser Woldsnes (2013) at det er ein tendens at uavhendelege kroppsdelnomen oftare står med possessivmarkering i fransk enn i norsk, sjølv om både bruk og utelating av possessivmarkeringa er akseptabelt i begge språka⁵⁷. Det er i tillegg ein skilnad mellom det franske og det norske systemet at ein må ha possessivmarkering på nomen som viser til klesplagg i franske setningar som *il perd *le/son pantalon* (Tellier & Valois 2006:118-119), men ikkje i tilsvarende norske setningar som *han mistar buksa (si)*.

Pérez-Leroux et al. () viser at også engelske born, som i eksperimenta deira var opp til 6 år gamle, gir uavhendeleg tolking av kroppsdelnomen som står med den definite artikkelen *the*. Dette gjer dei i setningar der uavhendeleg tolking med *the* ikkje blir godtatt av vaksne engelsktalarar. Engelske born har med andre ord ei tilnærming til tolkinga av kroppsdelnomen som minner meir om tilnærminga i norsk og fransk⁵⁸.

Det eg trur vi kan trekke ut frå dette, er at bruken av possessiv- og definitivmarkering, og arbeidsdelinga mellom desse når dei konkurrerer om same syntaktiske posisjon, er svært kompleks. Truleg er ho også prega av konvensjon. Vidare er det lite som tyder på at det er noko eksepsjonelt ved å gi uavhendeleg tolking til kroppsdelnomen som står utan possessivmarkering (sjølv om dette rett nok ikkje alltid er mogleg, i alle fall ikkje i norsk). Ei uavhendeleg tolking av kroppsdelnomen utan possessivmarkering ligg jo også klart i lufta om vi i staden tar ei ontologisk første tilnærming til dette spørsmålet om referanse: Kroppsdelar kan vere del av nokon (uavhendeleg) eller dei kan ha ein sjølvstendig eksistens – enten fordi dei er blitt fjerna frå kroppen dei ein gong var del av, eller fordi dei er blitt skapte sjølvstendig, til dømes i plast, gips eller sjokolade (avhendeleg). Dette er ikkje eit lingvistisk faktum, men eit faktum basert på kunnskapen vår om verda. Når vi så møter på eit kroppsdelnomen, kan vi tolke det som ein del av eit menneske eller eit dyr, eller som ein ting som eksisterer uavhengig av dette mennesket eller dyret. Frå her kan det i stor grad vere avhengig av kvart enkelt språkssystem korleis dei ulike moglege tolkingane blir koda grammatisk.

Kva synsmåte og hypotesar ein tar som utgangspunkt i ein analyse, er relevant fordi det seier noko om kva det er som skal forklarast i analysen, og kva det er som får stå ope. I ein

⁵⁶ På same måte heiter det på spansk *Juan abrió la boca* – ‘Juan opna munnen’ (Conti 2011:178) og på russisk *deti podnjali ruku* – ‘borna løfta handa’ (König & Haspelmath 1998:526).

⁵⁷ Ein faktor som kan tenkast å spele inn på skilnaden mellom fransk og norsk, er at ein i fransk må velge mellom det possessive determinativet *sa* og det definite determinative *la*, medan dei to ikkje utelukker kvarandre i norsk, jf. *ho løfta handa* og *ho løfta handa si*.

⁵⁸ Forfattarane avskriv likevel ei løysing der barn startar med eit komplett romansk system, som i det franske, for så å sette brytaren over på eit anna system (Pérez-Leroux et al. 2002).

analyse der ein har som utgangspunkt at ei uavhendeleg tolking av kroppsdelnomen som står utan possessivmarkering er eksepsjonelt, er det korleis ei slik tolking kan skje, som blir forklart. Spørsmålet om korleis ei avhendeleg tolking blir etablert, får i større grad stå ope, eller svaret blir tatt for gitt. Til slutt skal likevel også det som blir tatt for gitt gjerast greie for, og i ei «ontologisk» tilnærming kviler mykje på at språkleg tolking er nært knytt til verdskunnskap.

Ein eigen syntaks for uavhendeleg tolking?

I analysen i Guéron (1983, 1985) var det uavhendelege kroppsdelnomenet bunde av eigarargumentet i setning. Det gjaldt både i setningar der kroppsdelnomenet nødvendigvis måtte tolkast som uavhendeleg for dette argumentet, som i *je lui_i prends la main_i (eg tar handa hans)*, og i setningar der alternative tolkingar også var moglege, som i *Jean_(i) lève la main_(i) (Jean løftar handa)*. Hos Guéron er kroppsdelnomenet bunde berre når det blir tolka uavhendeleg. Her kan vi altså snakke om ein syntaktisk mekanisme som tar seg av tolkinga av kroppsdelnomenet på tvers av konstruksjonar.

Ei alternativ løysing er å seie at i konstruksjonar der fleire tolkingar av kroppsdelnomenet er moglege, er det samspelet mellom fleire faktorar, som konteksten, dei andre elementa i setninga, føringane kvar enkelt syntaktiske ramme legg og kva som er konseptuelt velforma (i tillegg kan hende til konvensjon), som avgjer kva tolking kroppsdelnomenet får. I ei setning som *Kari syg på tommelen*, som vi også såg på innleiingsvis i kapittel 1, kan *tommelen* tolkast både avhendeleg og uavhendeleg for *Kari*. Samanliknar vi denne med ei setning som *Kari et tommelen*, ser vi at *tommelen* i den første helst får uavhendeleg tolking, mens han i den andre helst får avhendeleg tolking. Forslaget her er at dei ulike tolkingane ikkje treng å ha opphav i ulik syntaks, men heller kan vere eit produkt av dei ulike faktorane som er blitt nemnde⁵⁹.

I eit rammeteoretisk perspektiv, som det i Åfarli (2007), trur eg løysinga der ein *ikkje* har ein felles syntaktisk mekanisme for alle kroppsdelsetningar, er den beste. Ettersom denne teorien har som utgangspunkt at syntaksen er sjølvstendig og separert frå dei leksikalske elementa, ville vi elles måtte formulere ulike syntaktiske rammer for alle dei ulike tolkingane kroppsdelnomen kan få i ulike konstellasjonar. Vidare måtte vi seie at desse rammene var forbeholdt kroppsdelnomen. Ta t.d. ei setning med kroppsdelnomen som den i (181) under.

⁵⁹ Lødrup (2010) foreslår derimot (som nemnt i fn. 59, denne oppgåva) ein bindingsanalyse for uavhendelege kroppsdelnomen, på linje med analysen av enkle reflexivar (*seg*). Han baserer dette mellom anna på parallellen mellom *Ola_i tenkte på hendene sine_i/hendene*_i* og *Ola tenkte på seg sjølv/*seg*, der kroppsdelnomenet kan tolkast som uavhendeleg i dei same kontekstane som reflexivpronomenet *seg* kan nyttast.

(181) Eg fekk Ola på føtene

Denne setninga har strukturen til Åfarlis fjerde ramme, den resultatative ramma. Setninga har i alle fall to tolkingar, ei der *føtene* høyrer til subjektet og ei der *føtene* høyrer til småsetningssubjektet. Begge tolkingane samsvarer med den resultatative ramma. Om vi valde ei tilnærming der ein hadde eigne syntaktiske strukturar for setningar med kroppsdelnomen og dei ulike tolkingane av dei, ville det krevje to ulike strukturar for setninga i (181). I tillegg ville vi trenge ein tredje struktur for resultatative setningar med kroppsdelnomen med avhendeleg tolking eller utan kroppsdelnomen i det heile, som i *eg fekk Ola i seng*. Ei slik løysing ville i så fall krevje ei modifisering eller presisering av hypotesen om at vi har fem basisrammer i norsk⁶⁰.

I staden for ein eigen kroppsdelssyntaks tenker eg meg altså at tolkinga vi gir kroppsdelnomenet i setningstypar der fleire tolkingar er tilgjengelege, handlar om mellom anna om kontekst, verbsemantikk og kva løysingar som er konseptuelt velforma. Vi kan også samanlikne setninga i (181) med ei setning som *eg la Ola på føtene*, der eg igjen vil hevde at strukturen i seg sjølv berre dikterer at det skal vere predikasjon mellom *Ola* og *på føtene*. Det er vanskeleg konseptuelt å lage ein situasjon der Ola skal leggest på sine eigne uavhendelege føter, noko som vil bidra til å luke ut ei slik tolking, men strukturen opnar likevel for denne tolkinga. Det handlar såleis om kalkulering av moglege tolkingar på bakgrunn av føringane ramma og dei leksikalske elementa legg.

Spørsmålet om ein eigen kroppsdelssyntaks er likevel ikkje noko avklart problemstilling med ei klar løysing. Kan hende kunne eg også vurdert andre mekanismar som ikkje så langt er blitt drøfta i denne oppgåva eller i Åfarli (2007) for å etablere referansen til kroppsdelane. Enn så lenge held eg meg likevel til at vi ikkje har nokon eigen kroppsdelssyntaks.

Kroppsdelstolkinga i PO-setningar

I somme konstruksjonar er berre éi tolking av kroppsdelnomenet tilgjengeleg. I PO-setningar, (182), og elles i ditransitive resultatative strukturar *med* synleg småsetningssubjekt, (183), ligg det langt strengare føringar på tolkinga til kroppsdelnomenet enn i setningar med den resultatative strukturen, som dei eg diskuterte over. Den resultatative strukturen kan romme

⁶⁰ Merk likevel at dei ulike kroppsdellesingane som er tilgjengelege for akkurat denne setninga, har samanheng med dei ulike lesingane av verbet *få*, nemleg ei agentiv og ei ikkje-agentiv lesing. Det kan argumenterast for at dei to ulike lesingane av verbet faktisk burde svare til to ulike syntaktiske rammer. Det vil likevel ikkje vere eit argument for ulike rammer basert på dei ulike kroppsdelstolkingane, men heller basert på dei ulike verbtolkingane.


kroppsdelnomen eller ikkje, og eit eventuelt kroppsdelnomen kan tolkast som del av hovudsetningssubjektet, som del av småsetningssubjektet eller som avhendeleg, avhengig av konteksten og dei andre elementa i setninga. I PO-setningar og ditransitive resultatative setningar, som eg har foreslått at begge har strukturen til den ditransitive resultatative ramma, blir kroppsdelnomenet derimot alltid tolka som uavhendeleg for objektet i setninga:

- (182) Kari slo Julius_i i magen_i
 (183) Kari gav Julius_i ein dytt i ryggen_i


Ettersom eg ikkje vil forklare dette ved å appellere til ein spesiell kroppsdelssyntaks, trur eg forklaringa heller må leggast på akkurat denne syntaktiske ramma. Tolkinga er sånn sett strukturbestemt, men vi har likevel ikkje ein felles syntaktisk mekanisme som etablerer referansen til kroppsdelnomenet i alle setningar med kroppsdelnomen. Nøyaktig kor i strukturen svaret på tolkinga av kroppsdelnomenet ligg, er likevel vanskeleg å avgjere. Her vil eg kort skissere to moglege løysingar.

Åfarli (2005) definerte ei syntaktisk ramme som ein formell representasjon av syntaktiske og *semantiske* relasjonar mellom konstituentane i ei setning. På bakgrunn av det er ei første løysing å seie at kroppsdelnomenet blir tolka som del av det indirekte objektet, ganske enkelt fordi det ligg spesifisert i den syntaktiske ramma at slik skal det vere. Til dømes kan ei slik tolking ligge som ein spesifisering i argumentposisjonen der kroppsdelselementet blir sett inn, kan hende som illustrert i (184) a. eller b. under:

(184) a.



b.



Det kan ligge spesifisert i konstruksjonen at det leksikalske elementet som blir sett inn i den aktuelle posisjonen, skal tolkast som kroppsdelen til det indirekte objektet, som i (184)a. Eventuelt kan det ligge spesifisert i konstruksjonen at dette elementet står i ein del-heile-relasjon til det indirekte objektet, som i (184)(b.). I denne siste løysinga kan ein då vidare forklare at *Kari slo Julius i magen* fungerer betre enn ??*Kari slo lampa i skjermen*, ved å vise til at objektet til verb som *slå* og andre verb som vi finn i denne konstruksjonen, må vere

animat^{61,62}. Her kan ein merke seg at løysinga som er blitt skissert, på sett og vis er «ein eigen syntaktisk mekanisme for uavhendeleg tolking», som eg tidlegare har argumentert imot, berre at han er avgrensa til visse strukturar (den same løysinga kan ikkje forklare tolkinga av kroppsdelnomenet i resultatative setningar, der vi har sett at dei strukturelle føringane ikkje er like strenge).

Dersom vi godtar at setningar som dei i (157)-(159), her repetert i (185)-(187), er ditransitive resultatative setningar, kan vi ikkje lande på ei løysing som den som er skissert over.

- (185) Kari ordna Julius eit nytt kjøleskap på kjøkkenet
- (186) Eg lova ho ei kake i kjøleskapet (innan måndag)
- (187) Pettersen fiksa Olsen ein plass i troppe (mot Malta)

I den nykonstruksjonistiske teorien blir leksikalske element sette inn i dei ferdiggenererte strukturane, som legg føringar på korleis dei leksikalske elementa skal tolkast. Her er nomena *kjøkken*, *kjøleskap* og *troppe* sette inn i posisjonane der vi vanlegvis finn kroppsdelnomen. Desse nomena i (185)-(187) blir korkje tolka som «element i kroppsdelrelasjon til IO» eller «element i del-heile-relasjon til IO».

Til denne skisserte analysen kan det også innvendast at han er vel stipulativ, i og med at det ikkje er formulert så konkrete semantiske spesifikasjonar på liknande vis i andre syntaktiske rammer, i alle fall ikkje eksplisitt. Kan hende er dette likevel ei løysing ein kunne vurdere også for andre rammer.

Ei anna mogleg løysing på korleis referansen til kroppsdelnomenet i PO-setningar og ditransitive resultatative setningar blir etablert, er å vise til den semantiske rolla i indirekte objekt-posisjonen i denne ramma.

Det har ofte blitt peika på at eigarleddet i «external possession»-konstruksjonar, der det som semantisk er eigar og eigd, altså er ulike syntaktiske argument, blir tolka som påverka av handlinga setninga skildrar (sjå mellom anna Deal (blir publisert)). At eigarleddet nødvendigvis må tolkast som påverka, skil i mange språk setningar med såkalla «ekstern eigar», som *eg trakka ho på foten*, frå setningar med «intern eigar» som *eg trakka på foten hennar*⁶³, slik eg har vore inne på tidlegare. Kayne (1975) og König og Haspelmath (1998) set

⁶¹ Eit tredje alternativ er å seie at det ligg spesifisert i ramma at elementet i den aktuelle argumentposisjonen står i ein possessivrelasjon eller ein uavhendeleg relasjon til det indirekte objektet. Men i så fall skulle **Kari slo Julius i mora* også vere akseptabel.

⁶² Eventuelt kan ein seie at det ligg spesifisert i ramma at objektet må vere animat eller må bli påverka, og at det er derfor akkurat verb som *slå* og *trække* harmonerer med denne ramma. Her er det fleire moglege løysingar.

⁶³ Som eg var inne på i 2.1 og 3.1, er det denne skilnaden som gjer at dei tidlege generative analysane der den eksterne varianten er derivert frå den interne, ikkje fungerer.

vidare dei verbsemantiske krava i «external possessor»-konstruksjonar som dei i (188) og (189) i samanheng med dette kravet om at det indirekte objektet må bli påverka; verbet i setninga må vise til ei handling som har tilstrekkeleg påverking på det indirekte objektet:

(188) Fransk (Kayne 1975:162)

- a. On lui coupé les cheveux
Vi han klypte håret
'Vi klypte håret hans'
- b. *Tu lui aimes bien les jambes
Du han likar godt beina

(189) Tysk (König & Haspelmath 1998:533)⁶⁴

- a. Das Blatt fiel ihm auf den Kopf
Bladet fall han på hovudet
'Bladet fall på hovudet hans'
- b. ??Das Blatt lag ihm auf den Kopf
Bladet blei lagt han på hovudet

Her må ein igjen merke set at konstruksjonen som er eksemplifisert i (188), i motsetning til PO-setningar og ditransitive resultative setningar, ikkje har kroppsdelnomenet i ein PP. At det possessive objektet må bli påverka, har likevel blitt hevda å vere sentralt i begge konstruksjonstypene.

Det som kan tenkast, er at ein ikkje berre kan leie verbsemantiske krav ut frå kravet om at det indirekte objektet skal bli påverka. Ein kan også leie tolkinga av kroppsdelnomenet ut frå kravet om at det indirekte objektet skal bli påverka. Forslaget blir då at i ei setning som *eg trakka ho på foten* blir *foten* tolka som ein del av *ho* fordi det er den einaste tolkinga *foten* kan få som samstundes påverkar *ho*. *Ho* blir ikkje påverka av at *eg* trakkar på sin eigen eller nokon andre sin *fot*.

Her er det eit viktig poeng at ei løysing som denne berre forklarar kvifor det er slik at kroppsdelnomenet blir tolka som det indirekte objektet sitt når det likevel er eit kroppsdelnomen som er sett inn i denne ramma. Ho forklarar ikkje kvifor det i nesten alle tilfelle *må* vere eit kroppsdelnomen som blir sett inn i denne ramma. I PO-setningar må det, som vi har sett, alltid vere eit kroppsdelnomen som blir sett inn. Det til tross for at vi kunne tenke oss at setningar som dei under også påverka det indirekte objektet⁶⁵:

⁶⁴ Dei norske omsettingane har eg basert på dei franske omsettingane til König og Haspelmath (1998).

⁶⁵ I konstruksjonar som den i (188) skal det vere variasjon mellom språk når det gjeld kva type nomen som kan brukast (og få possessivtolking) i posisjonen der ein elles finn eit kroppsdelnomen. Deal (blir publisert) viser til Tuggy (1980) og ei setning frå spansk, *le pisó los zapatos* ('(nokon) han trakka skorane'), som kan nyttast også om skorane står i skapet, i ein kontekst der eigaren av skorane listar opp alt det gale nokon har gjort mot han. Conti (2011) hevdar på si side at påverknad på IO ikkje lenger er eit krav i denne konstruksjonen i spansk i det heile.

(190) ??Eg trakka han på stoltheita

(191) *Eg trakka han på dei flotte skorne som han hadde i skapet

Denne skisserte løysinga femnar likevel betre om tolkinga av setningar utan kroppsdelnomen, som dei i (185)-(187). Her blir innhaldet i småsetninga framleis tolka som nært relatert til det indirekte objektet, men relasjonen er fjernare enn kroppsdelrelasjonen.

Når det gjeld spørsmålet om at berre ditransitive resultatative setningar, ikkje PO-setningar, kan stå utan kroppsdelnomen i norsk, er det ei utfordring for fellesanalysen av desse setningane som får bli ståande utan gode svar. Det ein likevel kan merke seg, er at ditransitive resultatative setningar utan kroppsdelnomen høyrer til unntaka. Slike setningar finn vi med verb som gir ei klar benefaktiv/malefaktiv-lesing, og med *love* ei resipient-lesing, til dei indirekte objekta sine⁶⁶. Med desse verba kan også heile småsetninga pronominaliserast, i motsetning til med andre verb, jf. (192) og (193).

(192) Eg lova ho ei kake i kjøleskapet – eg lova ho det

(193) Eg stakk han ein dolk i ryggen – *eg stakk han det

Kva type løysing ein til slutt skal lande på for tolkinga av kroppsdelnomen i PO-setningar og ditransitive resultatative setningar, får forbli eit ope spørsmål i denne omgangen. I ei tilnærming som den eg har argumentert for, der det er fleire ulike faktorar som avgjer kva tolking kroppsdelnomenet får, vil det vere eit puslespill å slå fast kva element i tolkinga som ligg kor – kva som ligg i dei leksikalske elementa, kva som ligg i konteksten, kva som ligg i ramma og kva som handlar om konvensjon.

Ei potensiell utfordring både for analysen av PO-setningane og for forklaringa på korleis kroppsdelnomena blir tolka, er at ein stor del av forklaringsbyrda blir lagt på det semantisk-konseptuelle innhaldet i verba. Samtidig er ikkje formuleringane omkring det semantisk-konseptuelle og samspelet mellom dette og den syntaktiske strukturen alltid like klare i nykonstruksjonistisk teori, noko som svekker den eksplanatoriske krafta til analysane. Dette er tema for den siste delen av dette kapittelet.

Om det finst liknande variasjon mellom språk for PO-konstruksjonen, veit eg ikkje. Merk også at sjølve den spanske konstruksjonen det blei vist til her, er parallell med den i (188) og ikkje den i (191).

⁶⁶ Eit anna spørsmål som kan stillast her, er kvifor det indirekte objektet får ei rolle som påverka, eller også gjerne kalla «experiencer», i PO-setningar og vanlegvis i ditransitive resultatative setningar, men elles helst får ei mottakar-rolle i ditransitive setningar. Her må ein truleg vise til at rollene er prototypiske og blir påverka av ulike faktorar, kan hende også av kva syntaktiske omgjevnader argumentet dei bur i, står i (jf. IO+SS og IO+DO).

4.3 Om semantikk i nykonstruksjonistisk teori

Ein av konklusjonane frå førre del var at svært mykje av forklaringsbyrda knytt til akseptabilitet og moglege strukturelle lesingar ei setning kan få, ligg på «det semantisk-konseptuelle innhaldet» i orda. Det semantisk-konseptuelle innhaldet i verbet og dei andre leksikalske elementa får vere med å forklare dei ulike tolkingane eit kroppsdelnomen kan få i ulike strukturar. Det semantisk-konseptuelle får også forklare kvifor berre somme verb kan danne PO-setningar⁶⁷. Samstundes som eg appellerer til det semantisk-konseptuelle for å forklare ulike språklege fenomen, er ikkje teorien rundt dette semantisk-konseptuelle alltid eksplisitt og detaljert formulert i nykonstruksjonistisk teori, noko som svekker slike forklaringar. Det kan altså vere verdt å spørje seg kva dette semantisk-konseptuelle innhaldet *er*, som får spele ei så avgjerande forklarande rolle i denne teorien.

Denne problemstillinga blir spesielt synleg i forklaringar som appellerer til harmonihypotesen. Slik eg også var inne på under 4.2.3.2, ligg det i harmonihypotesen at det er to semantiske forhold som skal samanliknast – det semantisk-konseptuelle innhaldet i orda på den eine sida, og det semantiske innhaldet som er gitt i den syntaktiske ramma, på den andre. Harmoni mellom dei to sidene gir gode, akseptable setningar. Disharmoni gir dårlege, uakseptable setningar. Utfordringa denne hypotesen og forklaringar som baserer seg på han, møter, er at påstandar om harmoni eller disharmoni mellom ei gitt ramme og eit gitt verb er vanskelege å etterprøve, så lenge det ikkje blir sagt kva det semantisk-konseptuelle innhaldet i eit verb *er*, kva det er ei ramme harmonerer eller ikkje harmonerer *med*. Ein teori som på ei side legg så mykje av forklaringsbyrda på det semantisk-konseptuelle innhaldet i dei leksikalske elementa, og på ei anna side ikkje seier meir om dette semantisk-konseptuelle, har mindre eksplanatorisk verdi enn han burde hatt.

Sjølv om det ikkje ligg føre nokon klar semantisk-konseptuell teori i dette rammeverket, finst det spreidde formuleringar og diskusjonar i litteraturen. Her vil eg forsøke å ta fram ein del av det som blir sagt, og sjå kor det tar oss hen. Det er naturlegvis ikkje rom for å utvikle nokon utvida teori om samspelet mellom syntaks og semantikk i denne oppgåva. Eg vil likevel forsøke å illustrere, ved å vise spesielt til setningane eg analyserer, kvifor eg meiner denne typen spørsmål utgjer utfordringar for teorien og analysane som blir presenterte i oppgåva.

⁶⁷ Slik var det då ei PO-lesing blei sagt å ikkje vere tilgjengeleg for verb som *kaste*, *gi* og andre verb som ikkje formidlar «kontakt», jf. **Kari kasta Julius; i hovudet_i*. På same måte var det semantisk-konseptuelle årsakar til at *eg fekk Ola i magen* og *eg fekk Ola på føtene* har ulike kroppsdelstolkingar tilgjengeleg, og det var semantisk-konseptuelle årsakar til at ingen av dei kunne få den strukturelle lesinga til PO- setningar; som *kaste* og *gi* harmonerer heller ikkje *få* med ei ditransitiv resultativ ramme utan realisert småsetningssubjekt.

Meiningsinnhaldet i ord

I artikkelen «Bestemmer verbets semantikk verbets argumentstruktur» spør Åfarli: «Dersom verbet *ikkje* har ein argumentstruktur som blir projisert som syntaktisk struktur, har da verbets leksikalske semantikk ei særskilt *lingvistisk-grammatisk* rolle å spele i det heile?» (Åfarli 2005:327). Sjølv landar han på at svaret må vere «nei», at verb og andre ord er heterogene, «fuzzy» og holistiske merkelappar på utsnitt av førestillingane våre om verda (Åfarli 2005:327-28). Desse merkelappane blir strukturerte av dei syntaktiske rammene dei blir sette inn i, og det er ikkje mogleg å definere spesielle grammatisk relevante komponentar av dei. Dette synet på leksikalsk semantikk er samanfallande med synet i Brøseth (2007). Her blir eit ord forstått som ein merkelapp som framkallar eit konsept, og eit konsept blir vidare forstått som ei ihopfletta samling av ulike assosiasjonar, med Brøseths ord «a complex arrangement of knowledge and beliefs (scientific information, personal experiences, assumptions, images and former observations)» (Brøseth 2007:84).

Denne nykonstruksjonistiske måten å forstå meiningsinnhaldet i ord på, er ikkje den einaste. Spørsmålet om meiningsinnhaldet i ord er del av ein større tematikk knytt til tilhøvet mellom ord, mening og struktur, meir generelt. I denne diskusjonen, som går langt tilbake, har spesielt verbet stått sentralt, då det er tradisjon for å seie at eigenskapar ved verbet i ei setning avgjer kva element setninga elles kan romme, om enn på ulikt vis i ulike teoriar. Eksempel på nokre ulike tilnærmingar kan kort nemnast her.

Blant dei som plasserer seg nærmare det leksikalistiske utgangspunktet, der eigenskapar ved det leksikalske elementet altså spelar inn på den syntaktiske strukturen, finst det ei lang rekke ulike teoriar for nøyaktig korleis verbet og verbets semantikk spelar inn på setningsstrukturen. (Sjå Levin og Rappaport Hovav (2005) for ein oversikt.) Ei tilnærming som lenge har vore standardtilnærminga i generativ grammatikk, er at kvart verb er lagra med ein argumentstruktur – spesifikasjonar om kva semantiske roller verbet deler ut (Chomsky (1981). Verbets argumentstruktur blir projisert som syntaktisk struktur, og på den måten er syntaktisk struktur nært relatert til semantikk.

Andre vier endå meir merksemd til forholdet mellom verbets semantikk og syntaktiske oppførsel enn det standardtilnærminga har gjort. Arbeid som mellom anna dei til Beth Levin og Malka Rappaport Hovav har som utgangshypotese at det er mogleg å skilje ut syntaktisk relevante meiningskomponentar eller byggeklossar i eit verb, så som ACT, BE, CAUSE, HAVE (Levin & Rappaport Hovav 2011)⁶⁸. Formålet i denne teorien er ikkje å definere heile

⁶⁸Levin (1993) er eit tidleg slikt arbeid, sjå elles ei lang rekke seinare publiserte arbeid av desse forfattarane.

meningsinnhaldet til eit ord, slik det er i atter andre teoriar, men å finne fram til små semantiske komponentar som verba som oppfører seg likt, har til felles. Meiningskomponentane er del av det *leksikalske nivået* til ordet, og handlar så om kva som ligg *leksikalisert* i sjølv uttrykket (eller rota) heller enn om kva som finst på det konseptuelle nivået. Dei seier såleis om teorien at « [it] takes the structured lexical representation to be a specifically linguistic representation, and, thus, to be distinct from a general conceptual structure which interfaces with other cognitive domains» (Levin & Rappaport Hovav 2011:424).

Dette siste er eit sentralt punkt der teorien til Levin og Rappaport Hovav skil seg frå synet på semantikk som vi finn hos Ray Jackendoff (sjå til dømes Jackendoff (2011) for eit oversyn over teorien). Også Jackendoff argumenterer for ein teori der meningssinnhald kan dekomponerast til eit sett med primitivar eller byggeklossar. I motsetning til hos Levin og Rappaport Hovav er det nettopp på det konseptuelle eller kognitive nivået at vi finn Jackendoffs byggeklossar. Hos Jackendoff ligg altså all semantikk på eit meir generelt kognitivt nivå, og ikkje på eit eige lingvistisk nivå, slik det går fram av følgjande sitat:

[T]he theory aspires to describe the messages that speakers intend their utterances to convey. Thus it potentially includes everything that traditionally falls under the labels of 'pragmatics and 'world knowledge' as well as 'semantics'. It does not specifically seek a level of representation that might be characterized as 'pure/literal linguistic meaning' or 'meaning that is relevant to grammar. (Jackendoff 2011:689)

Semantikksynet i dette sitatet har mykje til felles med synet i Brøseth (2007) og Åfarli (2007). Nygård (2012), som også skriv innanfor nykonstruksjonistisk teori, seier også eksplisitt at ho følgjer denne delen av Jackendoff sitt syn på semantikk (Nygård 2013:191). Ein viktig skilnad mellom Jackendoff og dei nykonstruksjonistiske arbeida det er blitt vist til her, er likevel at dei nykonstruksjonistiske *ikkje* går ut frå at semantikken er lingvistisk dekomponerbar. Åfarli står seg i staden på Fodor (1998) og Fodor og Lepore (2002) som talar for at det er «generell encyklopedisk kunnskap om dei tinga eller forholda i verda som orda denoterer» (Åfarli 2005:327), som avgjer kva kontekstar orda blir brukte i.

Ei siste tilnærming til meningssinnhaldet i ord som kan nemnast i denne samanhengen, er tanken om at den eigentlege og grammatisk relevante meninga til eit ord, er den som er konstant i all bruk av dette ordet. Denne ideen er mellom anna utforska i Bouchard (1995) og Halmøy (2010), og er sentral også i den nykonstruksjonistiske tankegangen, sjølv om det her ikkje er formulert like eksplisitt (Lohndal og Åfarli, personleg kommunikasjon, sjå også Lohndal (2014, kapittel 2)). Maienborn et al. (2011) illustrerer denne tankegangen med setningane *She opened the can/her eyes/the electronic file [with a knife/abruptly/with a*

double click]. Her kan det sjå ut som om vi har tre ulike versjonar av *open*, kvar med sitt eige spesifikke semantiske innhald. Men «[n]evertheless,» seier Maienborn et al., «incorporation of this kind of world knowledge into compositional semantics would be neither feasible nor desirable» (Maienborn et al. 2011:7). I staden foreslår dei at ordet har eit konstant meiningsskjelett som blir berika og gitt si spesifikke tyding av konteksten det står i. Meiningsskjelettet til *open* kan då vere «some action of an agent x on an object y causes a change of state such that y is accessible afterwards» (*ibid.*).

Formande struktur og formbart konsept?

Blant dei mest grunnleggande observasjonane for utforminga av nykonstruksjonistisk teori må vere det at orda har stor fridom og kan settast inn i og formast av mange ulike syntaktiske strukturar. I større grad enn tilnærmingane som er blitt nemnte her, vektlegg nykonstruksjonistisk teori det kreative ved måten språkbrukarar faktisk brukar orda på. Ein forsøker så å finne fram til mekanismane som gjer at ein slik kreativitet er mogleg. At vi kan ta eit leksikalsk element som «vær», og bruke det som eit transitivt verb i *Pene jenter i TV2 værer solskinn og regn* (Åfarli 2007:7), er eitt døme på den typen kreativitet som nykonstruksjonistisk teori ønsker å gjere greie for⁶⁹. Denne overveldande kreativiteten i måten vi brukar leksikalske element på spontant, står i konflikt med det fleire andre generative teoriar har opna for.

Fokuset på det konseptuelle nivået over det leksikalske i konstruksjonistisk teori kan seiast å følgje av denne vektlegginga av kreativitet. Grammatiske spesifikasjonar på det leksikalske nivået, som til dømes semantiske roller, har jo tidlegare blitt forstått som *opphavet* for syntaktisk struktur. Ei slik tilnærming skulle bety at dei grammatiske spesifikasjonane som låg lagra i verbet *vere*, var opphavet for den transitive strukturen i setninga over. At *vere* var lagra som eit transitivt verb før det i det heile blei brukt som verb, er ikkje plausibelt. Nykonstruksjonistar treng også at meiningssinnhald berre er laust forbunde med eit ord for å kunne forklare at strukturen og konteksten til ei setning i så stor grad kan forme og strekke på innhaldet i ordet. Ein treng med andre ord eit semantisk-konseptuelt innhald som er tilstrekkeleg laust knytt til det leksikalske ordet til at kreativitet som den vi observerer, kan utspille seg. Samstundes treng ein ein syntaks som er formande nok til å gi dei leksikalske elementa forma og den spesifikke tydinga dei likevel har når dei står i ei setning.

⁶⁹ Som Åfarli (2005:322) peikar på, ville ein kunne innvende at dette skulle forklarast som analogi. Men som Åfarli vidare seier, er den nykonstruksjonistiske teorien eit forsøk på å finne fram til det grammatiske systemet som ligg til grunn når det ein har referert til som analogi, kan skje.

For denne nykonstruksjonistiske tilnærminga er utfordringa følgjande: Vi kan ikkje samstundes ha eit konsept som er så formbart som ein kan få inntrykk av, og ein struktur som er så formgivande som ein kan få inntrykk av. Hadde vi det, skulle vi kunne sette alle konsept inn i den syntaktiske ramma til PO-setningar, og så skulle ramma enkelt kunne hente ut dei delane av konseptet som passa (eller evt. legge til den semantikken som var nødvendig om ikkje denne allereie låg i konseptet), og vi skulle ende opp med gode, solide PO-setningar.

Om kvifor strukturen ikkje kan vere så formande og konseptet så formbart: «slå» og «kaste»

At den syntaktiske strukturen til PO-setningar ikkje har ei fullt så stor formande kraft, kan vi illustrere med verba *slå* og *kaste*. Her gir eg ikkje nokon semantisk analyse av desse verba, men viser heller kor vanskeleg nettopp det kan vere.

La oss først sjå på verba *slå* og *kaste* sette inn den syntaktiske strukturen til PO-setningar. Som eg alt har vore inne på fleire stader, er det ganske få verb som kan danne PO-setningar. Medan ein fint kan danne ei PO-setning med *slå*, er dette langt verre med *kaste*.

(194) Kari slo meg i hovudet

(195) *Kari kasta meg i hovudet

Eg har også hevda at verba som kan danne PO-setningar, er dei som har implisitt i meiningsinnhaldet sitt at noko blir «sendt ut» som kan kome i kontakt med eit anna element, som i PO-setningar er ein kroppsdel. Kva det er som kjem i kontakt med kroppsdelene, må på eit eller anna vis vere implisitt i verbsemantikken og konteksten.

Det som likevel framleis er uklart, er nøyaktig kva det er som skal til for at eit verb kan seiast å ha noko slikt implisitt kontaktpotensiale i det semantisk-konseptuelle innhaldet sitt. Ta verba *slå* og *kaste*, som morsmålsbrukarar av norsk vil meine betyr ganske ulike ting. Kva er eigentleg skilnaden mellom dei? Innhaldsmessig har dei jo også mykje til felles. Vi kan til dømes både slå og kaste ein ball⁷⁰. I begge tilfella utfører vi liknande rørsler med ein eller to armar, med *slå* kan hende også med eit balltre, og i begge tilfella gir vi ballen fart slik at han til slutt treff eit tilsikta eller utilsikta mål. Informasjon som kva type rørsle desse handlingane involverer, og det at rørslene kan brukast til å gi noko fart, kan seiast å vere del av det konseptuelle innhaldet i *slå* og *kaste*. Her er det verdt å kome i hug Brøseths vide

⁷⁰ Som nemnt tidlegare, peiker Lundquist og Ramchand (2012) på at såkalla «verbs of surface contact», som *slå* og *sparke*, berre tar animate DO i svensk og tysk, og det same ser ut til å gjelde for norsk. Ein seier *eg slo ho*, men *eg slo i/til ballen*. Eventuelt kan ein legge til eit resultativt element på det inanimate objektet – *eg slo ballen vekk*. Om ein skal godta ei setning som *eg slo ballen* fordrar det såleis at ein på eit vis har det resultative lesinga i bakhovudet. Dette er veldig interessant, men ikkje heilt relevant for poenget eg forsøker å illustrere her, nemleg at verba *kaste* og *slå* «konseptuelt» har mykje til felles.

forståing av eit konsept som ei ihopfletta samling av mellom anna assosiasjonar, kunnskap og tidlegare erfaringar (Brøseth 2007:84).

Kunne vi ikkje då vidare tenke oss at armrørsla i konseptet *kaste*, på same måte som i *slå*, potensielt kunne resultere i kontakt mellom den som utfører rørsla og ein som blir råka av rørsla? Vi kunne venta oss at *kaste* sett inn i den syntaktiske strukturen til PO-setningar, til dømes i *Kari kasta meg i hovudet*, kunne gi ei tyding der *Kari* utførte ei kastande rørsle som råka *meg i hovudet*. Men ei slik lesing av *kaste* er knapt tilgjengeleg i denne setninga. Ho krev i alle fall ein veldig vilje frå tolkaren si side, ettersom *meg* her så mykje heller blir tolka som det som blir kasta.

At det er noko som blir råka eller noko som blir kasta, er ikkje nødvendige komponentar i *slå* og *kaste*. Ein kan til dømes *slå ut med armane* eller *sparke og slå i alle retningar*⁷¹. Og ein kan *kaste med hovudet*. Dermed er det heller ikkje slik, som ein kanskje kunne innvende, at *kaste* nødvendigvis inneber at noko blir kasta og *slå* nødvendigvis inneber at noko blir slått, og at det åleine kunne forklare at desse verba gir ulike lesingar i (194) og (195).

Når vi brukar *kaste* i ei setning, kan det også vere implisitt at noko blir kasta, utan at dette altså er uttrykt med ord. Slik er det om ein seier berre *Kari kastar*. Tolkinga dei eg har spurt, gir av denne setninga, er at *Kari* utfører ei kastande rørsle og kastar noko av garde, gjerne fleire gongar, utan at vi veit kva som blir kasta. Her blir spørsmålet kvifor dette «noko» som er implisitt i *Kari kastar*, ikkje også kan vere implisitt i *Kari kasta meg i hovudet*, slik at denne setninga får tolkinga *Kari kasta meg <noko> i hovudet?*⁷²

Så kan det også hende at det er andre sider av det semantisk-konseptuelle innhaldet i desse leksikalske elementa som spelar inn på tolkingane dei kan gi i ulike strukturar. Ein potensielt viktig skilnad mellom tolkinga av *slå* og *kaste* + *DP* er at i tilfellet med *kaste* er kontakt mellom kastaren og det som blir kasta allereie etablert når kastehandlinga startar. Med *slå* er kontakten derimot noko som kjem til etter at slåhandlinga har starta. Kan hende er dette ein så fastlagt del av det konseptuelle innhaldet til dei to verba, at det spelar inn på lesinga vi gir til argumenta som blir sette inn i strukturen saman med dei? I så fall nærmar vi oss igjen

⁷¹ Ein kan til og med *slå opp ein paraply* eller *slå opp med ein kjæraste*, om ein er tilhengar av teoriar som seier at vi har å gjere med eitt og same ord sjølv når tydingane ligg så fjernt frå kvarandre.

⁷² Her kan ein kan sjølv sagt innvende at ein del av problemet ligg i sjølve analysen som er blitt føreslått, der PO-setningar blir analyserte som ditransitive resultatative setningar, og det altså blir postulert at verba som skal danne PO-setningar, må ha ein slik implisitt komponent. I ein alternativ analyse ville ein kan hende ikkje trenge å appellere til noko slikt element. Uansett er det slik at det er restriksjonar på kva verb som kan danne PO-setningar, og at den semantisk-konseptuelle skilnaden mellom verba som er brukande og ikkje, på eit vis må utkrystalliseras for at ein skal kunne seie noko om kva som *harmonerer* eller *ikkje harmonerer* med strukturen ein foreslår for desse setningane, gitt ei nykonstruksjonistisk tilnærming.

noko som liknar bestemte ibuande semantiske roller som blir tildelte til bestemte argument i strukturen, slik tankegangen gjerne er i leksikalistiske teoriar.

Konsept har semantiske roller

Sjølv om ein i nykonstruksjonistisk teori gjerne hevdar at det semantisk-konseptuelle innhaldet i eit ord er svært rikt og vanskeleg å definere, går både Åfarli (2007), Brøseth (2007) og Lohndal (2014) også ut frå at konsept er utstyrte med semantiske roller. Her er det passande å gjenta følgjande sitat frå Åfarli (2007), som blei gitt i 1.2.1:

There is no doubt that a (main) verb is generally associated with a very rich semantic-conceptual meaning, including what is called **semantic roles** [mi utheving], lexical meaning, encyclopedic meaning and connotative meaning. The problem is to define in a natural way any particular part of this content as specifically grammatically relevant...
(Åfarli 2007:14)

Brøseth (2007) gir ein analyse av skilnaden mellom verba *stele* og *rane* i norsk, der nettopp dei semantiske rollene i konseptane er sentrale. Brøseth tar mellom anna for seg setningane *a) unge jenter ranet barn* og *b) unge jenter stjal barn* (Brøseth 2007:113), der *barn* kan ha to ulike tolkingar i den første, men ikkje i den andre setninga. Brøseth analyserer dette slik:

Stjele evokes a concept that focuses on the things that are stolen. This is why (131d) [min *b*)] never can be interpreted as "young girls stealing something from children". The concept evoked by *rane* seems to be compatible both with an entity denoting the stolen goods, cf. (131c), and with an entity denoting the malpractice of the stealing-activity, cf. (131a) [min *a*)]. (Brøseth 2007:113)

Av dette sitatet går det fram at Brøseth tenker seg at ulike konsept kan *fokusere* på ulike deltakarar i ei handling⁷³. Samstundes må ein gå ut frå at konseptet involverer fleire deltakarar enn akkurat det som blir fokusert, om vi tar som utgangspunkt formuleringar som dei til Brøseth (2007) og Åfarli (2007) om det rike meiningsinnhaldet leksikalske element er assosierte med. Ein må tru at meiningsinnhaldet til *stele* også inneber at det er nokon det blir stole frå⁷⁴. Eit spørsmål som må stillast her, er *kvifor* det direkte objektet til *stele* må tolkast

⁷³ Brøseth (2007) kritiserer også argumentasjonen i leksikalistiske teoriar for å vere sirkulær. Forklaringa på at eit leksikalsk element står i bestemte syntaktiske omgjevnader, er at dette er spesifisert i det leksikalske elementet. Men måten ein kjem fram til kva som er spesifisert i det leksikalske elementet på, er å sjå kva syntaktiske omgjevnader det står i. Dermed forklarar dei to komponentane, syntaktisk omgjevnad og syntaktisk informasjon i det leksikalske elementet, kvarandre, og argumentasjonen er sirkulær. Brøseth foreslår at ei betre løysing er å vise til det konseptuelle innhaldet i dei leksikalske elementa. Lohndal (2012) peikar på at «[a]rguably concepts are prior to linguistic predicates, since many animals appear to have concepts» (Lohndal 2012:101). Det eg trur ein likevel må vere var på her, er at forklaringsbyrda i røynda berre blir flytta eit steg lenger bak, frå det leksikalske til det konseptuelle nivået. Og sjølv om konseptane kan vere meir grunnleggjande, er det ikkje gitt at forklaringane blir mindre sirkulære.

⁷⁴ Gjer det ikkje det, er det uklart kvifor ein kan lage ei avleiing som «bestjele» som kan hente ut akkurat ei slik tolking der det er dei det blir stole frå som er «fokuserte», jf. *unge jenter bestjal barn*.

som det som blir stole, og ikkje som den del blir stole frå, i motsetning til det direkte objektet til *rane*?⁷⁵

Åfarli (2007) gir eit anna døme, i samanheng med ein litt annan tematikk enn den som blir utforska her, på at verb har semantisk-konseptuelle roller. Om det engelske verbet *buy*, skriv han at dette har fire eller fem konseptuelle roller, sjølv om det vanlegvis blir brukt i ein transitiv struktur (Åfarli 2007:8). Her er igjen spørsmålet kvifor akkurat den rolla som blir realisert som direkte objekt, blir realisert som direkte objekt – kvifor den syntaktiske ramma ikkje plukkar ut ei av dei andre rollene i dette konseptet. I tilfellet med *stele/rane* er spørsmålet endå meir påtrengande, ettersom det her blir klart at direkte objekts-posisjonen i seg sjølv er kompatibel med både ei malefaktiv-rolle og med rolla som blir fokusert saman med *stele*. Her er verbsemantikken i *stele* og *rane* så lik at det er vanskeleg å gi forklaringar som kviler på at ulik verbsemantikk hentar ut ulike protoroller i denne argumentposisjonen.

Også Lohndal (2014) slår fast at vi treng ein meir utbrodert teori for kva konseptuell meining *er* (Lohndal 2014:136), og konkluderer vidare med at hans eigen teori fordrar at konsept har valens/argumentstruktur⁷⁶.

Svaret desse nykonstruksjonistiske teoretikarane truleg ville gi på spørsmålet om kvifor akkurat den rolla som blir fokusert i ein gitt argumentposisjon, blir fokusert i denne argumentposisjonen, er at dette må handle om konvensjon.

Konsept og konvensjon

Konsept har altså semantiske roller, og det ligg til dels lagra i konseptet, kan hende gjennom konvensjon, kva roller argumenta til eit verb får. Eit spørsmål som på eit tidspunkt på stillast, er kva eit konsept er. Er eit konsept det same som meiningsinnhaldet i eit ord? Dersom der er slik at konsept har semantiske roller, har vi då også til dømes intransitive og transitive konsept?

Spørsmåla kan illustrerast med følgjande setningar:

(196) Ballen trilla

(197) Julius trilla ballen

⁷⁵ Her kan ein i tillegg merke seg at *stele* ikkje nødvendigvis fokuserer på det som blir stole. I ei setning som *Kari stal frå Ola* er det at noko blir stole, implisitt, men det er ikkje fokusert.

⁷⁶ Lohndal (2014:136) formulerer dette som at «concepts have adicities» og «the concept [...] has a thematic grid or specification».

Har vi her eitt og same *konsept* TRILLE? Eit typisk nykonstruksjonistisk svar ville i alle fall vere at vi har å gjere med eitt og same *verb*. Setningane i (196) og (197) er gode døme på at eit verb kan opptre med fleire ulike argumentstrukturar. Viss ein svarar at vi også har å gjere med eitt og same *konsept* i dei to setningane, blir det neste spørsmålet korleis ein skal tenke om parverb som *falle/felle*, eksemplifiserte i (198) og (199).

(198) Lauvet fall

(199) Julius felte treet

Har vi her framleis eitt konsept? Eller har vi to? Det typiske nykonstruksjonistiske svaret på kvifor ein ikkje kan seie *Julius fall treet*, ville vere at det semantisk-konseptuelle innhaldet i *felle* ikkje harmonerer med ei transitiv ramme, og ut ifrå eit slikt svar, må ein tru at *felle* og *falle* viser til ulike konsept. I døma eg har vist til her, kan spørsmålet forenklast til om vi har like mange konsept som vi har ord, eller om vi har like mange konsept som vi har rammer.

Eit anna spørsmål som kan stillast, er kva tilhøvet er mellom konsept og konvensjon. Det er mykje som kan tyde på at meiningsinnhaldet i eit ord blir bygd opp gjennom konvensjon. Eit illustrerande døme er skilnaden i meiningsinnhald mellom verba *fiske* og *åle*⁷⁷. Medan *fiske* vanlegvis inneber at ein forsøker å fange fisk, inneber *åle* gjerne at ein beveger seg på ein bestemt måte. At desse verba er så ulike, trass i at dei på bakgrunn av dei nominale utgangspunkta sine, *fisk* og *ål*, kunne vore så like, kan vanskeleg forklarast som anna enn konvensjon. Dersom det også er slik at kva roller argumenta til eit verb får, handlar om konvensjon, blir spørsmålet om ikkje konsept og konvensjon kan oppfattast som to sider av same sak? Meiningsinnhaldet/konseptet eit ord viser til, ser ut til å bli forma av strukturane, orda og kontekstane det blir nytta saman med, samstundes som meiningsinnhaldet/konseptet i stor grad ser ut til å avgjere kva strukturar, ord og kontekstar det kan brukast saman med. Det som er uklart i denne samanhengen, er om meiningsinnhaldet i eit ord er det same som eit konsept. Brøseths syn på konseptet som rikt på ulike typar meiningsinnhald, og Åfarlis syn på meiningsinnhaldet i ord som fyldige, ustrukturerte massar, passar ikkje nødvendigvis overeins med eit syn der *felle* og *falle* er ulike konsept. Desse sidene av teorien treng i alle fall å bli finformulerte.

Spørsmål som desse er relevante mellom anna fordi svara spelar inn på måten ein kan føre dei syntaktiske resonnementa på, slik eg var inn på i 4.1.1. Dei er også relevante for forståinga av det grammatiske systemet generelt. Slik eg var inne på i 1.2.1, er det igjen eit spørsmål i kva grad ein kan snakke om syntaktisk projeksjon over eit semantisk,

⁷⁷ Takk til Aleksander Hammer for dette dømet.

konvensjonsbasert tema, og korleis ei eventuell arbeidsdeling mellom konvensjon og syntaks ser ut. Dette er spørsmål som bør stillast, og som ein nykonstruksjonistisk teori truleg kan gi høve til å stille på ein meningsfull måte.

Semantikkens rolle i konstruksjonistisk teori

Den semantiske sida av forklaringane er, som nemnt, ikkje den som har vore vektlagd mest i nykonstruksjonistiske arbeid⁷⁸. Ein grunn til det kan vere at det semantisk-konseptuelle ikkje blir forstått som ein del av den formelle grammatikken *per se*. Her kan vi sitere Borer, som seier følgjande:

Contrary to common assumptions [...], there is, in fact, no direct interface between the conceptual system and the grammar, in that properties of concepts do not feed directly into any determination of grammatical properties. [...]. In a cognitive place which is neither the grammar nor the conceptual system – call it the ‘making sense component – these two outputs [frå den grammatisk komponenten og den konseptuelle komponenten] will be compared. Here the overall felicity of any linguistic behavior would emerge as a direct function of the extent to which these two outputs match each other⁷⁹. (Borer 2005a:11)

Hos Borer, på same måte som i andre nykonstruksjonistiske arbeid, går det altså eit klart skilje mellom den formelle syntaksen på ei side og orda med sitt semantisk-konseptuelle innhald på ei anna. Berre det første blir forstått som grammatikk. Spørsmåla om kva som gjer syntaktisk velforma setningar gode eller dårlege handlar så ikkje om grammatikk, men om kva som fungerer konseptuelt.

No kan ein hevde at ein grammatisk teori skal forklare grammatikalitet og ugrammatikalitet, ikkje kva som fungerer og ikkje av andre grunnar. I så fall er det utanfor den konstruksjonistiske teoriens forklaringsambisjon å gjere greie for *kva* det er ved det semantisk-konseptuelle innhaldet til eit ord som eventuelt fungerer eller ikkje fungerer i ein gitt kontekst. Det er også utanfor forklaringsambisjonen å gjere greie for skilnaden mellom uakseptabilitet i syntaktisk velforma setningar som ei følgje av brot på konvensjonar og uakseptabilitet som ei følgje av brot på prinsipp for kva som er semantisk-konseptuelt velforma. Samstundes må det innvendast at store delar av det som tidlegare har vorte rekna som del av grammatikken, no er definert utanfor grammatikken. Som eg også har vore inne på tidlegare, er ikkje setningar som t.d. dei i (200) under å rekne som ugrammatikalske i nykonstruksjonistisk teori.

⁷⁸ Her kan vi kanskje trekke fram Ramchand (2008) som eit unntak, som omtalar seg som ein konstruksjonistisk teori, men som samtidig lar teorien femne om semantisk komponentar i orda representerte ved syntaktiske trekk.

⁷⁹ Denne siste setninga forstår eg som Borer si formulering av det som svarar til harmonihypotesen hos Åfarli (2007).

- (200) a. *Ola gjekk Kari
b. *Plum arrived Scarlet (Lohndal 2012a:169)

At det «uakseptable» ved (200)a. og b. er tatt vekk frå grammatikken, gjer likevel ikkje at bedøminga av slike setningar blir mindre viktig for å forstå *kunnskapen vår om språk*, som er det generative grammatikarar gjerne har sett seg føre å gjere greie for. Det kan naturlegvis vere lurt å dele opp slikt eit veldig prosjekt. Men sjølv om det uakseptable ved setningane over no er blitt definert utanfor forklaringsområdet til sjølve den grammatiske teorien, viser setningane like fullt til sider ved språket som vi må ønske oss å ein gong kunne gjere greie for.

Så formulerer dei konstruksjonistiske teoretikarane, som Borer (2005) og Åfarli (2007), også forklaringar på kvifor setningar som dei over er dårlege norske setningar, nemleg ved å vise til mangel på konseptuell harmoni. Lohndal (2014) vier også god plass til denne tematikken, så utanfor interesse er desse spørsmåla jo likevel ikkje.

4.4 Oppsummering

I dette kapitlet har eg undersøkt tre hypotesar for korleis PO-setningar kan analyserast syntaktisk. Hypotesane utforma eg med utgangspunkt i Åfarli (2007) og hans hypotese om at alle norske setningar kan analyserast som éin av dei i alt fem rammene han foreslår for norsk. Dei to første hypotesane, hypotese A og hypotese B, avskreiv eg fordi dei syntaktiske og semantiske relasjonane dei dikterte mellom konstituentane i setninga, var for ulike dei syntaktiske og semantiske relasjonane vi finn i PO-setningar. I staden landa eg på hypotese C, som går ut på at PO-setningar er danna på same syntaktiske ramme som ditransitive resultative setningar. Denne ramma er den Åfarli (2007) referer til som den ditransitive resultative ramma. Etersom hypotese C var tilfredsstillande for analysen av PO-setningar, fall hypotese D – at vi har ei ukjent sjette ramme – ut.

Når eg har kome til at ein felles syntaktisk struktur for PO-setningar og ditransitive resultative setningar kan forsvarast, handlar det om at vi finn mange av dei same syntaktiske og semantiske føringane i desse to setningstypane. To av utfordringane for ein slik felles analyse var at ditransitive resultative setningar har eit synleg småsetningssubjekt som PO-setningar ikkje har, og at dei to setningstypane opptrer med ulike verb. I analysen eg har foreslått, har eg sett desse to utfordringane under eitt, og sagt at *grunnen* til at PO-setningar og ditransitive resultative setningar opptrer med ulike verb, er at småsetningssubjektet i den første er implisitt, medan det i det andre er eksplisitt. Berre verb som har meningsinnhald til å fylle plassen til småsetningssubjektet med konseptuelt innhald, kan danne PO-setningar.

Elementet som konseptuelt fungerer som småsetningssubjekt i setningane, er kontaktsubstansen eller instrumentet som kjem i kontakt med kroppsdelene.

Eit viktig punkt for analysen som har blitt foreslått, er at han ikkje enkelt kan overførast til andre språk. Som eg var inne på i kapittel 2.2, er PO-setningar i engelsk og norsk ofte like, men i engelsk vil ein til dømes ikkje seie *she spat him in the face* eller *she stepped him on the feet*. I fransk og tysk kjem i tillegg det at dei possessive objekta har ulike kasus med ulike verb. Analysen eg har foreslått kan ikkje gjere greie for dette.

Avslutningsvis i dette kapitlet har eg tatt opp nokre utfordringar knytte til synet på semantikk og det semantisk-konseptuelle, slik det er formulert i nykonstruksjonistisk teori. Utfordringa eg har peika på, handlar mellom anna om at svært mykje av forklaringsbyrda i teorien og i analysane blir lagt hos det semantisk-konseptuelle innhaldet i orda. Samstundes er ikkje den semantisk-konseptuelle sida av teorien alltid klart formulert. Det gjer at både analysane eg har foreslått, og teorien i seg sjølv ikkje er så eksplanatoriske som dei burde vere.

5 KONKLUSJON

Oppgåva eg sette meg føre for dette arbeidet, var å gi ein syntaktisk og semantisk analyse av norske setningar med såkalla *possessivt objekt*, som *eg slo ho i magen* og *eg trakka ho på foten*. Det har eg gjort, med ei nykonstruksjonistisk tilnærming til grammatikk som teoretisk rettesnor.

Konstruksjonar der vi har to separate syntaktiske argument som blir tolka inn i ein semantisk possessivrelasjon til kvarandre, er vanlege i verdas språk, og har blitt analyserte innanfor ulike retningar av generativ grammatikk heilt sidan seint på 60-talet. I PO-konstruksjonen i norsk viser desse to syntaktiske argumenta til ein person og ein kroppsdel som står i ein del-heile-relasjon til kvarandre. Det er mange måtar å nærme seg analysen av setningar som dei norske PO-setningane på. I denne oppgåva har eg gjort det med omgrepet *uavhendeleg eigedom* («inalienable possession») som innfallsport, slik det også har blitt gjort i fleire tidlegare analysar av liknande konstruksjonar. Etter eit nærmare blick på dette fenomenet har eg likevel funne det mest tenleg å bruke termen *uavhendeleg* og mottermen *avhendeleg* først og fremst som nyttige semantiske termar heller enn termar med ein særskild syntaks knytt til seg.

Ein nykonstruksjonistisk analyse av PO-setningar har, så langt eg kjenner til, ikkje blitt foreslått før. I min eigen analyse tok eg utgangspunkt i den nykonstruksjonistiske teorien til Åfarli (2007), og meir konkret i analysen han foreslår for ein setningstype som minner svært mykje om PO-setningane, nemleg ditransitive resultative setningar. Analysen eg til slutt har landa på, er at PO-setningane og dei ditransitive resultative setningane har lik syntaktisk struktur. Skilnaden mellom dei er at medan ditransitive resultative setningar har eit synleg småsetningssubjekt, har PO-setningane berre eit implisitt småsetningssubjekt. Elementet som fungerer som småsetningssubjekt i PO-setningane, denoterer substansen som implisitt kjem i kontakt med kroppsdelen, i den syntaktiske strukturen med form som *pro*. Ein fordel med å formulere så konkret kva slags element småsetningssubjektet er, er at det set oss i stand til å predikere ganske klart kva verb som kan danne PO-setningar og ikkje, utover dei verba eg allereie har undersøkt. Samstundes har eg vist at det er uklart heilt korleis ein skal nærme seg det semantiske-konseptuelle innhaldet i verbet i den nykonstruksjonistiske teorien.

Ei anna utfordring som framleis må løysast i analysen eg har foreslått, er nøyaktig korleis kroppsdelnomenet får tolkinga si. Eg har ymta om at det kan skje gjennom eit

samspel mellom faktorar som kontekst, verbsemantikk og føringane den syntaktiske strukturen legg, der føringane den syntaktiske strukturen til PO-setningar og ditransitive resultative setningar legg spesielt sterke føringar, samanlikna med andre syntaktiske rammer.

Avslutningsvis peika eg på nokre semantiske utfordringar for nykonstruksjonistisk teori og for analysane som eg har foreslått. Den nykonstruksjonistiske teorien er ein relativt ny teori, og eg har hevda at fram til ein utviklar ein meir eksplisitt semantisk-konseptuell teori for dette rammeverket, har ikkje teorien like stor eksplanatorisk kraft som han ideelt sett skulle ha hatt. Her er det med andre ord rom for framtidig forskning

LITTERATURLISTE

- Aa, L. I. (manuskrip). Er ordbøkene lingvistiske nok?
- Alexiadou, A. (2003). Some notes on the structure of alienable and inalienable possessors. I: Coene, M. & Hulst, Y. d. (red.) b. 2 *From NP to DP*, s. 167-188. Amsterdam: J. Benjamins Pub.
- Bally, C. (1926). L'expression des idées de sphère personnelle et de solidarité dans les langues indo-européennes. I: Fankhauser, F. & Jud, J. (red.) *Festschrift Louis Gauchat*, s. 68-78. Aarau, Sveits: H.R. Sauerländer.
- Barker, C. (2011). Possessives and relational nouns. I: Maienborn, C., von Heusinger, K. & Portner, P. (red.) *Semantics: an international handbook of natural language meaning*, s. 1109-1130. Berlin: de Gruyter.
- Bobaljik, J. D. & Jonas, D. (1996). Subject positions and the roles of TP. *Linguistic inquiry*: 195-236.
- Borer, H. (2003). Exo-skeletal vs. endo-skeletal explanations: syntactic projections and the lexicon. *The nature of explanation in linguistic theory*: 31-67.
- Borer, H. (2005a). *In name only*, b. 1. New York: Oxford University Press.
- Borer, H. (2005b). *The normal course of events*, b. 2. New York: Oxford University Press.
- Bouchard, D. (1995). *The semantics of syntax: A minimalist approach to grammar*. Chicago: University of Chicago Press.
- Bowers, J. (1993). The syntax of predication. *Linguistic inquiry*: 591-656.
- Bowers, J. (2001). Predication. I: Baltin, M. R. & Collins, C. (red.) *The handbook of contemporary syntactic theory*, s. 299-333.
- Bringsværd, T. Å. (1991). *Det eventyrlige*. Oslo: Cappelen.
- Brøseth, H. (1997). *Dobbelt objekt og tilgrensende konstruksjoner i moderne norsk*. Masteroppgåve. NTNU.
- Brøseth, H. (2007). *A neo-constructional approach to computer-oriented talk*. PhD-avhandling. NTNU.
- Campbell, L. (2000). What's wrong with grammaticalization? *Language sciences*, 23 (2): 113-161.
- Chappell, H. & McGregor, W. (red.). (1996a). *The grammar of inalienability: A typological perspective on body part terms and the part-whole relation*, b. 14. Berlin: de Gruyter.
- Chappell, H. & McGregor, W. (1996b). Prolegomena to a theory of inalienability. I: *The grammar of inalienability. A typological perspective on body part terms and the part-whole relation*, s. 3-30. Berlin: de Gruyter.
- Chomsky, N. (1965). *Aspects of the theory of syntax*. Cambridge, Mass.: MIT Press.
- Chomsky, N. (1981). *Lectures on government and binding*. Dordrecht: Foris.
- Chomsky, N. (1995). *The minimalist program*. Cambridge, Mass.: MIT Press.
- Conti, C. (2011). Possessive dative revisited: Another view of external possession in Spanish. *Studia Linguistica*, 65 (2): 170-197.
- Culicover, P. W. & Jackendoff, R. (2006). Turn over control to the semantics! *Syntax*, 9 (2): 131-152.
- Dahl, O. & Koptjevskaja-Tamm, M. (2001). Kinship in grammar. I: Baron, I., Herslund, M. & Sørensen, F. (red.) *Typological studies in language*, b. 47 *Dimensions of Possession*, s. 201-226. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.
- Deal, A. R. (blir publisert). External Possession and Possessor Raising. I: Everaert, M. & Riemsdijk, H. v. (red.) *The Companion to Syntax*. 2 utg. Malden Mass.: Wiley-Blackwell.
- Dowty, D. (1991). Thematic proto-roles and argument selection. *Language*: 547-619.

- Faarlund, J. T., Lie, S. & Vannebo, K. I. (1997). *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fodor, J. A. (1998). *Concepts: Where cognitive science went wrong*. Oxford: Clarendon Press.
- Fodor, J. A. & Lepore, E. (2002). *The compositionality papers*. Oxford: Clarendon Press.
- Fox, B. (1981). Body part syntax: towards a universal characterization. *Studies in Language*, 5 (3): 323-342.
- Friedlander, M. (1992). *Lehrbuch des Malinke*. Leipzig: LangenscheidtVerlag Enzyklopadie.
- Gruber, J. S. (1965). *Studies in lexical relations*. PhD-avhandling. MIT.
- Guéron, J. (1983). L'emploi «possessif» de l'article défini en français. *Langue française*: 23-35.
- Guéron, J. (1985). Inalienable possession, PRO-inclusion and lexical chains. *Grammatical representation*: 43-86.
- Guéron, J. (2003). Inalienable possession and the interpretation of determiners. I: Coene, M. & Hulst, Y. d. (red.) b. 2 *From NP to DP*, s. 189-220. Amsterdam: J. Benjamins Pub.
- Guéron, J. (2006). Inalienable possession. I: Everaert, M., Riemsdijk, H. v., Goedemans, R. & Hollebrandse, B. (red.) *The Blackwell Companion to Syntax*, s. 589-638. Malden, Mass.: Blackwell.
- Halmøy, M. (2010). *The Norwegian nominal system: a neo-saussurean perspective*. PhD-avhandling. UiT.
- Harley, H. & Noyer, R. (1999). Distributed morphology. *Glott international*, 4 (4): 3-9.
- Heine, B. (1997a). *Cognitive foundations of grammar*. New York: Oxford University Press.
- Heine, B. (1997b). *Possession: Cognitive sources, forces, and grammaticalization*, b. 83: Cambridge University Press Cambridge.
- Heine, B. (2001). Ways of explaining possession. I: Baron, I., Herslund, M. & Sørensen, F. (red.) *Typological studies in language*, b. 47 *Dimensions of Possession*, s. 311-328. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins.
- Householder, F. W. (1973). On arguments from asterisks. *Foundations of Language*: 365-376.
- Jackendoff, R. (1983). *Semantics and cognition*, b. 8. Cambridge Mass.: MIT press.
- Jackendoff, R. (2011). Conceptual Semantics. I: Maienborn, C., von Stechow, K. & Portner, P. (red.) b. 1 *Semantics : An International Handbook of Natural Language Meaning*, s. 688-708. Berlin: de Gruyter.
- Johnson, M. A. & Goldberg, A. E. (2013). Evidence for automatic accessing of constructional meaning: Jabberwocky sentences prime associated verbs. *Language and Cognitive Processes*, 28 (10): 1439-1452.
- Julien, M. (2005). *Nominal phrases from a Scandinavian perspective*. Amsterdam: J. Benjamins Pub.
- Kayne, R. S. (1975). *French syntax: The transformational cycle*, b. 30. Cambridge, Mass.: MIT press
- König, E. & Haspelmath, M. (1998). Les constructions à possesseur externe dans les langues de l'Europe. I: Feuillet, J. (red.) *Actance et Valence dans les Langues de l'Europe*, s. 525-606. Berlin: de Gruyter.
- König, J. P. (1999). French body-parts and the semantics of binding. *Natural Language and Linguistic Theory*, 17 (2): 219-265.
- Lee-Schoenfeld, V. (2006). German possessor datives: raised and affected. *The Journal of Comparative Germanic Linguistics*, 9 (2): 101-142.
- Lee-Schoenfeld, V. (2012). Case and affectedness in German inalienable possession constructions. *Linguistische Berichte*, 2012 (232): 399-416.
- Levin, B. (1993). *English verb classes and alternations: A preliminary investigation*. Chicago: University of Chicago press.

- Levin, B. & Rappaport Hovav, M. (2005). *Argument realization*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Levin, B. & Rappaport Hovav, M. (2011). Lexical Conceptual Structure. I: Maienborn, C., von Stechow, K. & Portner, P. (red.) b. 1 *Semantics : An International Handbook of Natural Language Meaning*, s. 420-440. Berlin: de Gruyter.
- Lévy-Bruhl, L. (1914). L'expression de la possession dans les langues mélanésiennes. *Mémoires de la Société de linguistique de Paris*, 19 (2): 96-104.
- Lohndal, T. (2012a). Toward the End of Argument Structure. I: Cuervo, M. C. & Roberge, Y. (red.) *The End of Argument Structure?*, s. 155-184. Bingley: Emerald.
- Lohndal, T. (2012b). *Without specifiers: Phrase structure and events*. PhD-avhandling. University of Maryland.
- Lohndal, T. (2014). *Phrase structure and argument structure: a case study of the syntax-semantics interface*. Oxford: Oxford University Press.
- Lundquist, B. & Ramchand, G. (2012). Contact, animacy, and affectedness in Germanic. *Comparative germanic syntax: The state of the art*, 191: 223.
- Lødrup, H. (1999). Inalienables in Norwegian and binding theory. *Linguistics*, 37 (3): 365-388.
- Lødrup, H. (2009a). External and internal possessors with body part nouns: The case of Norwegian. *SKY Journal of Linguistics*, 22 (221): 250.
- Lødrup, H. (2009b). Looking possessor raising in the mouth: Norwegian possessor raising with unergatives. I: *Proceedings of the LFG09 Conference*, s. 420-440.
- Lødrup, H. (2010). Implicit possessives and reflexive binding in Norwegian. *Transactions of the Philological Society*, 108 (2): 89-109.
- Lødrup, H. (2012). Split possession and the syntax of kinship nouns in Norwegian. *The Journal of Comparative Germanic Linguistics*: 1-23.
- Maienborn, C., von Stechow, K. & Portner, P. (2011). Meaning in linguistics. I: Maienborn, C., von Stechow, K. & Portner, P. (red.) b. 1 *Semantics: an international handbook of natural language meaning*, s. 1-10. Berlin: de Gruyter.
- Manzini, M. R. (1983). On control and control theory. *Linguistic inquiry*: 421-446.
- Newmeyer, F. J. (2000). Deconstructing grammaticalization. *Language sciences*, 23 (2): 187-229.
- Nichols, J. (1992). *Linguistic diversity in space and time*. Chicago: University of Chicago Press.
- Nygård, M. (2013). *Discourse ellipsis in spontaneously spoken Norwegian: Clausal architecture and licensing conditions*. PhD-avhandling. NTNU.
- Payne, D. L. & Barshi, I. (1999). External possession: What, Where, How, and Why. I: Payne, D. L. & Barshi, I. (red.) *External possession*, s. 3-29. Amsterdam: John Benjamins.
- Pérez-Leroux, A. T., Schmitt, C. & Munn, A. (2002). Syntactic features and discourse factors in children's interpretation of definite determiners in inalienable possessions. I: *Actes de l'ACL 2002/2002 Canadian Linguistics Association Proceedings*, s. 245-255.
- Petersen, W. & Osswald, T. (2014). Concept Composition in Frames: Focusing on Genitive Constructions. I: *Frames and Concept Types*, s. 243-266: Springer.
- Ramchand, G. C. (2008). *Verb meaning and the lexicon: A first phase syntax*, b. 116: Cambridge University Press.
- Saeed, J. I. (1997). *Semantics*. Oxford: Blackwell.
- Schütze, C. T. (1996). *The empirical base of linguistics: Grammaticality judgments and linguistic methodology*. Chicago: University of Chicago Press.
- Skard, V. (1973). *Norsk språkhistorie, til 1523*, b. 1. Oslo: Universitetsforlaget.

- Skjærvik, T. (2005). *Hva er parverb i norsk? Et generativt analyseverktøy*. Masteroppgåve. NTNU.
- Spanoghe, A.-M. (2001). (In) alienability and (in) determination in Portuguese. I: Baron, I., Herslund, M. & Sørensen, F. (red.) b. 47 *Dimensions of Possessions*, s. 227-242. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins.
- Stassen, L. M. H. (2009). *Predicative possession*. Oxford: Oxford University Press.
- Tellier, C. & Valois, D. (2006). *Constructions méconnues du français*. Montréal: PU Montréal.
- Thráinsson, H. (2007). *The syntax of Icelandic*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Trask, R. L. (1993). *A dictionary of grammatical terms in linguistics*. London: Routledge.
- Tuggy, D. (1980). Ethical Dative and Possessor Omission Si, Possessor Ascension No! *Workpapers of the Summer Institute of Linguistics, University of North Dakota Session*, 24: 97-141.
- Vangsnes, Ø. A. (1999). *The identification of functional architecture*. PhD-avhandling. University of Bergen.
- Voeltz, E. F. (1976). Inalienable possession in Sotho. *Studies in African Linguistics. Supplement 6*: 255-266.
- Wilkins, D. P. (1989). *Mparntwe Arrernte (Aranda): Studies in the structure and semantics of grammar*. PhD-avhandling. Australian National University, Canberra.
- Woldsnes, A.-K. (2013). *La possession inaliénable. Une analyse contrastive*. Masteroppgåve. UiO.
- Åfarli, T. A. (2000). *Grammatikk - kultur eller natur? Elementær innføring i det generative grammatikkstudiets vitenskapsteori*. Oslo: Samlaget.
- Åfarli, T. (2005). Bestemmer verbets semantikk verbets argumentstruktur. I: Lie, S., Nedreid, G. & Omdal, H. (red.) b. 47 *MONS 10: utvalde artiklar frå det tiande Møte om norsk språk i Kristiansand 2003* s. 317-329. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Åfarli, T. A. (2007). Do verbs have argument structure? I: Reuland, E., Bhattacharya, T. & Spathas, G. (red.) *Argument structure*, s. 1-16. Amsterdam: John Benjamins Pub.
- Åfarli, T. A. & Eide, K. M. (2003). *Norsk generativ syntaks*. Oslo: Novus.
- Åfarli, T. A. & Nordgård, T. (1998). Syntactic Change in Generative Grammar. *Papers from the 16th Scandinavian Conference of Linguistics*.

SAMANDRAG

I denne masteroppgåva blir det gitt ein syntaktisk og semantisk analyse av norske setningar med possessivt objekt, slik som «ho trakka han på foten». Analysen som blir foreslått, går ut på at slike setningar deler syntaktisk struktur med setningar som «ho gav han ein dytt i ryggen». Den siste av desse setningane har tidlegare blitt analysert i Åfarli (2007). Hovuddelen av oppgåva går såleis ut på å vise at denne tidlegare analysen også kan brukast på setningar som «ho trakka han på foten».

I analysen blir det nytta ei nykonstruksjonistisk tilnærming til grammatikk. Denne tilnærminga har som utgangspunkt at den syntaktiske strukturen er uavhengig av dei leksikalske elementa i språket. Syntaktisk struktur blir med andre ord ikkje projisert frå verbet, slik det har vore vanleg å gå ut frå i andre generative grammatikkteoriar. Den nykonstruksjonistisk teorien vektlegg vidare den syntaktiske konstruksjonen som berar av meining. Gjennom heile denne masteroppgåva er spørsmålet om kva meiningsinnhald som er forbunde med nettopp den syntaktiske konstruksjonen som blir undersøkt, sentralt.

Setningar med possessivt objekt inneheld eit kroppsdelnomen som referer til ein kroppsdel som blir tolka som «eigd» av referenten til det possessive objektet. Desse setningane blir derfor også sette i samanheng med det større fenomenet *uavhendeleg eigedom* («inalienable possession»).